



Uio • Universitetet i Oslo

Kor held -a seg lengst, og er han genusmarkør?

- *Ei undersøking av suffiksbruken på
bunden form eintal i oslomålet*

Kristin Nordbø Haug

Masteroppgåve i NOR4190, nordisk språk

60 studiepoeng

Institutt for lingvistiske og nordiske studier,
HF, Universitetet i Oslo

15.11.2019

Samandrag

Denne oppgåva handlar om bruken av suffiksa *-a* og *-en* i bunden form eintal på substantiv i oslomålet. Med utgangspunkt i korpuset NoTa-Oslodelen, har eg sortert suffiksbruken etter grammatiske kategoriar og frekvens. I tillegg viser eg nokre generelle funn når det gjeld sosiale faktorar. Ein definerer vanlegvis genus utifrå kongruens, og i oslomålet er kongruensbøyinga til femininum borte. Men suffikset *-a* er ganske utbreidd. Denne oppgåva leitar etter mønster i kor *-a* held seg best. Basert på det me veit frå andre språk om tilordningsreglar for genus, drøftar eg også om *-a* bør kallast ein markør for genus eller bøyingsklasse.

Oslomålet er spesielt interessant å undersøka fordi det finst to sosiolektar og bruken av *-a* versus *-en* har vore knytt til sosial klasse og identitet. Men det ser likevel ut som om nokre ord oftare får *-a* enn andre. Eg har gjort ei kvantitativ analyse basert på funn i NoTa- Oslodelen. Det er eit representativt talespråkkorpuset med data samla inn i tidsrommet 2004 – 2006. Førekomstane av dei to ulike suffiksa er sortert på sosiale faktorar, frekvens og grammatiske kategoriar.

Konklusjonane mine er at valet av suffiks ikkje ser ut til å vera berre sosialt eller geografisk motivert. Resultata frå undersøkinga mi viser at det også er vanskeleg å sjå mønster i suffiksbruken basert på semantikk. Når det gjeld formelle faktorar, så er det tydeleg at trykklett *-e* i ubunden form ser ut til å predikera *-a*, uavhengig av semantiske faktorar og kor informanten bur. Kjernesemantikken ser ikkje ut til å predikera suffiksbruken, og når formelle eigenskapar ved ordet har sterkare overvekt av suffikset *-a* enn frekvens og semantikk, så viser denne oppgåva at me her snakkar om to ulike bøyingsklassar.

Føreord

Denne oppgåva har vore eit hobbyprosjekt i mange år. Det har vore nokre permisjonar undervegs og det er av fleire grunnar veldig godt å kunna levera no. Det har vore eit privilegium å få fordjupa seg i eit så interessant emne, og arbeidet med masteroppgåva har vore lærerikt og veldig moro. Det er godt å bli ferdig, men også trist å slutta no når eg føler at eg endeleg har kome i gang. Det er framleis mange problemstillingar og spørsmål eg gjerne skulle ha undersøkt.

Eg vil takka studiekonsulentane på ILN for å ha vist fleksibilitet og lagt ting til rette for at eg kunne studera til tross for sjukdom. Takk også til Tekstlaboratoriet ved UiO for nyttig hjelp.

Tusen takk til Osloforskning som trudde på prosjektet og gav meg stipend.

Den største takken går til rettleiaren min, Hans-Olav Enger. Det har vore ein lang prosess og du har støtta meg i arbeidet heile vegen. Takk for alle dei interessante faglege samtalane undervegs, takk for at du insisterte på at dette kom til å bli bra, og takk for alle konstruktive og gode tilbakemeldingar!

Oslo, 10.11.19

Innhald

1 Innleiing	1
2 Teori	3
2.1 Genus.....	4
2.2 Premissar som ligg til grunn for oppgåva.....	6
3 Tidlegare forskning	9
3.1 Genus og animatheit.....	9
3.2 Genus eller bøyingsklasse	11
3.3 Produktivitet	13
3.4 Regelstyrt genus i bokmålnære talemål?	14
3.5 Oslomål	15
4 Forskingsspørsmål og hypotesar	20
4.1 Forskingsspørsmål.....	21
4.2 Hypotesar.....	21
5 Metode.....	24
5.1 Kvifor kvantitativ metode	24
5.2 Talespråk og skriftspråk	24
5.3 Korpus	25
5.4 Synkron og diakron innfallsvinkel	27
5.5 Metodar som eg har valt å unngå	29
5.6 Analyse av variasjon	30
5.7 Signifikans.....	31
5.8 Reliabilitet	32
5.9 Validitet.....	33
5.10 Framgangsmåtar	34
6 Funn.....	36
6.1 Hovudfunna i oppgåva	37
6.1.2 Ord med berre eit av suffiksa	39
6.2 Sosiolingvistiske faktorar	41
6.2.1 Geografisk tilhøyrse	41
6.2.2 Utdanningsnivå.....	43
6.2.3 Kjønn	44
6.2.4 Alder.....	45
6.2.5 Sosiolingvistiske faktorar – ei oppsummering	46

6.3 Grammatiske kategoriar	46
6.3.1 Semantisk mønster?.....	47
6.3.1.1 Animatheit	47
6.3.1.2 Ord for kvinner.....	48
6.3.1.3 Konkrete versus abstrakte ord	55
6. 3. 2 Formelle faktorar	59
6.3.2.1 Ord som endar på lang vokal.....	59
6.3.2.2 Om ordet <i>tid</i>	59
6.3.2.3 Ord som endar på trykklett <i>-e</i>	61
6.3.2.4 Ord som endar på <i>-ing</i> og <i>-ning</i>	65
6.4 Frekvens	72
6.4.1 Høgfrekvente ord.....	73
6.4.2 Lågfrekvente ord	77
6.5 Samanlikning mellom NoTa og TAUS	79
6.6 Samanlikning mellom «rest» og vest, ei oppsummering.....	84
7 Genus eller bøyingsklasse	84
8 Konklusjon	87

1 Innleiing

Utgangspunktet mitt for denne masteroppgåva er at eg undrar meg over folk frå Oslo si veksling mellom endingane *-a* og *-en* i bunden form på substantiv som tradisjonelt har vore femininum. Det er ikkje slik at folk enten har *-a* eller *-en*, men at veldig mange brukar begge suffiksa. Denne oppgåva prøver å finna ut om bruken må kallast tilfeldig, eller om det finst nokre faktorar som predikerer valet av suffiks. Fokuset mitt har vore å leita etter tendensar og sjå på kva suffiks som har overvekt.

Det er mange grunnar til at akkurat oslomålet er spesielt interessant å undersøka nærmare. I motsetnad til mange av dei andre dialektane våre, er oslomålet historisk sett prega av to ulike sosiolektar: Oslo vest og Oslo aust. Historisk sett er målet i Oslo vest sterkt påverka av dansk, og i Oslo aust likna målet på områda rundt Oslo. I dag er Oslo ein by kor folk flyttar mykje på seg innom bygrensene, og i tillegg er det den norske byen med mest tilflytting, både frå resten av landet, og frå andre land. Oslo er difor ein by som er «utsett» for mykje språkleg påverknad mellom dei to variantane av oslomål og frå andre språk og dialektar. Ein av faktorane ein gjerne trekkjer fram når det gjeld vest og aust, er jo nettopp *-a* versus *-en* i bunden form eintal på substantiv, verb i preteritum og fleirtal av maskulinum. Eg synst det ville vera interessant å sjå om det også er andre faktorar, som t.d. grammatikk eller frekvens, som påverkar bruken av suffiks. Forsking har vist at femininum tapar seg også i Tromsø og Trondheim, så det som skjer i Oslomålet er kanskje berre ein del av ei stor språkending i landet. Men dersom det er tilfelle, er det sannsynleg at endringane vil skje fyrst i Oslomålet.

Me veit at det framleis er eit skilje mellom det såkalla vestkantmålet og austkantmålet i Oslo. Målet med denne oppgåva er som sagt å undersøka om det finst noko mønster i grammatikken eller i frekvensen for distribusjonen av *-a* og *-en* på substantiv som vert rekna som femininum i mange andre norske dialektar og i Bokmålsordboka. Den vanlegaste måten å definere genus på, er å sjå på korleis substantivet sitt genus predikerer ulike bøyingar på t.d. adjektivet og determinativen som står til ordet. Dette kallar ein kongruens. Samtidig er det slik at i mange språk med genus vert genuset definert av betydninga til ordet. Det er ofte slik

at ord for menn er maskulinum og ord for kvinner er femininum t.d. Dette er fordi ord for menneske tronar høgast i eit animatheitshierarki (sjå kap. 3.1). Dersom det er slik at ord for kvinner predikerer *-a*, kunne det vera eit argument for at *-a* er ein genusmarkør. Dersom det ikkje er eit klart mønster i suffiksbruken for ord som høyrer til den semantiske kjernen, så det er argument for at *-a* er ein markør for bøyingsklasse. Dette kjem eg tilbake til i både kap. 2 og 3.

Det er allereie gjort mykje interessant forskning på genus i oslomålet, og Lødrup (2011), har slått fast at denne dialekta no har eit genussystem som er blitt, eller er på god veg til å bli, eit system med berre to genus, felleskjønn og inkjekjønn. Ein høyrer sjeldan determinativen «ei» bli brukt i Oslo, og adjektivet si kongruensbøyning med substantiv i femininum og maskulinum har smelta saman til ei form (bortsett frå i nokre få ord), men *a*-endinga i bunden form eintal på femininum finst framleis i relativt stort monn. *A*-ending er ein sterkare markør i Oslo aust og i tradisjonelt austkantmål, men ein finn han også på vestkanten i Oslo. Ein kan altså ikkje seia at det her *berre* er snakk om eit skilje mellom aust og vest i Oslo.

Det ser ut som at nokre ord i Oslomålet oftare får *-a* enn andre. Oppgåva tek utgangspunkt i talespråkkorpuset NoTa. Det er ei samling av transkriberte samtalar av informantar med oslomål som dialekt. Opptaka er gjort i tidsrommet 2004 – 2006. Gjennom ei systematisk undersøking av distribusjonen av *-a* i høve til semantikk, morfologi, fonologi og frekvens vil denne masteroppgåva visa at me her bør snakka om bøyingsklasse. Eg skal også samanlikna funna i NoTa med funn frå TAUS, eit litt eldre talespråkkorpus. I tillegg kan oppgåva vonleg vera med på å kasta lys over kva som skjer under ei endring frå tre til to genus.

Utgangspunktet for masteroppgåva er desse forskingsspørsmåla:

1. *Finst det eit semantisk mønster for kor -a held seg lengst?*
2. *Finst det eit formelt mønster for kor -a held seg lengst?*
3. *Spelar frekvens ei rolle for bruken av -a versus -en?*
4. *Er resultata dei same i TAUS og NoTa? Er -a produktiv?*

5. *Kan ein finna same mønster i både Oslo vest og i Oslo «rest»? («Oslo rest» er ein term NoTa nyttar for alt som ikkje er Oslo vest. Det inkluderer også delar av Akershus.)*
6. *Er -a eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse?*

I kapittel 2 gjer eg greie for Corbett sitt rammeverk for studiet av genus og nokre av dei empiriske funna hans. Eg skal også gjera greie for nokre teoretiske premissar som ligg til grunn for oppgåva. Kapittel 3 presenterer tidlegare forskning. I kapittel 4 kjem det ei utdjuing av forskingsspørsmåla og presentasjon av hypotesar. Kapittel 5 handlar om metode, i kap. 6 presenterer eg funna, i kap. 7 drøftar eg om suffikset er uttrykk for genus eller bøyingsklasse og i kap. 8 kjem det ei oppsummering og ein konklusjon.

2 Teori

Oppgåva baserer seg ikkje på éin særskild lingvistisk teori. Dersom ein forstår omgrepet «teori» som eit veldig spesifikt rammeverk for å beskriva språk og språklege fenomen, så ligg det ingen slik teori til grunn for denne oppgåva. Tvert imot er det kanskje viktig å undersøkje tendensar og variasjonar i språket utan eit slik reduserande rammeverk. «Frameworks represent aprioristic assumptions that are likely to lead to a distorted description of language» (Haspelmath, 2009, s. 343). Men dersom ein forstår «teori» som eit slags abstraksjonsnivå for å diskutera språklege fenomen, så kan ein seia at denne oppgåva absolutt er teoretisk, fordi det ligg nokre teoretiske premissar til grunn for forståinga av genus, for metodevalet, og i valet av forskingsspørsmåla. Oppgåva er ikkje reint deskriptiv, men forsøker å analysera språklege fenomen utifrå teoriar om språkending, genus, semantikk m.m. Det å ikkje vera avhengig av eitt tydeleg rammeverk opnar opp for å sjå på tendensar frå fleire ulike perspektiv. I tillegg er det slik at forskning på genus i norsk opnar opp for interessante diskusjonar når det gjeld forholdet mellom syntaks, semantikk og morfologi generelt, og korleis ein skal forstå genus og genusbortfall på norsk. Eg skal her presentera dei teoretiske premissane som ligg til grunn for undersøkinga, og visa kva for forståingar av lingvistikk som påverkar analysen. I tillegg er det naturlegvis slik at språksynet mitt vil ligga under som ein slags premiss.

2.1 Genus

Det viktigaste grunnlaget som denne oppgåva bygger på, er Greville Corbett si bok *Gender* (Corbett, 1991). Corbett kallar genus ein *grammatisk kategori* og han byggjer på Hockett sin definisjon frå 1958: «Genders are classes of nouns reflected in the behavior of associated words» (Corbett, 1991, s. 1). Dette betyr at genuset til eit ord viser seg i samsvarsbøyinga til andre ord, for eksempel adjektiv. I døma *ein gul bil*, *eit gult hus* ser me at adjektivet får *-t* som suffiks når det står framfor eit substantiv i nøytrum. Eit anna døme er at me nyttar ulike pronomer til hokjønn og hankjønn på nynorsk; Me skriv *bilen – han* og *flaska – ho*. I bokmål kan ein skriva både *bilen – den* og *flaska – den*.

Boka *Gender* er både ei skildring av genussystem i mange ulike språk og ei teoribok om korleis ein definerer genus og t.d. talet på genus i eit språk. Corbett skriv at i ulike språk har genus to sider, tilordning (gender assignment) og kongruens (gender agreement). Det er gjennom tilordning at me ser kva genus eit ord har eller får, og gjennom kongruens at me ser kor mange genus eit språk har. Så dersom norsk har tre genus, burde me sjå tre ulike bøyingar på adjektiv og determinativ, alt etter kva genus substantivet det står til, har. Dette er det lett å finna døme på i nynorsk, her er det genuset til substantivet som bestemmer om det skal vera *ein*, *ei* eller *eit* framfor ubunden form. Me har også døme på at pronomer står til substantivet sitt genus når me skriv *boka ho*, *bladet det*, *romanen han*, og nokre få adjektiv kan også visa samsvar med tre ulike genus: *liten*, *lita*, *lite* t.d. (Men i dag har dei fleste adjektiva lik bøying om dei står til femininum eller maskulinum.) Det er altså lett å finna kongruens til tre genus på nynorsk og i mange norske dialektar, mens mange bokmålsnære talemål berre har to genus. I bokmålsnære talemål har t.d. adjektiv som står til både maskulinum og femininum, oftast same bøying (*liten* mann, *liten* dame), det er få som framleis seier *ei lita jente*, ein brukar sjeldan determinativet *ei*, og pronomena *ho* og *han* refererer berre til biologisk kjønn og ikkje til alle substantiv sitt genus (*jenta hun*, men *boka den*). Corbett reknar også pronomer som genus. Dette betyr at me kunne ha snakka om fire genus i bokmål, dersom me berre såg på pronomena *han*, *hun*, *det* og *den*. Av og til er det jo slik at kategoriane blir større enn talet på genus. Corbett kallar dette «the maximalist problem». Han skriv: «A problem with the agreement class approach is that the number of

classes may be considerably larger than the traditional (and often intuitively satisfying) number of genders generally accepted for a given language» (Corbett, 1991, s. 161).

Tilordning, eller «assignment», er ei form for kategorisering. Corbett meiner at tilordninga ofte ikkje er tilfeldig, men at ho er regelstyrt. Her viser han at mange språk kategoriserer genus utifrå semantiske og formelle kriterium. Dei semantiske kriteria handlar om kva som gjev meining og høyrer saman innhaldsmessig, medan dei formelle er enten morfologiske eller fonologiske. Eit døme på kategorisering basert på semantikk er at i mange språk er det t.d. slik at ord for folk og dyr av biologisk hokjønn (*dame, jente, mor, purke*) er femininum, og at ord for biologisk hankjønn (*mann, gut, far, bukk*) er maskulinum. Dersom orda vert kategorisert etter fonologi, så kan det vera slik at ord som endar på vokal, er femininum. Dette skriv også Trosterud at gjeld for norsk (Trosterud, 2001). Er det snakk om morfologiske kriterium, så kan det vera slik at ord frå same bøyingsklasse er hankjønn. Corbett skriv at dei semantiske tilordningsreglane står over dei morfologiske: «Note that these rules are ordered: semantic rules take precedence over morphological rules» (Corbett, 1991, s. 41). Det betyr at dersom eit ord kan tilordnast genus etter semantikk, vil det få genus etter det, uavhengig av om det passar med dei morfologiske og fonologiske tilordningsreglane. Dette gjeld spesielt for ord høgt oppe i animatheitshierarkiet (sjå kap. 3.1). Corbett legg til grunn at det finst ein «kjernesemantikk», altså at ord for kjønn er viktigare for å predikera genus enn t.d. ord for massar. I dei fleste indoeuropeiske språka er det samsvar mellom biologisk kjønn og grammatisk kjønn. Det finst nokre unntak, men dette er hovudregelen. I tillegg finst det både morfologiske og fonologiske tilordningsreglar, men Corbett meiner altså at dei semantiske reglane er sterkast. På norsk er det ofte slik at ord som sluttar på vokal, er femininum. Men på grunn av kjernesemantikken vil eit ord som refererer til ein mannleg person eller eit dyr av biologisk hankjønn, bli maskulinum, uavhengig av sluttvokal. (Det er faktisk ikkje så lett å finna døme på ord for mannlege personar eller hankjønnsdyr som endar på vokal, men me har *konge, gubbe, nevø, greve*.) Corbett nyttar over 200 språk som empirisk grunnlag for påstandane sine. Han har funn som viser at i mange språk er det ikkje berre biologisk kjønn som er det semantiske grunnlaget for inndeling av genus, men at animat/inanimat, menneskeleg/ikkje-menneskeleg og konkret/abstrakt også er vanlege semantiske motiveringar for genustilordning. (Forholdet mellom semantiske kategoriar er forklart vidare i referatet frå Dahl, i kap. 3.1: Genus og animatheit).

Corbett skriv også at det ikkje er uvanleg at eit språk misser eit genus, dette har skjedd i mange indo-europeiske språk. Corbett meiner at «When a gender is lost, this may well make the assignment system for the remaining genders less clear in terms of semantics» (Corbett 1991: 317). Dette betyr at dersom oslomålet no er i ferd med å gå over frå tre til to genus, vil det ifylgje Corbett vera meir variasjon i genustilordninga. Eg kan altså forventa mykje variasjon i semantikken i datamaterialet mitt.

2.2 Premissar som ligg til grunn for oppgåva

I tillegg til Corbett sitt rammeverk for genus byggjer denne oppgåva altså på nokre teoretiske premiss. Eg skal her forklara desse kort.

a) Språket er sosialt

Språket oppstår, lever og utviklar seg i samhandling mellom språkbrukarar. Det betyr at ein ikkje kan forklara språkending ut frå lingvistiske strukturar åleine, men at ein må ta omsyn til språksamfunnet. Labov seier det slik: «... it is not likely that the explanation of language change can be drawn from linguistic structure alone, since the fact of language change itself is not consistent with our fundamental conception of what language is» (Labov, 2001, s. 5). Labov er også oppteken av at språkendingar ofte skuldast både interne og eksterne faktorarar. Dei interne faktorane forstår eg som t.d. analogi, forenkling osv., medan dei eksterne har med sosiale faktorar å gjere, som t.d. sosial mobilitet, utdanning, kjønn m.m.

Språket er altså eit sosialt fenomen som lever og utviklar seg i eit språksamfunn. Språklege ytringar er kommunikasjon, og normene for grammatikken vert skapt i dette sosiale rommet. Helge Dyvik kallar språklege uttrykk for «institusjonelle størrelser, konstituert av normer» (Dyvik, 1992). Det er altså fellesskapet som skapar dei språklege normene, og ikkje t.d. enkeltindividet.

Dette står i motsetnad til ei sentral retning innan språkvitskapen, nemleg chomskyansk generativ grammatikk. Det er ei retning innan språkvitskapen som er basert på ideane til Noam Chomsky og tilhengjarane hans. Deira syn på språk og språkvitskapen sitt objekt er enkelt sagt at det språket som er interessant å forska på, er det språket som finst inni hovudet

til kvar enkelt språkbrukar. Eg er meir tilhengar av språksynet til Dyvik og Labov og legg til grunn at språket er avhengig av sosial omgang med andre språkbrukarar og er tufta på ideen om at den munnlege språket er det mest intuitive språket vårt.

b) Morfologi har ein eigenverdi og er ein relevant komponent i språket

Fleire lingvistiske teoriar tek utgangspunkt i at all grammatikk kan kategoriserast i to, nemleg syntaks og fonologi. Men morfologien er også ein viktig eigen komponent i grammatikken og oppfører seg ulikt både syntaktiske og fonologiske reglar (Aronoff, 1994).

Som tidlegare nemnt, er utgangspunktet for kva som er eit genus, henta frå Hockett (og Corbett) sin definisjon om at genus viser seg i kongruens, altså i samsvarsbøyinga hjå t.d. adjektiva og determinativane som står til substantivet (sjå kap. 3.1). I utviklinga av bunden form i norsk så har det som me no ser på som eit suffiks, nemleg *-en/ein*, *-a* og *-et/eit* tidlegare vore egne ord som så har smelta saman med substantivet. Det er ikkje alltid så lett å seia kor grensene for morfologien går, og nokre gonger liknar morfologien på fonologien, andre gonger på syntaksen. Dette er ein stor og veldig interessant debatt, men det er ikkje plass til han her. Eg skal berre slå fast at denne oppgåva baserer seg på tanken om at morfologi er ein eigen komponent i grammatikken og ein sentral formell faktor.

c) Genus er ikkje heilt tilfeldig

Det finst mange døme frå ulike språk i verda om at genus ikkje er tilfeldig. Medan nokon har meint at genus er arbitrært, altså tilfeldig, i norsk, så er det andre som meiner at genus er styrt av semantiske eigenskapar ved ordet. Når så mange andre språk viser system i genusinndelinga, så er det logisk at også norsk har eit eller fleire system. I mange språk ser me at til dømes animatheit og konkretheit styrer kva genus substantivet får. Andre språk har fonologisk og morfologisk motivasjon for genus. Trosterud (2001) demonstrerte at det også i norsk finst tilordningsreglar som viser at ein kan sortera substantiva i semantiske grupper som predikerer genus, og han viste også at trykklett *-e* ofte predikerer femininum. (Sjå kap. 3). Enger og Kristoffersen (2005) peikar også på fleire reglar for genustilordning i norsk og viser at det finst både morfologisk informasjon, fonologiske form og semantikk som (iallfall i mange tilfelle) predikerer genus (Enger og Kristoffersen, 2005, s. 72). Dersom genus skulle

vera heilt tilfeldig, er det rart at barn såpass tidleg klarar å føreseia genus i stor grad. Grunnlaget for denne oppgåva er at det finst logiske grunnar for å tenkja at genus heller ikkje i norsk er tilfeldig.

e) Frekvens er relevant for morfologi og språkending

Ein viktig faktor i språkending er frekvens. Grunnlaget for dette synet er det brei semje om. Ord som er frekvente, altså som vert mykje brukt, er gjerne meir resistente mot endring enn ord med lågare frekvens. Dette ser me til dømes godt i bøyinga av verb på norsk. Sterke verb som er høgfekvente, held på bøyinga si lengre enn lågfekvente sterke verb. Dei sistnemnde går oftare over til svak bøying (Torp & Vikør, 1994, ss. 22 – 23). Dersom det same gjeld for substantiv, så burde dei mest frekvente hokjønnsorda halda på *-a* lengst.

Ein av lingvistane som forklarar språklege fenomen med frekvens, er Joan Bybee. Ho meiner at det mentale leksikonet vårt er organisert etter bruken av orda, og at frekvens kan forklara kvifor me lett kan hugsa uregelrette former. «This is the way in which the model represents the fact that low-frequency items are analyzed and understood in terms of other items, while high-frequency words, complex or not, may be autonomous, and processed unanalyzed» (Bybee 1985, s. 121-124). Dette burde også visa seg i suffiksbruken på substantiv. Dersom ordet er høgfekvent er det då meir truleg at ordet er lagra med suffikset inkludert, medan hjå lågfekvente ord er suffikset og ordet lagra i ulike «boksar.»

f) Språkending og språkutvikling endrar seg ofte i mønster

Me veit om mange døme på at språkendingar ofte fylgjer eit mønster. Her er kan ein nemna lydlovene til Rask og Grimm som viste at den germanske lydforskyvinga var regelmessig, som at p, t, k i indoeuropeisk blei til f, þ, h i germanske språk. No når me er midt oppi ei pågåande språkending som bortfall av femininum i Oslo, så vil ikkje mønsteret vera så klart endå, men i ettertid vil det mest sannsynleg visa seg som eit mønster. Dette er ein grunn til at det er interessant å sortera funna i kategoriar, fordi eit eventuelt mønster eller mangel på mønster vil kunna seia noko om endringa som går føre seg.

Sjølv om fenomenet denne oppgåva undersøker skjer i dag, så vil metoden og teorien vera den same som dersom ein undersøker historiske endringar. «Det er ingen prinsipiell skilnad på dei endringane som har skjedd før, og dei som vi kan sjå rundt oss i dag». (Torp & Vikør, 1994, s. 22). Det er difor snakk om å leita etter dei same mønstra og forklaringane som ved historiske endringar, som for eksempel analogi og frekvens.

g) Produktivitet

Dersom eit suffiks skal vera produktivt, må det brukast på nyord i språket. Denne oppgåva handlar om kor *-a* held seg lengst/best. Ein premis for problemstillinga er at *-a* mest sannsynleg ikkje er produktiv i talespråket i Oslo. Det er difor viktig å fastslå om *-a* oppfører seg som eit produktivt suffiks eller ikkje. Korleis ein definerer produktivitet skriv eg meir om i kap. 3.3.

3 Tidlegare forskning

Forskingsspørsmåla for denne oppgåva tek for seg fleire aspekt ved språket. Gjennomgangen av tidlegare forskning er sortert etter emne for å gjera teksten meir oversiktleg. Det finst ei omfattande forskning på genus i norsk, eg skal her presentera eit lite knippe av dette som eg tenkjer er relevant for oppgåva mi og som viser litt av breidda som finst i forskinga.

3.1 Genus og animatheit

I mange språk i verda er det klare distinksjonar mellom levande (animate) og ikkje-levande (inanimate) vesen når det kjem kva genus orda høyrer til.

Artikkelen *Animacy and the notion of semantic gender* (Dahl, 2000) kastar lys over korleis animatheit og genus heng saman. Dahl ser animatheit i samanheng med at genus har ein semantisk kjerne, altså at det er innhaldssida til orda som oftast predikerer genus. Han viser til både Corbett og Aksenov og peikar på at eit typisk genussystem har to polar, ein semantisk og ein ikkje-semantisk, kor ikkje-semantisk kan forståast som formell og formavhengig, eller

arbitrær (tilfeldig) (Dahl 2000, s.100). Akkurat som Corbett, legg Dahl til grunn at me har eit hierarki når det gjeld animatheit. Hovudkomponentane i hierakiet er «human>animal>inanimate» (Dahl, 2000, s. 99). Dahl forklarar poenget med hierarkiet slik: «The general idea is that grammatical phenomena will «obey» the hierarchy in the sense that certain generalizations will apply to all cases above a certain cutoff point in the hierarchy» (Dahl, 2000, s.99 -100). Ord for menneske tronar høgare oppe i hierarkiet enn ord for små dyr og dette vil overstyra andre faktorar når det kjem til genustilordning. Så dersom eit ord skulle ha formelle eigenskapar felles med andre maskulinum, vil det likevel ha feminint genus dersom det er snakk om eit ord for kvinne. Han skriv vidare: «What is important here is that the relation between the poles tends to be asymmetric with respect to animacy: animate nouns normally get their gender by semantic rules, whereas inanimate nouns may or may not have semantic gender» (Dahl, 2000, s. 101). Dette betyr altså at animate ord får genus basert på semantikk. Då kan ein tenkja seg at dersom *-a* held seg best på substantiv høgt oppe i animatsheitshierarkiet, altså ord for kvinner, så kan det vera eit argument for at *-a* nettopp er ein siste rest av genus. Men inanimate substantiv treng ikkje få genustilordning basert på semantikk.

Dahl skriv også at animatheit spelar ei rolle når det gjeld å bestemma om genus er referensielt eller leksikalt. At eit genus er referensielt er t.d. når det viser til eit anna ord som i dømet *bilen* – *han*, kor «han» fortel oss at *bilen* er maskulinum. Leksikalt genus handlar om at *jente* er femininum fordi innhaldssida av ordet fortel oss at det er biologisk hokjønn og genuset skal då også vera femininum. Referensielt genus handlar om syntaks, medane leksikalt genus handlar om semantikk. «The importance of animacy distinctions for gender systems is of a more indirect nature, rather as a general organizing forces, determining at least partly the choices between referential and lexical or between semantic and nonsemantic gender» (Dahl, 2000, s. 112).

Dahl kallar biologisk kjønn for det viktigaste kriteriet for genustilordning. Han skriv at « (...) sex is the major criterion» (Dahl, 2000, s. 102). Når det gjeld inanimate nomen, så kan ein forventa å finna ei blanding av semantiske og formelle kriterium og at dei er kan vera idiosynkratiske (Dahl 2000, s. 103).

På toppen av animatheitshierarkiet finn ein menneske, så dyr, deretter inanimate konkrete objekt og så abstrakte ord og massar (Enger og Nessel, 2011, s. 194).

3.2 Genus eller bøyingsklasse

Ein viktig diskusjon innan genusforskinga i norsk er om bestemtheitssuffikset *-a* på tradisjonelle femininum er eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse. Dersom me brukar Corbett sin definisjon om at det er kongruens som definerer genus, må ein seia at suffikset *-a* er ei bøyingsform og ikkje ein genusmarkør. Det er jo ikkje lenger slik at ein har ulik bøyning på adjektiv og determinativ om substantivet har maskulint eller feminint genus. Dersom ein skal kalla *-a* for eit uttrykk for bøyingsklasse, vil det som i dag er maskulinum og femininum smelta saman til eitt genus med to bøyingsklassar med ulikt suffiks i bunden form eintal. Me finn framleis restar av femininum også med Corbett sin definisjon til grunn, men det er berre på nokre få adjektiv. Det er framleis nokon i Oslo som seier «ei lita jente» (1 treff i NoTa) og «en liten gut», men det er ikkje mange, dei fleste seier «en liten jente» (4 treff i NoTa) og «en liten gutt».

Corbett (Corbett, 1991) meiner at bøyingsklasse predikerer genus gjennom morfologisk tilordning. Gjennom ei diakron, altså historisk gjennomgang, av nokre norske substantiv, viser Enger (Enger H.-O., 2004) at me i norsk språk har døme på at substantiv både endrar genus, og at substantiv endrar bøyingsklasse. Historiske data viser altså at det ikkje er slik at det alltid er bøyingsklasse som predikerer genus. Men det er heller ikkje omvendt. Enger foreslår eit kompromiss mellom dei to tilnærmingane. For dei fleste nomena i norsk er det slik at genus predikerer bøyning, medan i nomen der pluralis er mest typefrekvent, er det slik at substantivet får genus etter bøyingsklasse. Det er oftast eintal som er mest typefrekvent i norsk, og difor er det altså oftast slik at genus predikerer suffikset. Men for dei nomena der fleirtal er mest typefrekvent, som t.d. substantivet *bær*, er det fleirtalsendinga som predikerer genus. Enger formulerer det slik: «Whether gender or declension is taken as basic, has to do with token frequency. If the singular is more token-frequent than the plural, as it usually is, the singular will be taken as basic. In that case, gender will be taken as basic (by default, so to speak), and declension predicted on its basis. If the plural is more token-frequent than the singular, the plural will be taken as basic, and gender will be predicted on the basis of declension» (Enger, 2004, s. 70). Enger påpeikar også at frekvens spelar ei viktig rolle her.

Enger skriv også at ein kanskje ikkje skal sjå på teoriane om genus og bøyingsklasse og kva som predikerer kva, som rivalar i norsk, men at me heller skal snakka om korrelasjonar, altså at det finst ein samanheng mellom desse to teoriane. Den eine ekskluderer ikkje den andre. Det kjem an på kva som er mest frekvent av pluralis og singular. «The changes also show that affixes bear intra-grammatical meaning. There are switches of gender when the usually affix-bearing and therefore declensionally informative indefinite singular form is more frequent than the singular. There are switches of declension when the affixless and therefore declensionally uninformative indefinite singular form is more frequent than the plural» (Enger, 2004, s. 77). Enger skriv også at me ikkje heilt kan avskriva samanhengen mellom affiks og genus på norsk. Det er tross alt slik at der ein har tre genus i norsk, så har også kvart genus eit eige affiks i bunden form av eintal (Enger, 2004, s. 65).

Helge Lødrup argumenterer for at vestkantmålet i Oslo har to genus (Lødrup, 2011). Han meiner at vestkantdialekta ikkje har femininum fordi det finst (i allfall nesten) ikkje feminine kongruensformer i talespråket. Han har tatt utgangspunkt i dei feminine kongruensformene frå Larsen (Larsen, 1907, sjå kap. 3.5) og har ikkje funne treff på formene *lita, eiga, inga, noa, anna eller ei*. Men han fann *mi, di, si*. Lødrup har undersøkt desse, og han har funne ut at dei berre kan brukast som possessiv etter suffikset *-a* i bunden form, men at dei ikkje kan brukast i andre kontekstar (Lødrup, 2011, s. 123). Ein kan seia *boka mi*, men ikkje *mi bok*. Dei kan altså ikkje nytta feminine possessiv framfor ubunden form av substantivet. Formene *mi, di* og *si* kan heller ikkje nyttast predikativt. Medan ein i tregenusdialektar ville sagt *denne boka er mi*, vert det heller *denne boka er min* i vestkantdialekta (Lødrup, 2011, s. 124). Han konkluderer med at «Bruken av *-a* er altså løsrevet frå feminint genus i faktisk språkbruk i Oslo» (Lødrup, 2011, s. 126). Han dokumenterer også at dei feminine kongruensformene er færrast hjå yngre språkbrukarar. Lødrup avsluttar artikkelen med at det verkar «rimelig å anta at yngre mennesker i Oslo og omegn snart vil mangle femininum fullstendig, fordi barn som vokser opp i dag, hører så lite av det» (Lødrup, 2011).

Det finst også dei som argumenterer for at *-a* er ein genusmarkør, blant anna Wurzel (Wurzel, 1986) og Dahl (Dahl, 2000). Når det gjeld i norsk, gav Lohndal og Åfarli eit innlegg på Mons-konferansen (møte om norsk språk) i 2015 argument for at me bør kalla *-a* for genusmarkør. Utgangspunktet deira er eksoskeletal grammatisk analyse. Den analysen går ut på å synleggjera underliggande strukturar eller eigenskapar ved ordet i seg sjølv som eksponentar for genus. Lohndal og Åfarli argumenterer for at *-a* er ein genusmarkør for

femininum, men at determinativen «en» og possessiven «min» er eksponentar for både maskulinum og femininum, altså er dei blitt multifunksjonelle, medan genuset framleis viser seg i suffikset (Mons 16, (Lohndal, 2015). Med deira analyse vert då *-a* eit uttrykk for femininum, og *-en* maskulinum.

3.3 Produktivitet

Ingo Plag (Plag, 2003) går gjennom ulike kriterium som har vore og blir brukt for å undersøka produktivitet. Ein premiss for produktivitet er at ordet og suffikset er *mogleg*. Ein metode er å sjekka typefrekvens, altså å telja kor mange ord som eksisterer med det bundne suffikset. Dette er både den mest brukte metoden, og også den mest omdiskuterte. Metoden er omdiskutert fordi ein slik måte å telja på ikkje vil seia oss om suffikset kan brukast til å laga nye ord. Ein betre måte å sjekka produktivitet på, er å telja nyord med dette suffikset. Plag tilrår å nytta korpus for å telja kor ofte bøyingsendinga er i bruk (Plag, 2003, s. 52).

For å forstå forholdet mellom frekvens og produktivitet, meiner Plag at me må ta i bruk innsikta om at høgfrekvente ord oftare er lagra som heile ord i det mentale leksikonet vårt enn det lågfrekvente ord er. Sidan det ikkje skjer nokon dekonstruksjon av ord som er lagra som heile ord, står suffikset sterkare i høgfrekvente ord enn i lågfrekvente ord. «Each time a low-frequency complex word enters the processing system, this word will be decomposed, because there is no whole-word representation available. This decomposition will strengthen the representation of the affix, which will in turn make the affix readily available for use with other bases, which may lead to the coinage of new derivatives. (...) In sum, this means that unproductive morphological categories will be characterized by a preponderance of words with rather high frequencies and by a small number of words with low frequencies» (Plag, 2003, s. 54). Dette er i tråd med Bybee (som eg skreiv om i kap. 2 om frekvens). Kva ord som er høgfrekvente og lågfrekvente, er ikkje noko konstant storleik, men ein variabel avhengig av mange faktorar, som t.d. kontekst og språkbrukar. Kort summert opp så kan ein lausleg definera produktivitet som moglegheita til å laga fullstendige ord¹ med dette suffikset. Dei moglege orda må kunne tilpassast reglane for ordlagning i språket, medan faktiske nyord ofte er idiosynkratiske, altså at dei vert brukte av berre ein språkbrukar. Eit nyord er eit ord som

¹ «Complex word» på engelsk.

ikkje endå eksisterer i ordlistene, men som er i bruk. I eit korpus vil ein typisk sjå ei eller veldig få førekomstar av ordet/ordforma. Plag kallar desse orda for «hapaxes» (Plag, 2003, s. 54). Det er ikkje slik at «hapaxes» nødvendigvis er nyord, dei kan også vera sjeldne enten i språket, eller i akkurat dette korpuset, eller dei kan vera idiosynkratiske, altså berre i bruk av ein enkelt språkbrukar. Dette skal eg undersøka i NoTa.

3.4 Regelstyrt genus i bokmålsnære talemål?

Trond Trosterud gav i 2001 ut artikkelen «Genustilordning i norsk er regelstyrt» (Trosterud, 2001). I tråd med Generativ grammatikk legg han til grunn at grammatikken inneheld eit sett med reglar. «Det norske genussystemet har, som alle andre genussystem som er analysert til no (jf. Corbett 1991), ei semantisk kjerne» (Trosterud, 2001, s. 35) Fordi genustilordning er ein del av grammatikken, er den også regelstyrt. Datagrunnlaget hans er Nynorskordboka med 31500 usamansette ord. Han viser oss eit sett med semantiske, morfologiske og fonologiske reglar som, ifylgje han sjølv, gjev korrekt genus for ca. 94 % av substantiva i norsk. Artikkelen viser til nokre overgripande fonologiske reglar og generelle prinsipp (som t.d. at tostava ord som endar på trykklett *-e* er femininum) og vier så mest plass til semantiske reglar. Han deler substantiva inn i semantiske felt av ulik storleik (t.d. ord for biologisk kjønn, heimlege tre, ord for mannlege kjønnsorgan og andre avlange organ). Dei semantiske felta spring ut av tilhøvet til biologisk kjønn, og reglane vert definerte etter «referentane sitt tilhøve til mennesket og menneskekroppen». Resultata hans stør oppunder hypotesar om at leksikalske definisjonar er antroposentrisk funderte (Trosterud, 2001, s. 42). Trosterud viser til nokre generelle reglar, men deretter meir spesielle reglar som overstyrer dei generelle. Dersom eit ord ikkje passar inn i ein av dei store kategoriane, men i ein mindre ein, så underordnar substantivet seg ein regel likevel, og slik sett kan ein kalla tilordninga for regelstyrt. Han skriv at «Ord kan ha fleire motstridande grunnar til å ha det eine eller det andre genuset, men det genuset som har flest, eller mest tungtvegande grunnar attom seg, vinn» (Trosterud, 2001, s. 34). Artikkelen og funna hans stør også oppunder tesen om at substantiv som endar på trykklett *-e*, oftast er femininum. Trosterud opererer også med noko han kallar genusinversjon. Det betyr at tilordninga kan bli snudd opp ned for visse semantiske felt. Så medan substantiv som endar på trykklett *-e* vanlegvis er femininum, så er det slik at substantiv som endar på trykklett *-e* i det semantiske feltet «ytre organ på menneskekroppen» blir maskulinum (Trosterud, 2001, s. 37). Mange av dei seinare arbeida om genus på norsk tek

utgangspunkt i delar av Trosterud sine idear og funn, men fleire er også kritiske til arbeidet hans. Eg skal ikkje bruka plass på den diskusjonen her, det er ikkje relevant for resten av oppgåva mi. Det viktigaste er at Trosterud fann mange grunnar til at me kan snakka om semantisk tilordning på genus i norsk.

Det kan sjå ut som om både semantikk, fonologi og kanskje også morfologi er faktorar som bestemmer genus. Enger (2009) diskuterer semantiske tilordningsreglar og korleis dei interagerer med kvarandre. Han går gjennom dei to hovudforståingane for kva rolle kjernesemantikk skal spela i tilordninga. Den eine gruppa (A) meiner at semantiske reglar er overordna, medan den andre gruppa (B) meiner at reglane skal teljast, og at dersom ein har treff på fleire reglar, så «vinn» det genuset (Slike reglar kan vera trykklett *-e*, ord for kvinner, sterke femininum med fleire). Enger viser gjennom fleire døme at det er problematisk med begge desse innfallsvinklane til tilordning på norsk, og også generelt. Artikkelen drøftar også såkalla «crazy rules», det er semantiske reglar som ikkje har noko med kjernesemantikken å gjera, altså at dei ikkje er animate. Eit døme på «crazy rule» kan vera Trosterud sin tese om at ord for meieriprodukt er maskulinum (Enger H.-O. , 2009, s. 1289). Enger konkluderer med at både gruppe A og gruppe B er problematiske, og ingen av dei er fullstendig falsifiserbare, men medan nokre «crazy rules» er irrelevante, viser empirien at nokre har mykje for seg og at dei kan vera eit problem for Corbett si tilnærming.

3.5 Oslomål

Mange av dei tidlegare arbeida om oslomålet har diskutert språket i eit sociolingvistisk perspektiv. Ein har sett på skilnadane mellom aust og vest, mellom høg og låg utdanning, gamal og ung. Dei fleste legg til grunn at Oslo har fleire dialektar eller sosiolektar (og då spesielt to: vestkantmål og austkantmål), men det finst også arbeid frå dei seinare åra som argumenterer for at dei to ulike varietetane nærmar seg og påverkar kvarandre. Eg har ikkje tenkt å ha hovudfokus på sociolingvistikk i arbeidet mitt, men ein kan heller ikkje undersøkje oslomålet utan å ta høgde for at sociolingvistiske faktorar spelar ei rolle for om ein nyttar *-a* eller *-en* som suffiks på substantiv. Språket er som sagt sosialt. I tillegg har fleire av dei sociolingvistiske arbeida interessante poeng rundt metode og korpusarbeid.

Amund B. Larsen si skildring av Kristiania bymål frå 1907 (Larsen, 1907) er det fyrste arbeidet som vart gjort på folkemålet i Oslo. Med utgangspunkt i språket til nokre straffangar i Oslo skreiv han ein omfattande grammatikk over Kristiania bymål. I grammatikken viser han tydeleg at bymålet hadde tre genus. Han viser også ei liste over feminine kongruensformer: *lita, eiga, mi, di, si, inga, noa, anna, ei, hu* (Larsen, 1907, s. 106 – 117). Han nemner nettopp tre genus som ein skilnad mellom bymålet, det me vil kalla austkantmål i dag, og danna daglegtale (dansk med delvis norsk uttale): «Fra sin oprindelse mellem de dialekter som hersker omkring byen, har vulgærsproget sit motsætningsforhold til det dannede talesprog i visse almindelig norske træk, såsom bevarelsen av de gamle diftonger og av de tre kjøen» (Larsen, 1907, s. 17).

Knut Western (Western, 1977) var blant dei fyrste som nytta korpus i ei større undersøking av oslomålet. Korpuset han nytta var TAUS, talemålsundersøkinga i Oslo. I tillegg samanlikna han resultatata frå TAUS med ei spørjeundersøking der grunnskuleelevar frå Frogner og Vålerenga svarte på spørsmål om eige språk. Western har eit sosiolingvistisk fokus og ser på *-a* versus *-en* hovudsakleg i forhold til vest/aust, kjønn og alder, men han har også kategorisert bruken etter semantikk. Han såg ikkje berre på *-a* brukt som suffiks på femininum i bunden form, men også på *a*-ending i bunden form fleirtal av maskulinum og nøytrum. I TAUS-undersøkinga hadde ein ei informantgruppe frå Frogner som representerte vestkantmålet, og ei gruppe frå Vålerenga som representerte austkantmålet. Western sine oversikter viser at *-a* er meir i bruk på Vålerenga enn på Frogner, og at det er fleire menn enn kvinner som nyttar *-a* som suffiks. Det var også slik at *-a* vart mest brukt (og på flest ulike ord) hjå dei med lågast utdanning. Når han såg på alder, fann han mest *-a* hjå to aldersgrupper: 20 – 30 år og 46 – 60 år. Det var interessant å lesa at det også var fellestrekk i nokre tendensar når det gjaldt semantikk. Western skriv at «i alle de tre kategoriene får *konkreter* oftere *a*-ending enn *abstrakter*. Femininer som var *seksusmarkerte* får oftere *a*-ending enn ord som er nøytrale m.h.t. naturlig kjønn. *Sammensatte ord* får sjelden *a*-ending» (Western, 1977, s. 113). Når han skriv «kategorier», forstår eg det slik at han skriv om dei tre genusa. Målet til Western var å sjå etter semantiske og sosiale faktorar i høve til bruken av *-a* og *-en*. Han fann ut at *-a* har lågare prestisje enn *-en/-ene*. Han skriv også i samandraget at «Endingsmorfemet er avhengig av semantisk innhold, enten i ordet eller i konteksten (ofte er det sammenheng mellom disse to). Informanter som vanligvis bruker *a*-ending, vakler ofte i bruken av ending. Informanter som vanligvis bruker *en*-endinger, holder seg nokså konsekvent til dem (Western, 1977, s. 128). Hovudfunna hans kan summerast opp slik:

- *a*-endingar hadde ei viss framgang hjå informantar som vaks opp i 1930-åra og i 60-70-åra
- Austkantinformantar nytta fleire *a*-endingar enn vestkantinformantar
- Menn nytta fleire *a*-endingar enn kvinner
- Frekvensen av *-a* sank med stigande utdanningsnivå

(Western, 1977, s. 128)

Opsahl (2009) tek for seg talemålet til multietniske ungdommar i Oslo. Eit av emna i avhandlinga er nettopp genus. Opsahl byggjer undersøkinga si på talespråkkorpuset «Utviklingsprosesser i urbane språkmiljøer, oslodelen». Det er ei samling intervju og samtalar gjort med 22 ungdommar som er fødde og oppvaksne i fleirkulturelle miljø i Oslo. Dataa vart samla inn mellom 2006 – 2008. Avhandlinga er ei samling artiklar, og den mest interessante artikkelen for oppgåva mi er «Genusmarkering og sånn i norsk i multietniske ungdomsmiljøer i Oslo».

Opsahl har sett på nominalfrasar og kongruens. Ho har forska på femininmarkering generelt, og bestemtheitssuffikset *-a* er hjå ho ein av fleire markørar av genus. Ho diskuterer om *-a* er eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse, men endar opp med å kalla *-a* ein genusmarkør. Ho har rekna ut forholdet mellom dei tre genera i datagrunnlaget. 66,4 % er maskulinum, 13,3 % er femininum og 17,7 % er nøytrum (Opsahl 2009, s. 86). Dette er eit svært lågt tal for femininum. NRG byggjer på Beito 1954 og viser til talet 30 % for femininum. Men her skal det nemnast at NRG reknar alle ord som har valfri *-en* og *-a* som suffiks, som femininum (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 151). Men dette kan også tyda på at femininum står svakt hjå ungdommar på austkanten i Oslo, og at tendensen er at det har vorte færre feminine markørar mellom 1954 og 2009.

Opsahl har også sett etter semantiske mønster for kva ord som vert markerte som femininum. Ho brukar Trosterud (Trosterud 2001) som grunnlag for kategoriseringa og finn at mykje stemmer med to av dei overgripande formelle reglane hans: ord som endar på trykklett *-e* og vokalfinale ord, er femininum. Ho skriv: «Allerede her kan jeg avsløre at vi er i mål i forhold til å redegjøre for halvparten av konkretene som er femininmarkert i materialet mitt: Godt og

vel halvparten av dem nettopp er tostavellesord på trykklett /e/. Blant de morfologiske tilordningsreglene Trosterud nevner, dekker den han kaller Morfologisk tilordningsregel 5, «Ord på -ing som er avledet av verb, er f’, med få unntak» (Opsahl 2009, s. 95). Når det gjeld semantiske tilordningsreglar, så fann Opsahl at «31 % av de femininmarkerte frasene kan forbindes med naturleg kjønn» (Opsahl, 2009, s. 95). Som ein generell konklusjon kjem Opsahl fram til at datamaterialet hennar underbyggjer tidlegare teori om genustilordning på norsk: «Det er etter hva jeg kan se, ingenting ved de femininmarkerte frasene som bryter mot tidlige beskrivelser av genustilordning i norsk, verken hos Western, i NRG eller i det settet med genustilordningsregler Trosterud (2001) setter fram» (Opsahl, 2009, s. 95). Opsahl finn ein klar semantisk samanheng mellom naturleg kjønn og femininum. I tillegg er det slik at halvparten av dei konkrete orda som er femininmarkerte, er tostavingsord som endar på trykklett -e. Resten av dei femininmarkerte konkreta er ord som endar på -ing som er avleidde av verb.

Karine Stjernholm si avhandling (Stjernholm, 2013) handlar også om oslomålet. Avhandlinga inneheld tre artiklar, og det er artikkelen «Oslos sosiolingvistiske utvikling, eller en typologisk framstilling av utviklinga i oslomål» som er den mest interessante for masteroppgåva mi. I fyrste del av artikkelen nyttar Stjernholm Peter Auer sin typologi med fem kategoriar for å sjå på utviklinga mellom standardspråk og dialekt. Kort oppsummert meiner Stjernholm at språket i Oslo på 1500-talet hadde stor avstand mellom den skriftlege standarden det munnlege språket, og at dialektane hørde til to ulike språk, nemleg dansk og norsk. Ho skriv at språket i Oslo på 2000-tallet gått mot det Auer ville kalla dialektdød. Dialektdød vil seia at standardspråk og dialektar smeltar saman, og me har berre eitt talemål som er nært knytt til skriftspråket².

I andre del av artikkelen ser Stjernholm på oslomålet i eit synkront perspektiv og ho nyttar vekslinga mellom -a/-en i bunden form eintal av substantiv som eit utgangspunkt for å diskutera utviklinga i oslomålet. Ho samanliknar distribusjonen av -a/-en i dei to talemålskorpusa TAUS og NoTa-Oslodelen. Ho samanliknar også desse dataa med

² Stjernholm sin påstand om to språk og to dialektar, kan absolutt diskuterast. Ein kan seia at det berre fanst éin dialekt, og ikkje to, i Oslo på den tida, nemleg oslomålet. I tillegg var det folk som skreiv dansk. Men den diskusjonen er ikkje relevant for formålet med denne oppgåva.

språkbrukarar sine egne rapporterte data frå Oslo testen, ei stor elektronisk spørjeundersøking frå Oslo (Stjernholm 2013. s. 132). Stjernholm peikar på at det ikkje er så lett å bruka inndelinga aust/vest. Grunnane til det er mellom anna at folk flyttar mykje. I TAUS vart språket frå folk som budde på Vålerenga og Kampen, karakterisert som typisk austkantmål. Dette er ikkje tilfellet i dag pga. all flyttinga.

Stjernholm søkte på alle feminine og maskuline substantiv som enda på *-a* og *-en*, og rekna ut prosenten av desse. Stjernholm har sett på suffikset i høve til både alder og geografisk tilhøyrslse. Konklusjonen av samanlikninga hennar er at bruken av *-a* som suffiks har vore relativt stabil dei siste 40 åra.

Våren 2010 undersøkte Stjernholm og Ingunn Indrebø Ims oslofolk sine egne oppfatningar av oslomålet. Dette var gjort i ei elektronisk spørjeundersøking på Aftenposten sine nettsider (Stjernholm og Ims, 2013). Undersøkinga viste at dei ulike variantane av denne variabelen framleis kan knytast til geografisk aust- og vestkant, men at *a-en* ser ut til å ha meir aksept hjå brukarar av vestkantmål enn dei andre variablane (Stjernholm, 2013). Undersøkinga deira undersøkte berre grammatikaliteten av det eine ordet *døren* versus *døra*. Aksepten for *-a* i *døra* var større enn aksepten for andre typiske trekk ved det tradisjonelle austkantmålet (t.d. *-a* i preteritum, *-a* som fleirtalssuffiks på maskulinum). Stjernholm konkluderer i artikkelen sin med at ein framleis kan hevda at bruken av *-a/-en* som suffiks kan knytast til geografisk tilhøyrslse, men at bruken i dag heller er knytt til livsstilsval og preferansar for stad.

Marit Westergaard og Yulia Rodina har undersøkt kor mange genus det er i Tromsø-dialekten (Rodina og Westergaard 2016). Konklusjonen deira er at også dialekta i Tromsø er i ferd med å endra seg frå eit tregenussystem til eit togenussystem med felleskjønn og inkjekjønn. Dei argumenterer for at måten det skjer på, er ved språktileigning. Dei brukte eksperimentelle studiar og undersøkte talemålet til born og unge, og med ei lita referansegruppe av vaksne. Resultata viste store skilnader mellom aldersgruppene, noko som tyder på at endringa skjer raskt. Dei fann ut at den ubundne artikkelen *ei* nærast var borte hjå barna, men bestemtheitssuffikset *-a* var til stades hjå alle deltakarane. Dei skreiv at «feminine nomen med referanse til biologisk kjønn opptre med feminine genusformer litt oftare enn svake femininumord med endelsen *-e*» (Rodina og Westergaard s. 184). Dei argumenterer også for

at bortfallet av feminint genus påverkar substantiva med ulik fart: «Svake femininum endrer seg muligens litt raskere enn nomen med referanse til biologisk kjønn» (Rodina og Westergaard s. 184).

Johannessen (2008) har brukt datamaterialet i NoTa og vist at datamaterialet syner fleire forskjellar i språket mellom forskjellige grupper av folket. Det er språklege skilnader mellom aust og vest, mellom mann og kvinne og mellom talespråk og skriftspråk (Johannessen, 2008, s. 235). Oppteljinga hennar viser at «hunkjønnsordene som slutter på *-a* utgjør 27 % av det totale antallet av disse leksemene i bestemt form, mens det tilsvarende tallet for Oslo øst er 62 %. Med andre ord er det over dobbelt så mange hunkjønnsformer, dvs. former fra den opprinnelige østlandsdialekten, i Oslo øst som i Oslo vest – en klar forskjell» (Johannessen, 2008, s. 237). Johannessen viser oss at det er fleire kvinner enn menn som nyttar *-en* som suffiks (Johannessen, 2008, s. 240).

Denne korte gjennomgangen av tidlegare forskning viser at det allereie eksisterer mange analysar av både genus generelt og genus i oslomålet. Det finst også arbeid som eg ikkje kunne ta med her. Eg håpar at bidraget mitt vil kasta lys over kor *a-en* held seg lengst og i kva grad me kan snakka om mønster i dei ulike grammatiske kategoriane i tillegg til frekvens.

4 Forskingsspørsmål og hypotesar

I dette kapitlet skal eg presentera forskingsspørsmåla og gå gjennom hypotesane for kvart enkelt spørsmål. Under forskingsspørsmåla ligg det ein premiss om at *-a* på sikt truleg vil bli erstatta av *-en*. Det er fordi oslomålet seiest å vera på veg mot ein dialekt med to genus, og sidan maskulinum er «default», så kan ein også rekna med at *-a* og *-en* etter ei stund vil smelta saman til eitt suffiks, nemleg *-en*.

4.1 Forskingsspørsmål

1. *Finst det eit semantisk mønster for kor -a held seg lengst?*
2. *Finst det eit formelt mønster for kor -a held seg lengst?*
3. *Spelar frekvens ei rolle for bruken av -a versus -en?*
4. *Er resultat dei same i TAUS og NoTa? Er -a produktiv?*
5. *Kan ein finna same mønster i både Oslo vest og i Oslo «rest»?*
6. *Er -a eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse?*

4.2 Hypotesar

Forskingsspørsmål nr.1: *Finst det eit semantisk mønster for kor -a held seg lengst?*

Mykje av genusforskinga viser funn på at det alltid ligg ein kjernesemantikk til grunn for genustilordning. Det er difor interessant å sjå på to litt ulike semantiske kategoriar, nemleg ord for kvinner som er øvst i animatheitshierarkiet, og konkrete og abstrakte ord som er lågast i hierarkiet (abstrakte er lågare enn konkrete). Hypotesen min er at ord for kvinner vil ha overvekt av *-a*, og at konkrete ord vil ha overvekt av *-a*, medan abstrakte ord vil ha overvekt av *-en*.

Tradisjonelt har femininum hatt *-a*, så eg trur at ord for kvinner vil ha overvekt av *-a*. Dette var også funna til Western: «Femininer som var *seksusmarkerte* får oftere *a*-ending enn ord som er nøytrale m.h.t. naturleg kjønn» (Western, 1977, s. 113). Dette stemmer også med Opsahl sine funn (Opsahl, 2009, s. 95). Det vil vera oppsiktsvekkande dersom ord for kvinner ikkje har overvekt av *-a* i NoTa, då har det skjedd ei endring frå TAUS og det samsvarar heller ikkje fullstendig med Opsahl sine funn.

Når det gjeld konkretheit, så er hypotesen min at konkrete ord oftare får *-a* enn abstrakte. Eg byggjer på NRG si forklaring: «Variasjonen er avhengig av både dialektale, sosiolektiske, stilistiske og språkpolitiske forhold. Men generelt gjelder det at konkreter og hverdagslige substantiver som *bok, dør, hylle, hytte, sag, øks* osv. gjerne oppfattes som feminine ord, mens abstrakter og meir høytidlige substantiver som *kirke, ro, skjønnhet, tro* osv. tenderer mot å bli brukt som maskuline ord» (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 151). Og vidare viser dei at abstrakter og høgtidlege ord får *-en* i bunden form, medan «konkreter og hverdagslige substantiver» får *-a*. I tillegg er det ofte slik at *-en* ofte er sterkare knytt til skriftspråk og litt høgtidleg språk, og ein brukar abstrakte ord meir i slike settingar og det trur eg vil påverka suffiksbruken også i det munnlege språket. Western (1977) dokumenterte at dette var tilfellet i TAUS: «i alle de tre kategoriene får *konkreter* oftere *a*-ending enn abstrakter» (Western, 1977, s. 113). Dersom *-a* er eit uttrykk for genus, kan ein tenka seg at det vil vera meir *-a* i dei konkrete orda enn i dei abstrakte.

Forskingsspørsmål 2: *Finst det eit formelt mønster for kor -a held seg lengst?*

Her er hypotesen min at ord som endar på trykklett *-e* vil ha store førekomstar av *-a*. Den hypotesen byggjer på både NRG, Enger, Trosterud og Opsahl (kap.3), som har vist at ord som endar på trykklett *-e* ofte er femininum og ofte får *-a* som suffiks. Når det gjeld andre formelle eigenskapar ved ordet, fann både Western og Opsahl at verbalsubstantiv som enda på *-ing* ofte hadde *-a* så det forventar eg også å finna.

Forskingsspørsmål 3: *Spelar frekvens ei rolle for bruken av -a versus -en?*

Sidan frekvens ofte har vist seg å vere ein viktig faktor i språkendingar, så er hypotesen min at frekvens også vil gje utslag i denne undersøkinga. Hypotesen min er at høgfrekvente ord oftare har *-a* enn lågfrekvente ord. Me veit frå norsk at sterke verb som er frekvente held mykje betre på bøyninga si enn lågfrekvente ord. Dei lågfrekvente går oftare over til svak bøyning. Eg baserer også hypotesen på teoriane om frekvens som seier at medan høgfrekvente ord vert lagra som heile ord i det mentale leksikonet vårt, så vert lågfrekvente ord lagra som «oppdelte» ord (Sjå kap. 2.2 og 3.3.)

Forskingsspørsmål 4: *Er resultata dei same i TAUS og NoTa? Er -a produktiv?*

Sidan me er oppe i ei pågåande språkending er eg ikkje så sikker på at resultatane vil vera dei same i TAUS som i NoTa fordi variasjon er vanleg. Folk flyttar meir på seg i dag enn dei gjorde på 70-talet, så eg forventar eigentleg at skiljelinjene mellom språket i vest og i «rest» vil vera mindre enn det dei var mellom aust og vest i TAUS. Men Stjernholm (2013) fann at resultatane var relativt stabile frå TAUS til NoTa, så stor variasjon vil eg truleg ikkje finna.

Når det gjeld spørsmålet om *-a* er produktiv, er hypotesen min at han ikkje er det. Eg forventar ikkje å finna nyord med *-a* i korpuset, og eg forventar heller at det er meir bruk av *-en* på nyord (sidan maskulinum ser ut til å vera default genus her). Dersom oslomålet er i ferd med å misse femininum, så ville det vera underleg om *-a* er eit produktivt suffiks.

Forskingsspørsmål 5: *Kan ein finna same mønster i både Oslo vest og i Oslo «rest»?*

Her er eg usikker på kva resultatet vil bli. Det er jo slått fast at Oslo tradisjonelt har hatt to sosiolektar, så viss mønsterane er like, er det litt overraskande. Men samtidig er hypotesen min at nokre mønster vil vera like både i vest og «rest», sidan det ser ut til at visse ord lettare får *-a* enn andre. Det eg har lese før, peikar i begge retningar. Eg vil tru at det framleis er meir bruk av *-a* i «rest» og meir bruk av *-en* i vest, men det blir spennande å sjå korleis t.d. ord for kvinner og ord som endar på trykklett *-e* oppfører seg i dei to sosiolektane. Dersom det finst klare mønster i språket, enten semantiske eller formelle, så vil eg tru at dei same mønsterane skal gjera seg gjeldande i både vest og «rest».

Forskingsspørsmål 6: *Er -a eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse?*

Det er klart at dersom ein legg Corbett sin definisjon om at det er i samsvarsbøyinga at ein finn genus, så er *-a* eit uttrykk for bøyingsklasse. Det er jo allereie slått fast at femininum ikkje har eiga kongruensbøying lenger, men at denne har smelta saman med maskulinum. Denne oppgåva vil prøva å finna svar i leksetet og tilordninga også. Dersom eg finn sterk semantisk motivasjon for *-a*, vil eg påstå at *-a* iallfall delvis må reknast som ein genusmarkør. Dersom eg finn at det ikkje er sterk semantisk motivasjon for *-a*, så tyder dette på at *-a* er eit uttrykk for bøyingsklasse (i tillegg til mangel på kongruens).

5 Metode

Eg ynskjer å kunna seia noko generelt om oslomålet. I og med at eg vil undersøkje bruken av femininum på substantiv i Osломålet, er det nokre metodar som peikar seg ut som meir formålstenlege enn andre. Eg skal her gå gjennom kva metodar eg har valt, korleis metoden tek omsyn til reliabilitet og validitet og også gje nokre døme på metodar som eg fann ueigna for formålet med denne oppgåva.

5.1 Kvifor kvantitativ metode

Sidan eg vil ha resultat som er mest mogleg falsifiserbare, altså moglege å etterprøva, så skal eg basera oppgåva mi på målbare tal og einingar. Då er det klart at eg må bruka ein kvantitativ metode. Ein kvantitativ metode nyttar tal og ofte statistikkar i presentasjon av funna. Med utgangspunkt i ei relativt stor samling med data skal eg telja og presentera funna i tabellar og statistikkar. Eg vil sjå etter tendensar hjå flest mogleg språkbrukarar, og ikkje variasjon hjå den enkelte språkbrukar, og då passar ein kvantitativ metode best. Ein annan viktig grunn til at eg må nytta ein kvantitativ metode, er at eg skal undersøkje reell språkbruk, og ikkje ta omsyn til språkleg identitet, verdiar og liknande. Alle desse faktorane er viktige når det gjeld språket i Oslo, men det er altså ikkje det som er i fokus i denne masteroppgåva. Som vist i kap. 3 finst det allereie mykje arbeid som er gjort med ei sosiolingvistisk tilnærming. Delar av desse arbeida skal eg bruka som samanlikningsgrunnlag og delvis også som bakgrunn for egne undersøkingar. Eg skal basera analysen min på resultatata eg får, og innimellom visa til tidlegare funn gjort av andre.

5.2 Talespråk og skriftspråk

For formålet med denne oppgåva syntest det klart at eg måtte undersøkje tale- eller skriftspråket til dei som bur og er oppvaksne i Oslo-området. Det er mange grunnar til å studera faktisk språkbruk (i motsetnad til å studera språket i ordbøker t.d.). Den fyrste grunnen eg vil trekkja fram, er at språket eksisterer i eit sosialt rom, jamfør kap. 2. Språket eksisterer ikkje berre hjå enkeltindividet, men hjå menneska saman i eit sosialt fellesskap. Enkeltindividet sitt språk vert skapt og endra i møte med andre språkbrukarar. Eg vil sjå på

resultatet, altså den faktiske språkbruken. Dette betyr at eg ikkje vil sjå etter forklaringar hjå kvar enkelt språkbrukar, men leita etter tendensar hjå språkbrukarane generelt.

Det er i det munnlege språket at ein finn det mest intuitive språket, det språket som ikkje er underlagt like mange normer og reglar som skriftspråket, men som likevel viser normer og reglar frå fellesskapet. Talespråket er også sett på som det eigentlege studieobjektet for mange retningar av språkvitskapen. Det språket folk nyttar i samtalar om kvardagslege emne, er det språket som er mest spontant, men som samtidig er uttrykk for sosiale normer. Mange brukarar av bokmål og austlandsk talemål nyttar ulike former i tale og skrift. Det kan synast som at fleire er konsistente når det gjeld ordformer i skriftspråket sitt, og at det er større variasjon i talespråket. Når ein skriv, tek ein ofte medvitne val om ord og ordformer, men når ein snakkar, så er ein meir spontan. Talespråket vårt er i større grad automatisert. Dersom t.d. semantikk skal spela ei rolle for distribusjon av *-a* versus *-en*, så må dette uttrykkjast spontant og intuitivt, og då er det talespråket ein må sjå på. Eg vil altså primært undersøkje talemålet og ikkje skriftspråket.

5.3 Korpus

For å leita etter tendensar, trengst det eit relativt stort datamateriale, og då er det formålstenleg å nytta *korpus*. Eit korpus er ei samling av ord, frasar og setningar som er systematisert og mogleg å relativt enkelt henta ulike data utifrå. Det finst eit eige korpus på talemål til folk i Oslo, nemleg NoTa-Oslodelen (heretter NoTa).

NoTa er eit talespråkkorpus som er utvikla av Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo. Det inneheld opptak frå 2004 til 2006 med om lag 900 000 ord. Korpuset har både lyd, videoopptak og ortografiske transkripsjonar. Korpuset inneheld opptak av 144 informantar som er fødte og oppvaksne i Oslo-området. Dataa er ei samling av både samtalar og intervju. Samtalane er både mellom kjente og framande. Eit ideal i den kvantitative metoden er å bruka data som er representative. Det betyr at utvalet av informantar skal representera heile folkesetnaden i Oslo, eller heile den gruppa ein vil undersøka. Dette gjer NoTa. Informantane er jamt fordelte når det gjeld alder, kjønn, bustad og utdanning, og gjev såleis eit godt bilete på talespråket til den samla folkesetnaden i Oslo på den tida då innsamlingane vart gjort. Når utvalet er representativt, er det meir sannsynleg at resultatata vil kunna gjelda for heile

folkesetnaden og ikkje berre dei 144 informantane. Samtalane er tatt opp på Universitetet i Oslo, så det er ikkje i ei fullstendig naturleg setting, men det vart lagt til rette for at det skulle vera spontane og naturlege samtalar for at talespråket skulle vera mest mogleg autentisk (og ikkje til dømes bera preg av at informantar «pyntar» på språket i eit intervju med ein professor eller liknande). Dette korpuset viser ikkje heile den samla språkbruken til informantane i og med at ein ikkje har noko innsamling av skriftspråket til informantane, og heller ikkje prøvar av ulike talespråksituasjonar. Men med trua på at det er i det spontane talespråket at ein best kan undersøkje faktisk språkbruk, er dette korpuset veldig godt eigna.

Korpuset viser språket til folk i Oslo for 20 – 25 år sidan. Korpuset inneheld berre språket til folk som er oppvaksne i Oslo, og slik sett ikkje den samla folkesetnaden, men det gjer at datamaterialet er eigna til å samanlikna med eldre prøvar og innsamlingar av oslomålet. Det finst ikkje eit like stort datamateriale av nyare dato, så NoTa er det beste for å undersøka språksituasjon i Oslo i vår tid.

NoTa er transkribert tale som også er kopla saman med lyd- og videofiler. Det gjer at eg også kan lytta til uttalen der det er interessant. Ein annan viktig grunn til å nytta NoTa-Oslodelen som korpus, er at det allereie er morfologisk tagga. Det betyr at innhaldet er annotert med morfologiske eigenskapar. Orda er markerte med grammatisk informasjon som t.d. tempus og ordklasse. I tillegg finst det informasjon om informanten når det gjeld bustad, alder, kjønn og kor informanten har budd lengst. Det går an å søka i korpuset gjennom søkegrensesnittet Glossa, og det gjev meg moglegheiter til å kategorisera funna utan at eg sjølv må nytta programmering for å finna fram til frekvens til dømes. Ein kan velja å søka etter ein spesiell ordklasse, genus, samnamn eller eigennamn, i tillegg til mykje ikkje-leksikalsk informasjon («klikkelyd, stønning» m.fl.) og også måten det er sagt på («leende, gjespende, uklart» m.fl.). NoTa har også ein funksjon som gjer at ein kan søka berre etter «end of word», det har vore svært nyttig for denne oppgåva fordi eg enkelt kunne få opp alle substantiva som enda på *-a* i bunden form eintal.

Eg skal også inkludera ei samanlikning med materialet i det litt eldre talespråkkorpuset «TAUS» for å sjå på utviklinga. TAUS er basert på materiale samla inn ved Universitetet i Oslo tidleg på 1970-talet. Det inneheld uformelle intervju med informantar i alderen 15–17 og 34–75 år som er fødte og oppvaksne i Oslo. Dette var fyrst ei samling lydband, men som no er transkribert og digitalisert ved Tekstlaboratoriet ved UiO. Materialet inneheld om lag

246 000 ord. TAUS deler informantane inn i aust og vest, dei har henta informantar frå vestkantbydelen Frogner og dei to austkantbydelane Vålerenga og Kampen. Ein kan sortera funna etter geografisk tilhøyrse, kjønn og utdanning. TAUS liknar på NoTa fordi korpuset baserer seg på uformelle intervju med folk med variert og representativ bakgrunn når det gjeld alder, kjønn, geografi og utdanning. Begge korpusa er laga med utgangspunkt i spontan tale, så eg forventar at eg her vil finna det språket som ligg nærast opp til det intuitive språket hjå informantane. Sjølv om TAUS er mykje mindre i omfang, er det godt eigna til samanlikning fordi dei undersøker begge munnleg språk.

5.4 Synkron og diakron innfallsvinkel

I språkvitskapen kan ein nytta både synkrone og diakrone forklaringar i analysen. Ein skil ofte mellom dei to innfallsvinklane, men i denne oppgåva skal eg nytta begge. I presentasjonen av funna vert det ei synkron samanlikning, mens i diskusjonen av funna vert det både synkrone og diakrone innfallsvinklar til stoffet. Vekslinga mellom synkrone og diakrone synsmåtar vil gjera seg gjeldande både i metodeval og analyse.

Sidan eg skal undersøkje eit språkfenomen som finst i dag, er det naturleg med ein synkron innfallsvinkel. I synkron forskning undersøker ein språket slik det er på ei bestemt tid eller epoke, utan omsyn til historiske endringar. Det er språkbruken i notid som er interessant, og ofte ser ein på variasjon, akkurat slik som denne oppgåva skal. Hovudanalysen min tek utgangspunkt i datamateriale som er samla inn i det korte tidsrommet 2004 – 2006. Eg skal primært undersøkje variasjonen i bruken av suffiksa *-a* og *-en* i eitt gjeve tidsrom og leita etter forklaringar på variasjonen i semantiske, fonologiske og morfologiske faktorar, i tillegg til å sjå om frekvens spelar ei rolle. Fyrste steg i analysane mine brukar ein synkron innfallsvinkel til materialet. Både grupperingane av førekomstane etter grammatiske kategoriar og i høve til sosiolingvistiske kategoriar, vil vera basert på ein synkron innfallsvinkel. Sidan eg skal undersøkje ei pågåande språkendring, skal eg ikkje bruka mykje historisk materiale som primærkjelder. Men i den delen av analysen der eg ser på suffiks i høve til grammatiske og sosiolingvistiske kategoriar, skal eg bruka ordbøker som oppslagsverk i tilfelle der eg lurar på om den eine eller den andre forma er godkjent i skrift. Eg vel altså å bruka Bokmålsordboka for å finna ut om eit ord er godkjent som femininum eller ikkje. Dersom ordet står oppført

som femininum i ordboka, er det grunn til å tru at det også eksisterer med feminine former i Osloomålet.

Men eg skal også bruka ein diakron innfallsvinkel til diskusjonen. Det er meir interessant å diskutera pågåande språkendingar når ein også kan ta eit historisk tilbakeblikk. I diakron språkforsking ser ein på endringar som har gått føre seg over tid. Det blir ein diakron synsmåte når eg skal samanlikna resultata i NoTa med resultata får eit tidlegare innsamla materiale, nemleg TAUS. Bruken av suffiksa *-a* versus *-en* er også høgst interessant som ei historisk språkending. Ein del av den tidlegare forskinga viser som sagt at Osloomålet går over frå eit tregenussystem til eit system med to genus (t.d. Lødrup 2011). Dette er truleg ei endring som har gått føre seg over tid, og det er difor viktig og interessant å sjå på fenomenet med metodar frå historisk lingvistikk. Diakrone innfallsvinklar vil hjelpa oss å sjå om dette er ei endring som er ein del av ei lengre utvikling, eller om dette er ei heilt ny og brå endring i språket. Dei diakrone innfallsvinklane eg skal bruka er å visa til kva som er typisk når eit språk endrar seg, t.d. spørsmålet om kva rolle frekvens spelar og kva me veit om tap av genus frå andre språk.

Metodane ein nyttar for synkron og diakron språkending kan vera ulike, men dei treng ikkje å vera det. Torp og Vikør skriv at «... det er ingen prinsipiell skilnad på dei endringane som har skjedd før, og dei som vi kan sjå rundt oss i dag» (Torp & Vikør, 1994, s. 22). Me kan rekna med at det i hovudsak er dei same prinsippa for språkending som gjer seg gjeldande i Osloomålet i dag, som dei som har gått føre seg over lengre tid.» Dette vert gjerne omtalt som «uniformitetshypotesen» og me forventar at endringar skjer i mønster. Dette betyr at metodane, forskningsspørsmåla og refleksjonane i denne oppgåva ofte er basert på kunnskap om korleis både norsk språk og språk generelt har endra seg gjennom historia.

Der eg finn det nyttig og nødvendig, skal eg samanlikna dataa frå NoTa med data frå skriftlege korpus, for å utvida biletet og kanskje gjera nokre generaliseringar. Eg skal som sagt også samanlikna resultata frå NoTa med Western (Western, 1977) sine resultat frå TAUS. Dersom funna mine peikar i same retning som Western sine funn, vil det vera ein

ekstra faktor som kan styrka konklusjonane mine. Det vil også fortelja oss noko om korleis utviklinga har skjedd.

5.5 Metodar som eg har valt å unngå

Ein velbrukt innfallsvinkel til språkanalyse, er å nytta intuisjon. Då tek forskaren utgangspunkt i eigne erfaringar og si eiga språkkjensle for å avgjera kva som er akseptabelt språk. Sidan eg sjølv ikkje er frå Oslo, eller Austlandet i det heile, var dette umogleg for denne oppgåva. Eg har budd lenge i Oslo og har eit relativt godt overblikk over språkbruken, men det er ikkje mitt eige språk. Intuisjon er heller ikkje den beste måten å undersøka språkendingar på.

Ein mogleg innfallsvinkel til hypotesane mine om bruken av *-a* versus *-en* kunne ha vore å spørja informantar om graden av grammatikalitet, altså i kva grad dei synest den eine eller den andre forma er meir eller mindre akseptabel. Dette gjorde bl.a. Stjernholm i avhandlinga si (Stjernholm, 2013). Det er fleire grunnar til at eg vel å unngå denne måten her. Den fyrste grunnen til at eg er skeptisk, er at det vil vera vanskeleg å generalisera utifrå nokre få døme. Dessutan veit eg ikkje nøyaktig kva for døme som ville vera representative. Eit av måla med denne studien er å seia om *-a* er ein markør for genus eller bøyingsklasse, og då er det ikkje berre enkeltord som er interessante her. Eg må fyrst og fremst leita etter tendensar. Ein annan grunn til at ei grammatikalitetsundersøking ikkje er å føretrekka her, er at ein fort studerer informanten sin intuisjon, og ikkje informanten sitt faktiske språk. Ein tredje grunn er mange opplever at *-a* og *-en* heng saman med identitet. Dersom det er slik at *-en* gjev meir status enn *-a*, så kan ein også oppleve ei underrapportering av bruken av *-a* her. Dette kan også gå andre vegen, det finst også folk frå Oslo som er veldig knytt til det tradisjonelle målet, eller som er radikale, og meiner at dei nyttar *-a*, medan faktisk språkbruk viser at dei brukar *-en*. Mange har peikt på at Oslo er og har vore ein by med klart skilje mellom språket i vest og språket i aust. Den markøren folk flest høyrer etter for å skilja desse to variantane, er nettopp bruken av *-a*. I aust er språket kjent for at både femininum i bunden form og verb i preteritum endar på *-a*. Ein siste grunn til at eg ikkje vil spørja språkbrukarane om deira eigen bruk, er at tidlegare undersøkingar viser at mange språkbrukarar vekslar mellom dei to suffiksa *-a* og *-en*. Dersom eg spør kva dei nyttar, vil dei kanskje seia kva dei meiner er riktig, men ikkje faktisk språkbruk.

I staden for å ta utgangspunkt i eigen eller andre si språkkjensle, vel eg heller å gå empirisk til verks og ta utgangspunkt i språk som faktisk har blitt sagt. Eg vil gjennomføra ein analyse som også vil vera mogleg for andre å etterprøva, og andre kan eventuelt byggja vidare på undersøkinga mi.

5.6 Analyse av variasjon

Forskingsspørsmålet mitt handlar om distribusjonen av *-a* versus *-en*. Desse to variantane er ikkje uttrykk for ulike tydingar eller funksjonar. I Oslomålet vert begge desse suffiksa nytta på substantiv som i tregenudialektar kan kallast femininum. Undersøkinga mi viser at dei aller fleste orda eg undersøker førekjem med begge suffiksa. Det som er mest interessant med fenomenet, er å finna ut meir om kva denne variasjonen kan skuldast.

Ein variasjonsanalyse er ein måte å studera språk på som gjev meg moglegheiter til å testa ut ulike hypotesar og å setja desse opp mot kvarandre. Dette har vore ein vanleg metode i mykje språkvitskap i fleire tiår no. Også Labov er inne på at ein må nytta variasjonsanalyse for å få eit riktig overblikk: «Since embedding in a larger structure inevitably involves multiple causations, the solution to any embedding problem requires multivariate analysis» (Labov, 2001, s. 3). Ein variasjonsanalyse ser om det er nokre variablar som viser statistisk signifikante effektar. James A. Walker kallar desse variablane for uavhengige variablar (independent variables), og effektane av desse vert synlege på den lingvistiske, avhengige variabelen (the dependent variable) (Walker, 2013, s. 454). I denne oppgåva vert då suffikset *-a* eller *-en* den avhengige, lingvistiske variabelen, og geografisk tilhøyrse (bustad), animatheit, frekvens m.m. er uavhengige variablar. Ein kan så dela dei uavhengige variablane inn i fleire faktorar. Eg skal visa resultata i tabellar og diagram slik ein ofte gjer i ein kvantitativ analyse. Eg skal også rekna ut signifikans. Faktorane eg vil undersøka, er fyrst og fremst strukturelle, særleg semantikk, fonologi og morfologi (kap.6). Eg skal også raskt gå gjennom sosiolingvistiske faktorar som geografisk tilhøyrse, kjønn, alder og utdanning. Sidan datamaterialet ikkje er så stort, vert det vanskeleg å gjennomføra ein fullstendig variasjonsanalyse, men desse prinsippa ligg heile tida under som premissar for analysen.

Medan mange metodar for lingvistisk analyse helst vil eliminera variasjon, vil ein variasjonsanalyse freista å forstå variasjonen ved å vurdere kva for dimensjonar av den lingvistiske konteksten som korrelerer med den spesielle lingvistiske forma, skriv Walker (Walker, 2013, s. 440). I staden for kontekst, skal eg sjå om nokre faktorar korrelerer betre med *-a* enn med *-en*. Eg skal altså undersøkje om det er samanheng mellom overvekt av *-a* og *-en* i forhold til ulike språklege og sosiale kategoriar i tillegg til frekvens. I så fall vil det gje meg eit utgangspunkt for å diskutera mellom anna genus og bøyingsklasse. Håpet mitt er at dersom det finst eit mønster i distribusjonen av *-a*, så vil analysen min avdekka dette.

5.7 Signifikans

Ei tilbakevendande metodisk utfordring, har vore knytt til signifikans. Med signifikans meiner eg her om resultatata kan seiast å vera truverdige som tendensar. Når ein søker opp relativt små kategoriar av ord, som t.d. «ord for kvinner» som berre har 10 ord med meir enn 5 treff med suffikset *-a* i bunden form eintal, vert det fort problematisk å definera kva som kan kallast eit signifikant tal, og kva som berre er tilfeldig. Det er interessant å samanlikna suffiks ord for ord, men då vert talet på treff ofte svært lite og det vert umogleg å diskutera signifikans. Denne utfordringa løyser eg ved å leita etter signifikans og tendensar på kategoriane av ord, medan eg presenterer enkeltorda i tabellar og vedlegg og viser til kunnskap om historiske språkendingar og anna når eg diskuterer funna. Eg ser også nærare på enkeltord der eg synst det er spesielt interessant. Undersøkinga opnar opp for mange interessante funn som ein kan spekulera i utan at ein kan koma med bastante konklusjonar.

For å undersøkje signifikans, skal eg bruka ein velkjent metode, nemleg kjikvadrat-testen. Det er ein test som er velegna til å lesa krysstabellar. Den viser om det er ein statistisk samanheng mellom dei ulike resultatata. Eg skal bruka kjikvadratet når eg undersøker dei ulike kategoriane. Kjikvadratet måler avstanden mellom dei ulike verdiane i ein krysstabell. Kalkulatoren reknar ut om det er signifikante samanhengar mellom dei ulike faktorane. Kjikvadratet tek utgangspunkt i den såkalla «nullhypotesen», nemleg at faktorane er uavhengige av kvarandre. Eg skal nytta signifikansverdien 0.5. Dette er den mest vanlege verdien å nytta og grunnen til det er rett og slett at det har vore tradisjonen ei stund. Heilt banalt sagt er det fordi ein lenge har tenkt at dersom sannsynlegheita er på 10%, altså $p=0,1$, er det ikkje usannsynleg at data er tilfeldige, og dersom sannsynlegheita er på 1%, altså

$p=0.01$, så er det svært usannsynleg at dei observerte dataa kan skuldast tilfeldigheit. 5 % er eit passende punkt midt mellom og vert difor ofte nytta som signifikansverdi. Kjikvadrat-testen tilrår at ein nyttar verdiar på minst 5, og eg vel difor å hovudsakleg studera orda med 5 eller fleire førekomstar/treff. Fem treff er også eit lite tal, men i eit korpus med storleiken til NoTa blir det fort såpass få treff. Og dersom eg inkluderer alle orda med fem treff eller meir, får eg dekka heile 78 % av dei orda eg reknar med i analysen (altså etter at feila er tekne bort). Hovuddelen av analysen har ikkje fokus på signifikans, men eg vil gjerne ha det med, for å illustrera med ein «objektiv» kalkulator om ein kan snakka om ikkje tilfeldige resultat. Eg skal ikkje diskutera graden av signifikans og sannsynlegheit her. Til det er tala for små, og eg tenkjer at enkle diagram og tabellar viser resultatata godt.

Eg forventar i denne oppgåva at det blir mange resultat som ikkje blir signifikante, men ikkje-resultat er også viktige i forskinga.

5.8 Reliabilitet

For truverdet til oppgåva er det viktig med reliabilitet. Det betyr at undersøkinga må vera til å stola på, og at undersøkinga som eg gjer, eventuelt kan gjerast på nytt, med same resultat. Det blir difor viktig å kryssjekka resultatata, og å gjennomføra re-testar for å forsikra seg om at resultatata vert dei same. Eg ynskjer også at andre skal koma fram til same konklusjon basert på det same datagrunnlaget og legg difor ved to skjema (vedlegg 1 og 2) som viser korleis eg har kategorisert alle orda. Undervegs i oppgåva gjer eg greie for utelatne ord og førekomstar og grunngeiv kvifor eg ikkje har rekna dei med. Sjølv om denne oppgåva baserer seg på eit korpus med mange ferdig annoterte faktorar, så er det slik at mange av desse har vorte gjort med hjelp av datamaskinar, og den automatiske teljinga kan eg ikkje alltid vera sikker på. Det er difor viktig å gå gjennom tala og bryta dei ned på ordnivå for så å sjekka at det faktisk *er* treff på substantiv i bunden form, og ikkje berre andre ord som endar på *-a*. Korpuset er som tidlegare sagt annotert med diverse sosiale og grammatiske eigenskapar, men det er ikkje gjort automatiske teljingar på semantiske eller formelle eigenskapar til ordet, så dette kategoriserer eg sjølv. Grunnlaget for påstandane eg kjem med i denne oppgåva, er altså hovudsakleg basert på mine egne teljingar og dei vala eg har gjort undervegs for å få det mest mogleg korrekt etter mine prinsipp og prioriteringar.

5.9 Validitet

I arbeid med kvantitative testar vil det alltid vera eit spørsmål om ein testar det ein faktisk vil testa, eller om ein testar noko anna. Validitet testar om ein måler den eigenskapen ein vil måla. For denne oppgåva er det jo slik at eg ynskjer å sjå på fleire faktorar når det gjeld bruken av suffiks. Eit spørsmål blir korleis eg kan utføra undersøkinga slik at ein kan trekka gyldige resultat ut av ho. Ein kan skilja mellom ytre og indre validitet. Dersom ein oppnår ytre validitet er det mogleg å generalisera utifrå resultata i undersøkinga. Sidan NoTa-korpuset byggjer på data frå eit representativt utval av folkesetnaden i Oslo, er det stor sannsynlegheit for at funna vil gjelda for Oslomålet generelt. Men eit problem eg vil støyta på her, er sjølvsagt at det vert snakk om eit relativt lite datagrunnlag innimellom, så dette må me ha i bakhovudet når ein les og konkluderer (meir om signifikans i kap. 5.7). Eg uttaler meg altså om språket i NoTa-Oslodelen og prøver å ikkje generalisera utan belegg.

Korpuset er automatisk annotert, og det gjev naturleg nok ein del feil. På norsk er det jo slik at verb i preteritum og substantiv i bunden form, kan ha lik staving. Eit døme er at verbet *å pakke* vert skrive *pakka* i preteritum, men det er same skrivemåte for ei pakke i bunden form: *pakka*. Derfor kan eit ord vera annotert som femininum i bunden form sjølv om det faktisk er eit verb. Slike feil finst det få av i korpuset, fordi dei har tatt høgde for dette i analysane sine, men det førekjem nokre slike (t.d. «...og så pakka jeg dem inn da...», informant 097). Det finst også ord som høyrer heime i to ordklassar, og som då kan vera registrert med feil ordklasse. Det er difor viktig at eg også går gjennom listene og sjekkar opp enkeltord som eg veit kan vera tvitydige for å ta bort eventuelle feil, slik at konklusjonane mine vert riktige.

Ei utfordring ein støyter på når ein baserer seg på teljing av enkelttreff, er at språket og orda nesten alltid er avhengige av konteksten og at ein ikkje berre kan sjå på tala, men faktisk må sjekka bruken av ordet. Med dette meiner eg at eg stundom må inn og lesa setninga eller frasen ordforma står i. Dette gjer eg ikkje med alle ord, men eg gjer det der eg veit at ei ordform kan brukast i mange samanhengar. Etter at alle dei opplagte feila har vortne teke bort frå listene, så er det opp til meg å sortera dei av og til. Eit døme er når eg skal kategorisera orda i abstrakt og konkret. Det er jo ikkje slik at eit ord alltid er konkret eller abstrakt, men fleire ord kan brukast både i konkret og abstrakt tyding. Nokre ord ein vanlegvis tenkjer at er konkrete, kan brukast metaforisk eller som abstrakte ord innimellom. Eit døme på dette er at

pakka svært ofte vert brukt i uttrykket *hele pakka* og berre ein gong om ei konkret pakke. («og jeg bor i tredje etasje og har utsikt helt til Holmenkollen og # e Asker og hele # pakka», informant 118). For å vera på den sikre sida, må eg også her sjekka enkeltord. Ein kan relativt lett sjå korleis ordet er brukt i konteksten. Men dette krev finteljing, og er ikkje aktuelt på alle ord, men eg tenkjer at eg grunngjev vala i kapittel 6 om funn og framgangsmåte, slik at andre eventuelt kan ta sjølvstendige val om dei vil bruka dataa på ein annan måte. Det vil vera ein måte som opnar opp for at andre kan gå gjennom funna og evt. samanlikna med NoTa.

Det vert uansett mange enkelttreff på ord. Kva for faktor som spelar inn i valet av suffiks, er eit vanskeleg spørsmål, men eg vonar at kategoriseringa mi iallfall vil finne om ikkje bastante svar, så iallfall vise nokre moglege tendensar. Det finst ikkje noko fasitsvar på når ein har nok materiale til å generalisera, men korpusbruk er trass alt den måten å samla inn data på som er mest eigna til undersøkinga mi. For å undersøka oslomålet er NoTa-korpuset og TAUS dei best eigna.

5.10 Framgangsmåtar

Det er fleire utfordringar knytt til bruken av korpuset. Ei stor utfordring er sjølvstøtt om det er mogleg å trekkja nokre generelle konklusjonar frå NoTa. Så lenge ein søker på substantiv, bunden form eintal, samnamn med endinga *-a* eller *-en*, er det klart at det kan bli få treff på kvart einskilde ord. Men det er det største talespråkkorpuset me har, og det bør iallfall gje oss ein peikepinn på nokre tendensar. Eg skal no gå gjennom korleis eg kom fram til dei dataa eg fekk, og eg skal undervegs grunngje nokre av dei vala eg gjorde.

Det fyrste spørsmålet eg måtte ta stilling til, var kva slags ord eg skulle undersøkje. Sidan undersøkinga går ut på å sjå kor *a-en* held seg, synest eg at det mest interessante er å sjå på dei orda som førekjem med enten berre *-a* eller både *-a* og *-en* som suffiks. Det gjev grunnlag for å seia noko om kva ord som held lengst på *-a* og det vil avdekka om det framleis finst ord som berre har *-a*.

Aller fyrst søkte eg opp alle ord som enda på *-a* og som var annotert som substantiv, femininum, bunden form, eintal, samnamn. Eg fekk talet 2737 treff og desse var fordelte på 698 ulike ord. Etterpå gjekk eg manuelt gjennom orda for å ta bort eventuelle feilannoteringar. Eg tok hovudsakleg bort særnamn (t.d. *canada*), adjektiv (t.d. *lilla*), substantiv i fleirtal (t.d. *orda*) og verb i preteritum (t.d. *utvida*). Nokre av orda måtte eg endra talet på førekomstar på, fordi nokre ordformer jo kan vera både substantiv i bunden form og verb i preteritum, og ikkje alle er annotert med riktig ordklasse.

Når eg kom over døme på metaspråk, så tok eg også vekk dei ordformene. (Her er eit døme: I tilfellet «*hvor vikingene kom ned dit og fant en brygge, bryggja, het det egentlig den gangen*», tok eg vekk *bryggja*. Informant 108).

Dei fleste feila kunne eg sjå direkte berre på ordforma, men der eg var i tvil, søkte eg opp ordet i korpuset og såg på konteksten om ordet var eit samnamn, substantiv i bunden form eller eit anna ord. Etter at feila var tekne bort, var det att 433 ulike ord. Til saman har desse 433 orda 2186 treff med *-a*. Ord som t.d. *tida*, *fritida*, *skoletida* med fleire er registrerte som enkeltord. Dette gjorde eg fordi mange av dei er ulike leksem og det er ikkje alltid at samansette ord får lik bøyning sjølv om sisteleddet er likt. (Sjå t.d. Johannessen 2001).

Nokre ord var eg i tvil om eg skulle kategorisera som særnamn, men eg valde å la dei stå. Desse orda har alle berre eitt treff og er: *furuset-sida*, *holmestrand-dialekta*, *kampen-sida*, *elstad-boka*, *kff-tida*, *strømsveien-sida*, *thurman-dama*, *valler-kåringa*, *oslo-dialekta*, *waikiki-dama*, *vg-lista*. Alle er transkriberte med liten bokstav i korpuset og har fått bindestrek. Grunnen til at eg ville ha dei med, er at dei er samansette ord, utan å vera leksikaliserte. Det er difor interessant å ha dei med som døme. Fyrste delen av ordet er særnamn, men ikkje det andre.

Når eg sat igjen med ei liste på 433 ulike ord, søkte eg så opp kvar av desse ordformene med *-en* som suffiks. (Tradisjonelle maskulinum er sjølv sagt ikkje tatt med her.) Mange av orda som finst med *-a* i korpuset, eksisterer også med *-en* i korpuset. Eg kjem tilbake til tala i kap. 6.1.

Det er også interessant å sjå om det finst tradisjonelle femininum som har gått heilt over til å berre bruka *-en* som suffiks. Det er ikkje så lett å finna fram til kva ord som berre eksisterte med feminin bøyning i fortida i Oslo, men som så har skifta suffiks. For å leita etter slike ord som tidlegare hadde vore femininum og som no berre eksisterte med *-en* som suffiks i korpuset, søkte eg på «en, end of word, substantiv, entall, bestemt, fellesnavn». Eg fekk opp 2535 ulike ord. Eg gjekk gjennom lista ord for ord og leitte etter ord som er femininum i nynorsk og godkjente som femininum i Bokmålsordboka. Deretter sjekka eg aktuelle ord med fem treff eller meir som enda på *-en* om dei også eksisterte med *-a* som suffiks i korpuset. Tala skal eg presentera i kap. 6.1.

Eg valde deretter å sjå på fordelinga mellom *-a* og *-en* på dei mest brukte hokjønnsorda i korpuset. For å gjera resultata mest mogleg valide og reliable, valde eg som sagt å fokusera analysen på dei orda som førekjem med fem eller fleire treff. Det er 69 substantiv i bunden form eintal som endar på *-a* og oppfyller kriteriet fem eller fleire treff. Deretter søkte eg opp tilsvarende ord med *-en* som suffiks.

6 Funn

I dette kapitlet skal eg visa hovudfunna frå undersøkingane eg har gjort, og også skriva om korleis eg kom fram til dei ulike tala. Dette overlappar litt med kap. 5.10, men for at andre skal kunna forstå korleis eg har kome fram til dei resultata eg har, fann eg det naturleg å skildra framgangsmåtane i litt detaljert undervegs. Mange funn treng nemleg kommentarar og forklaringar, og desse tek eg undervegs i presentasjonane. Fyrst gjev eg ei oversikt over hovudfunna, presentert i ein enkel tabell med talet på treff og prosent. Deretter presenterer eg funna kategori for kategori. Når eg referer til NoTa, så meiner eg den siste versjonen av NoTa (Norsk talespråskorpus - Oslodelen, Tekstlaboratoriet, ILN, Universitetet i Oslo.

<http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html>), jamfør kap. 5.

6.1 Hovudfunna i oppgåva

Tabell nr 6.1 a) Alle 433 orda med *-a* i korpuset³

	<i>-a</i>		Dei same orda med <i>-en</i>	Totalt
Førekost av suffiks	2180 treff 54 %		1847 treff 46 %	4047 treff 100 %
<i>-a</i>, Fordelt på «Budd lengst»	Oslo rest: 1438 treff 64 %	Oslo vest: 806 treff 36 %	Ikkje delt inn i rest og vest fordi <i>-a</i> er i fokus for oppgåva.	
Frekvente substantiv (med 5 eller fleire treff per ord)	1695 treff 62 %		1055 treff 38 %	2750 treff 100%
Lågfrekvente substantiv (med 4 eller færre treff per ord)	508 treff 39 %		794 treff ⁴ 62 %	1300 treff 100 %

Tabellen viser tala for Oslo under eitt, bortsett frå at eg har delt opp *-a* etter «budd lengst» for å visa fordelinga mellom «rest» og vest. «Ord» betyr her substantiv, bunden form, eintal, samnamn og som finst med *-a* som suffiks i korpuset.

Eit av orda som hadde flest treff, var *sida* og *siden*. Det har eg valt å ta ut av undersøkinga. Det er eit problematisk ord når det gjeld validitet (kap. 5.9) fordi ordet har enormt mange treff (60 treff på *sida* og 296 treff på *siden*), men få av dei er eigentleg substantiv. Det vil bryta med ynsket om validitet dersom det får stå, så eg har tatt det ut av teljingane. Dei fleste *siden* er nytta som tidskonjunksjon, eller så er *sida/siden* nytta som samansett preposisjon i t.d.

³ Etter at feil er tatt bort (feil ordklasse, eigenamn m.m.)

⁴ Ein viktig grunn til at talet er så stort, er at det er nokre enkeltord som gjev veldig stort utslag. Dette kjem eg tilbake til.

uttrykk som «ved siden av» og liknande. Ordet vert aldri nytta konkret om ei bokside eller ei side i eit blad, men oftast om hus som ligg på *nedsida* og liknande, eller om å bu *ved siden av*. Fordi det sjeldan oppfører seg som eit substantiv i bunden form, blir det feil å ta det med i oversikta, fordi det gjev så stort utslag på feil grunnlag.

Til saman utgjer dei 69 mest brukte orda 2750 treff, og heile 78 % av det totale talet på treff av femininum i bunden form som eksisterer med *-a* som suffiks i NoTa-korpuset. Dei 69 mest frekvente orda har fem eller fleire treff på *-a*. Blant desse 69 mest frekvente orda på *-a* ser me at det er overvekt av treff med *-a* (62 % mot 38 % med *-en*).

Når eg deler opp i Oslo vest og Oslo rest, vert fordelinga i dei 69 mest frekvente orda med *a* som suffiks slik:

Oslo rest	Oslo vest
1081 treff, 64 %	614 treff 36 %

Denne enkle oversikta viser at skilnaden i bruken av *-a* som suffiks skil seg med 4 % også når ein deler opp i «rest» og vest. Medan det totalt er 62% bruk av *-a* i korpuset, så er står informantar frå Oslo «rest» for 64 % av orda med *-a* som suffiks. Tala viser at det absolutt kan vera interessant å leita etter mønster andre stader enn i dei to sosiolektane.

Tabell nr. 6.1 b) Dei 69 mest frekvente orda som finst med *-a* i NoTa:

	<i>-a</i>	<i>-en</i>	Totalt
Førekost av suffiks	1695 treff 62 %	1055 treff 38 %	2750 treff 100 %
Konkrete substantiv (51 ord)	1033 treff 85 %	187 treff 15 %	1220 treff 100%
Abstrakte substantiv (18 ord)	605 treff	567 treff	1172 treff

	52 %	48 %	100%
Ord for kvinner (10 ord)	236 treff 45 %	292 treff 55 %	528 treff 100%
Trykklett -e (34 ord)	847 treff 78 %	238 treff 22 %	997 treff 100 %
Ikkje trykklett -e (34 ord)	822 treff 51 %	796 treff 49%	1618 100 %

Tabellen viser oss samla oversikt. Nokre ord høyrer til fleire kategoriar, til dømes er «kone» både konkret, ord for kvinne og endar på trykklett -e. Difor vert summen av dei ulike kategoriane mykje høgare enn totalen på treff. Trykklett -e og ikkje trykklett -e blir berre 68 ord til saman, og det er fordi ordet «katta» viser til «ei katte», mens «katten» viser til «en katt». Det blir difor feil å kategorisera det som eit ord med eller utan trykklett -e i ubunden form.

Av alle dei 69 orda eg søkte på, var det sju ord (*øya, dialekta, vogna, prøva, kassa, jakka, venninna*) som ikkje hadde treff på -a i Oslo vest, og ingen ord som ikkje hadde treff på -a i Oslo «rest». Dei andre 62 orda har altså treff på -a i både vest og rest. Sjølv om det er ei klar overvekt av -a i «rest», så er suffikset absolutt i bruk på dei mest frekvente orda i korpuset også i Oslo vest.

6.1.2 Ord med berre eit av suffiksa

Det er 11 ord som berre eksisterer med -a som suffiks blant dei 69 mest frekvente orda. Desse orda er (med treff i parentes): *kona (45), bikkja (20), øya (18), ræva (16), rumpa (14), ramma (12), kjerringa (9), lomma (7), gryta (6), kulda (6) og potta (5)*. Ordforma *lomma* har 0 treff i «Oslo rest» mens elles blir alle ordformene brukt i både «Oslo rest» og «Oslo vest.» Fellestrekket desse orda har, er at dei er konkrete. Eg var litt i tvil om *kulde* skulle kategoriserast som konkret, sidan det ikkje er noko du kan ta og føle på, men det er samtidig

eit fysisk fenomen, og det er heller ikkje berre ein tanke eller ei kjensle, så eg valde til slutt å sortera det som eit konkret ord.

Dersom me ser på alle 433 substantiva med *-a*, er det naturleg nok mange av orda som eksisterer med berre eitt treff på *-a* og ingen treff på *-en*. Det betyr nok ikkje at dei er leksikalisert med *-a*, men heller at det er sjeldne ord og ofte også samansette ord (*bamsemumspakka*, *dokumentargreia* m.fl.) og difor har dei berre eitt einaste treff. Eg har gått gjennom desse orda for å leita etter nyord i jakta på produktivitet, men fann ikkje det (jf. Kap. 3.4.). Både *pakka* og *greia* er relativt frekvente ord i NoTa, og sidan samansette ord får bestemtheitssuffiks etter det siste ordet, så kan ein ikkje seia noko om produktivitet her, meiner eg.

Som forklart i kap. 5.10, så søkte eg også opp alle orda som endar på *-en* i korpuset for å finna ut om nokon tradisjonelle femininum har skifta bøyingsuffiks og berre er i bruk med *-en* i NoTa. Eg tok berre med ord med fem treff eller fleire. Av desse orda er det 13 ord som berre eksisterer med *-en* i korpuset, men som er godkjente som både femininum og maskulinum i Bokmålsordlista. Her er lista over desse 13 orda, med tal på treff i parentes: *Nærheten* (96), *årsaken* (12), *morgningen* (12), *formen* (7), *interessen* (6), *adressen* (5), *skråningen* (5), *oppskriften* (5), *bygningen* (5), *handlingen* (5), *lykken* (5), *lengden* (5), *dukken* (5). Ordet *lykken* vert berre brukt av informantar som har budd lengst i «rest», og ordet *dukken* vert berre brukt av informantar som har budd lengst i vest. Alle dei andre orda vert brukt av informantar frå både «rest» og vest. Det klaraste fellestrekket desse orda har, er at dei fleste er abstrakte. Det er berre *bygningen*, *skråningen* og *dukken* som eg vil kalla konkrete. Dei andre 12 er abstrakte. At abstrakte ord har gått over til *-en* er som forventet utifrå hypotesen om at konkrete ord vil halda lengre på *-a*, men at abstrakte ofte vil ha *-en*. Men funna mine elles viser at suffikset *-a* ser ut til å stå sterkt hjå abstrakte ord (kap. 6.3.1.3).

Medan det er 11 ord som berre eksisterer med *-a* blant orda med fem treff eller fleire, er det 13 som berre eksisterer med *-en*. Resultatet er ganske likt for begge suffiksa og dei aller fleste orda har treff i både «rest» og vest.

6.2 Sosiolingvistiske faktorar

Det er vel kjent at Oslomålet lenge har hatt to variantar, ein i Oslo vest og ein i Oslo aust. Som hovudfunna i 6.1 viste, er «budd lengst» i Oslo vest eller «rest» ein tydeleg faktor når det gjeld distribusjonen av suffiksa. Så sjølv om det ikkje er fokus i denne oppgåva, må eg ta med ei grovteljing av diverse sosiolingvistiske faktorar. Eg har sortert tala på dei store kategoriane: geografisk tilhøyrse, utdanning, kjønn og alder. Her er det allereie gjort ein del analysearbeid, så eg skal også visa til analysar og funn som er gjort tidlegare. Bortsett frå når det gjeld budd lengst, så tek eg utgangspunkt i tala og sorteringane frå dataanalysane i NoTa. Denne oppgåva skal hovudsakleg skal sjå på grammatiske kategoriar, og ikkje ha fokus på dei sosiolingvistiske, så eg har stort sett teke utgangspunkt i tala frå dataanalysane til NoTa. Dei fleste av desse tala tek ikkje utgangspunkt i dei 69 mest frekvente heller. Det vil difor vera nokre feil i treffa (den automatiske analysen sorterer av og til samnamn som særnamn og liknande), men sidan eg her berre skal visa det store biletet, gjorde eg ikkje noka eiga finsortering. Tala må difor lesast som store tendensar. Eg søkte opp «a» som «end of word» og valde substantiv, eintal, bunden form, samnamn, femininum og sorterte deretter funna på dei ulike sosiolingvistiske kategoriane.

6.2.1 Geografisk tilhøyrse

Det eine forskingsspørsmålet mitt er: *Kan ein finna same mønster i både Oslo vest og i Oslo «rest»?* Hypotesen min var som sagt at det er skilnader i distribusjonen, men at det kanskje er mindre skilnader mellom aust og vest i NoTa enn det var i TAUS, fordi folk flyttar meir på seg. Men når eg deler inn informantane i «rest» og vest, så er det kategorien «bodd lengst», og det er ikkje snakk om at folk plutselig har endra bustad frå «rest» til vest eller omvendt. Eg tvilar også på om status og identitet er like sterkt knytt til suffiksbruk som det var tidlegare. Når det gjeld Oslo «rest» og Oslo vest, har eg gjort mi eiga finsortering etter kor informantane har «budd lengst». Eg har brukt lista over dei 433 orda som er igjen når diverse «feil» er borte. Resultata ser slik ut:

Tabell nr. 6.2.1 a) Alle substantiv som endar på -a, sortert på «rest» og vest

	Ord	Førekomstar/treff
Oslo rest	320	1398
Oslo vest	199	786

Eg tok med talet på ord for å visa at det er fleire ord med *-a* i rest enn i vest. Heile 233 ord eksisterer berre med treff på *-a* i Oslo rest og ingen i Oslo vest. Det er stort sett ord med berre eitt treff det er snakk om her. Det finst 112 ord som berre finst med *-a* i Oslo vest. At dobbelt så mange av orda med enkelttreff på *-a* hamnar i rest og ikkje i vest, er nok ikkje tilfeldig. Det viser ikkje nødvendigvis at *-a* er produktiv i rest, men det viser mest sannsynleg at det er større breidde i bruken av *-a* i rest. Det stemmer også med tesen om at *-a* held seg lenger i «rest» enn i vest.

Men hovuddelen av analysen min handlar om dei 69 mest frekvente orda. Me skal no sjå korleis suffiksbruken er då.

Tabell 6.2.1 b) 69 mest frekvente substantiv som endar på *-a*, sortert på rest og vest


	Ord	Førekomstar/treff
Oslo rest	67	1109
Oslo vest	63	620
Totalt	69	1729

Tabellen viser også her tydeleg at det er meir bruk av *-a* som suffiks i «Oslo rest». Men han viser også at *-a* er i bruk på 63 av dei mest frekvente orda i vest. Når det gjeld forskjellen mellom «rest» og vest, så er denne problemstillinga så sentral at eg kjem tilbake til ho under kvar einaste kategori framover. Eg summerer opp funna kap. 6.6 etter at eg har gått gjennom alle dei sosiale og grammatiske kategoriane.

6.2.2 Utdanningsnivå

Det er også interessant å sjå om distribusjonen av *-a* kan sjåast i samanheng med utdanningsnivået til informantane. Dei to variantane av oslomålet har jo vorte sett på som to sosiolektar, og bruk av *-a* har kanskje vore ein markør for dei med låg utdanning i tillegg til dei med tradisjonelt austkantmål. Slik var det iallfall i TAUS (Western 1977). I seinare tid har det ikkje alltid vore slik at utdanningsnivå i like stor grad har hengt saman med geografisk bustad. Tabellen er rekna utifrå NoTa sine automatiske tal.

Figur 6.2.2 Bruken av *-a*, fordelt på utdanningsnivå



Diagrammet tek utgangspunkt i NoTa sine automatiske tal, så det inkluderer nokre automatiske feilannoteringar. Talet på treff fordeler seg slik: Høg utdanning: 1054 treff, låg utdanning: 1338 treff.


Når eg summerer treffa, altså talet på substantiv med *-a* i bunden form, på høg og låg utdanning, får eg 2392 treff. NoTa gjev opp at 81 av 166 informantar har høg utdanning, og 81 av 166 informantar har låg utdanning. NoTa skriv sjølv at det er ein informant med ukjent utdanningsnivå. Det betyr at det er 3 informantar igjen å gjera greie for. Uansett kva for utdanningsnivå desse fire informantane har, så rokkar det ikkje ved faktumet at me finn mest *-a* hjå informantane med låg utdanning. Det er også slik at dei med høg utdanning har produsert mesteparten av treffa i korpuset, nemleg 502878 av 957063 (53 %) medan dei med

låg utdanning har snakka litt mindre, og har produsert 442587 treff av 957063 (46 %). Den siste prosent er det personane med ukjent utdanningsnivå som står for.

6.2.3 Kjønn

Kvinner og menn er likt representerte i korpuset. Det er 84 menn og 82 kvinner med i korpuset, begge kjønna står for like mykje av talen.

Figur 6.2.3 Kjønn, fordeling på treff med -a i NoTa



Talet på treff: Menn: 1394 treff, kvinner: 1028.


Tendensen er klar, det er menn som nyttar mest *-a*. Dette stemmer med det Johannessen (Johannessen, 2008, s. 240) kom fram til i undersøkinga si (sjå kap. 3.6). Det er ikkje gjort finteljing her (det inkluderer som sagt nokre feilannoteringar), men det store biletet er at kvinner nyttar meir *-en* enn menn, uavhengig av geografi og sosial klasse. Dette er som ein kunne venta ut frå Hudson (Hudson, 1996). Han skriv at mange sosiolingvistiske studiar viser at kvinner nyttar den mest prestisjefylte varianten av språket. «One remarkable pattern has emerged repeatedly in these studies: for virtually every community, females (of every age) use high-prestige standard variants more often than males do» (Hudson, 1996, s. 193). Ein grunn til at kvinner skulle bruka meir *-en* enn menn, er at kvinner er meir innovative i språket og også at kvinner er meir opptekne av sosial status og såleis vil nærma seg språket med mest status. Ein kan diskutera om *-en* gjev mykje meir status enn *-a* i våre dagar. Men eg skal ikkje gå vidare inn på grunngevingane her, men berre konstatera at tala nok ein gong er som ein

ville venta utifrå eit sosiolingvistisk perspektiv. Dersom det stemmer at kvinner er meir innovative, kan me forventast oss meir *-en* framover. Det vil tida visa.

6.2.4 Alder

Dataa i NoTa kan sorterast etter alder på informantane. Informantane er delte inn i tre alderskategoriar: 16 – 25 år, 26 – 50 år og 51+. Det viser seg at det er dei mellom 26 og 50 år som nyttar *-a* mest.

Figur 6.2.4 Bruken av *-a*, fordelt på alder



Tala på treff fordeler seg slik: 16 – 25: 798 treff, 25 – 50: 915 treff, 50 +: 709 treff

Diagrammet viser at det er dei mellom 26 – 50 år som brukar mest *-a*. Dersom *-a* er på veg ut, burde det vel ha vore dei på 51+ som skulle nytta den mest, men det er faktisk dei som har færrest døme på *-a*. Og dersom *a*-en spreier seg, så ville ein vel ha sett den mest hjå dei yngste. Det er med andre ord ikkje så lett å finna svar på om *a*-en spreier seg eller ikkje. Men det at *a*-en er såpass jamt fordelt på dei tre aldersgruppene, kan vera eit signal om at suffikset er relativt stabilt.

6.2.5 Sosiolingvistiske faktorar – ei oppsummering

Denne gjennomgangen viser at dersom me ser på dei store tala, så ser det ut som om bruken av *-a* kan knytast til dei sosiale faktorane, utdanning, kjønn og geografisk tilhøyrslse. Det er klare tendensar til at bruken av suffiks er knytt til sosial og geografisk tilhøyrslse. Samtidig viser gjennomgangen at alder ikkje spelar noka stor rolle, og at begge suffiksa ofte er i bruk uavhengig av sosial kategori, sjølv om overvekta er klar. Det er meir bruk av *-a* i Oslo «rest», hjå menn og hjå dei med låg utdanning.

6.3 Grammatiske kategoriar

Gjennomgangen av dei sosiolingvistiske kategoriane viser som sagt ein samanheng mellom sosiale faktorar og bruken av suffikset *-a* eller *-en*, men dei kan ikkje forklara all variasjonen. Dei forklarar heller ikkje kvifor *-a* framleis er såpass mykje brukt, både aust og vest i Oslo. Eg har tidlegare vist hovudfunna i undersøkinga mi (kap 6.1). Eg skal no presentera funna som tek utgangspunkt i forskingsspørsmåla mine, og sjå på kategoriane ein for ein. Når det gjeld valet av kategoriar å undersøkje, så plukka eg desse utifrå fleire kriterium. Eg ville sjå etter teikn på semantisk og formell motivasjon for valet av suffiks. I fylgje Corbett er det jo slik at alle genustilordning tek utgangspunkt i kjernesemantikken, og dersom me heller skal snakka om bøyingsklasse, så burde me sjå teikn på at formelle eigenskapar styrer valet av suffiks. Eg analyserer kvar kategori undervegs, deretter ser eg på frekvens og diskuterer genus og bøyingsklasse før eg samanfattar og konkluderer analysen i kap. 8.

Når det gjeld semantikk, så var ønsket mitt å sjå på animatheit, men korpuset har ikkje nok døme på animate ord til å gje eit heilskapleg bilete. Dei fleste animate substantiva som får *-a* i korpuset, er ord for kvinner. Og sidan ord for kvinner er ei spesielt interessant gruppe av substantiv som tronar øvst i animatheitshierarkiet og er ein del av kjernesemantikken, så ser eg nærare på den kategorien sjølv om det er snakk om svært fåe ord.

I tillegg kan ein sjå konkretheit i samanheng med animatheit. I animatheitshierarkiet er det slik at konkrete inanimate ord kjem høgare opp i hierarkiet enn abstrakte ord som kjem sist i

hierarkiet. Abstrakte ord er dei som er minst animate. Både konkretheit og ord for kvinner er to aspekt som har vore sterkt knytt til genus i fleire språk, så det er spesielt interessant å gå djupare inn i akkurat desse to kategoriane.

Når det gjeld morfologiske mønster, har eg valt å sjå etter ord som endar på *-ning* og *-ing* og ord som endar på trykklett *-e*. Grunnen til at eg har valt desse, er at både NRG, Western og Opsahl trekkjer fram ord på *-ing* som typiske femininum, og at dei oppfører seg litt spesielt i nynorsk, så eg lurar på om dei oppfører seg spesielt også i Oslomålet. Eg ser også på den formelle kategorien «ord som endar på trykklett *-e*».

6.3.1 Semantisk mønster?

Eit av forskingsspørsmåla er *Finst det eit semantisk mønster for kor -a held seg lengst?* Eg skal no gå gjennom nokre semantiske kategoriar og sjå korleis endingane fordeler seg på dei to variantane *-a* og *-en*.

6.3.1.1 Animatheit

I fleire språk med eit togenussystem, er det slik at substantiva ofte er delt inn etter biologisk kjønn og/eller at animate og inanimate substantiv høyrer til ulike genus. Corbett meiner som sagt at genus alltid baserer seg på kjernesemantikk. Dersom Oslomålet er på veg mot felleskjønn og inkjekjønn, kan ein tenka seg at animatar får felleskjønn og inanimat får inkjekjønn. Og slik er det også i det tradisjonelle norske genussystemet der maskulinum og femininum er animate, medan nøytrum oftare er inanimat. I animatheitshierarkiet til Dahl (sjå kap. 3.2) så kjem menneske øvst, deretter store dyr, så mindre dyr. Det hadde vore spennande å undersøkje animatar som ein eigen kategori, men det finst generelt få animatar i korpuset og spesielt for få dyreord til at dette let seg gjere. Det er ein del som snakkar om hunden og katten sin, men her nyttar dei både *hund* (m) og *bikkje* (f) og *katt* (m) og *katte* (f). Og dyreord er jo uansett litt problematiske på norsk, fordi nokre dyreord er maskulinum (*tiger*) og nokre femininum (*løve*) uansett om me snakkar om ein hann eller ei ho, medan andre har to ulike ord etter kva kjønn dyret har. Eg har difor valt å heller undersøka ord for kvinner. Som vedlegget mitt over dei 69 mest brukte orda viser, er dei animate orda for det aller meste ord for kvinner.

6.3.1.2 Ord for kvinner

Me veit frå mange andre indoeuropeiske språk at ord for kvinner ofte er femininum, fordi det ser ut som om det er eit tett band mellom biologisk kjønn og grammatisk kjønn. Dette finn me blant anna i fransk og spansk. Referansegrammatikken trekker fram biologisk kjønn som ein motivasjonsfaktor for genus også på norsk. Der «har vi ofte særskilte maskuline og feminine ord som samsvarer med naturleg kjønn» (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997, s. 153). Dei feminine orda som NRG listar opp som døme, er *jente, kvinne, søster, datter, mor, kjerring, dame* og *brud*. Resultata eg får frå korpuset, går i to retningar. Nokre ord for kvinner har overvekt av *-a*, medan andre får mest *-en*.


Eg tok igjen utgangspunkt i lista over dei 69 mest frekvente substantiva i bunden form eintal, samnamn og fann orda for kvinner. Det var 10 ulike ord, nemleg *kona, mora, søstera, jenta, dattera, lillesøstera, dama, tanta, kjerringa* og *venninna*. Eg leitte opp tilsvarende ord med *-en* som suffiks og skreiv tala inn i eit kji-diagram for å undersøkje om skilnaden mellom suffiksa kunne kallast signifikante. Sidan ord for kvinner høyrer til kjernesemantikken, vel eg å bruka mykje plass på desse orda her.

Tabell 6.3.1.2 a) Ord for kvinner, treff på suffiks, fordeling «rest» og vest

	<i>-a</i>	<i>-en</i>
Oslo «rest»	173	79
Oslo vest	63	137
Totalt	236	216

Dersom ein køyrer desse tala i ein kji-kvadrat-test, så får ein at p-verdien er $8.572e-15$. Dette betyr at resultatet er signifikant, altså at «budd lengst» er ein faktor som påverkar suffiksbruken. Grunnen til at eg tok med «budd lengst» (Oslo vest og Oslo rest), er at det har vore den faktoren som ser ut til å ha mest å seia for valet av suffiks. Eg har også rekna ut prosentane og viser dei i diagrammet under:

Figur 6.3.1.2 b), Ord for kvinner



Tabellen viser fordelinga av suffiks hjå dei 10 ulike orda på kvinner med fem eller fleire treff.

Når me får resultatata opp i eit diagram, er det endå tydelegare å sjå at *-a* står sterkare i rest, og at *-en* står sterkast i vest. Ein kan også sjå at det er større skilnad i bruken av *-a*, medan forskjellen er mindre i bruken av *-en*. Når det gjeld *-en* ser det altså ut til at geografi ikkje spelar så stor rolle som for *-a*. Ord for kvinner har samla sett ei lita overvekt av *-a* blant dei mest frekvente orda. Diagrammet viser også at *-en* er ganske mykje brukt også i Oslo rest. Det er viktigast å ha det store biletet, men me skal også ta ein kikk på korleis suffiksa fordeler seg på dei enkelte ordformene.

Tabell 6.3.1.2 a), Ord for kvinner, dei ti mest frekvente, suffiksbruk fordelt på rest og vest

Ord i ubunden form	<i>-a</i>		<i>-en</i>	
	Oslo rest	Oslo vest	Oslo rest	Oslo vest

kone	28	17	0	0
Mor	28	14	48	71
Søster	24	4	11	24
Jente	20	8	0	2
Datter	20	2	7	20
Dame	12	9	3	3
Kjerring	5	4	0	0
Lillesøster	7	1	2	5
Venninne	21	0	8	9
Tante	8	4	0	3
Totalt	173	63	79	137

Denne oversikta over dei ti mest frekvente orda for kvinner med viser at dei fleste orda førekjem med begge endingane. Tabellen viser at me finn overvekt av suffikset *-a* på orda *kona* (100 %), *jenta* (66 %), *dama* (77 %), *kjerringa* (100 %) og *lillesøstera* (53 %). Det finst to ord som berre førekjem med *-a* som suffiks, og det er *kjerringa* og *kona*. Det er ingen av desse ti orda for kvinner som berre eksisterer med *-en* som suffiks, men ordformene *moren* (74 %), *søstera* (55 %) og *datteren* (55 %) har overvekt av *-en*. Dei fleste orda fordeler seg ganske jamt mellom Oslo rest og Oslo vest, men to ord skil seg ut, det er *dattera/datteren* og *søstera/søstera* som begge har tydelege skilje på rest og vest når det gjeld suffiksbruk. *-a* dominerer i Oslo rest, medan *-en* dominerer i Oslo vest. Men generelt vil eg konkludera med at ein ikkje kan seia at suffiksbruken berre handlar om kor ein har budd lengst, for sjølv om det er overvekt av *-a* i rest og *-en* i vest, så er det likevel slik at begge suffiksa finst i både rest og vest.

Både *kjerringa* og *kona* kan sjå ut som om dei er vortne leksikaliserte med *-a* i bunden form. *Kona* eit av dei mest brukte orda for kvinne i dette korpuset. Det at *konen* får null treff, kunne ein tenkja seg at hadde fonologiske årsaker. Ein ville fått /ko:nn/ og det er ikkje så lett lydleg, men det fungerer jo med /mann/ (*mannen*) og /kvinn/ (*kvinnen*), så det er nok ikkje

forklaringa. Eg søkte også opp *min kone* og fekk to treff på det. Korpuset gjev heile ti treff på *kona mi*. Korpuset hadde ingen treff på *ei kone*, men to treff på *en kone*. Både Lødrup og Opsahl er inne på at *ei* nesten ikkje er i bruk i det heile, så det var ikkje overraskande. Ordet *kjerring* er både eit arveord og også eit såkalla lågstilord i Oslo-området. I våre dagar blir det vel mest brukt nedsetjande her, viss det vert brukt i det heile. Lågstilsord og skjellsord er ikkje så lett å finna i talespråkskorpuset, det er jo naturleg at folk ikkje bannar og snakkar nedsetjande om folk i eit slikt opptak.

Dersom ein ser på suffiksbruken per ord, så viser tala at 6 av orda har overvekt av same suffiks (*kona, moren, dama, tanta, kjerringa, jenta*), og 4 ord oppfører seg ulikt, med overvekt av *-a* i rest og *-en* i vest. Dei orda som er ulike er *søstera/søsteren, dattera/datteren, lillesøstera/lillesøsteren, venninna/venninnen*. Bortsett frå det sistenemde ordet, er dette ord som ikkje sluttar på trykklett *-e*. Slik sett så rokkar ikkje distinksjonen mellom «rest» og «vest» ved det faktum at trykklett *-e* oftare predikerer *-a* enn ord som høyrer til den semantiske kjerna «ord for kvinner».

Tabell 6.3.1.2 viser resultata blant dei 69 mest brukte orda i korpuset, fordi eg ville sjå på orda med fem eller fleire treff. Men sjølv om det ikkje vil vera signifikante funn, er det også interessant å ta ein kikk på dei andre orda for kvinner i korpuset. Eg gjorde eit nytt søk der eg inkluderte alle orda for kvinner i korpuset. I tillegg til orda over, fekk eg med *forsikringsdama* (1), *frua* (1), *gamla* (1), *lærerinna* (1), *lærerinne* (3), *mormora* (3), *mormoren* (7), *nabokjerringa* (1), *storesøstera* (1), *storesøsteren* (1), *thurman-dama* (1), *vaskedama* (1), *waikiki-dama* (1), *farmora* (2), *farmoren* (4), *frisørdama* (2), *frisørdamen* (1). Nokre ord skil seg ut med relativt mange treff og det er *mormoren* og *farmoren*. I tillegg kan me sjå at *dama* er brukt i fleire samansetjingar. Dette peikar i same retning som resultata over, nemleg at nokre ord har klare preferansar for *-a* eller *-en* uavhengig om det er i samansette ord eller ikkje, og kanskje også uavhengig av frekvens. Her tenkjer eg på at både *dama* og *moren* er frekvente ord, med ulik preferanse for suffiks. Dette suffikset er det same om ordet står åleine (*moren, dama*) eller i samansetjingar (*farmoren, vaskedama*).

Ordet kvinne i bunden form eksisterer berre med forma *kvinnen* i bunden form i NoTa (med eitt treff på *kvinnen* og to treff på *Ungkarskvinnen*), så det er ikkje med i oversikta her sidan

eg berre søkte opp ord som endar på *-a*. *Kvinne* er nok for mange eit «bokord» og blir ikkje så ofte brukt i talespråket. Men eg får opp 4 treff på *kvinne*, hjå fire ulike informantar, alle brukar *en* framfor *kvinne*.

Felles for orda for kvinner som får *-a*, er at dei endar på trykklett *-e* i ubunden form. Trykklett *-e* i ubunden form ser ut til å vera ein sterk indikator i alle substantiva. Det ser ut til at trykklett *-e* er ein viktigare motivasjon for *-a* enn det biologisk kjønn er. Dette kjem eg tilbake til i kap. 6.3.2.3.

Det mest interessante når det kjem til ord for kvinner, er at *mor*, *søster*, *dotter* og *mormor*⁵ har overvekt av *-en*. Dei er alle konkrete og dei er høgfrekvente. Fordi høgfrekvente ord skulle vera mest resistente mot endring generelt, stussar eg over at desse orda har overvekt av *-en* og ikkje *-a* som suffiks. Orda har fleire fellestrekk. Ingen endar på trykklett *-e* i ubunden form, alle er slektskapsord, og alle er arveord med urnordiske r-stammer, og høyrde såleis til same bøyingsklasse i fleirtal i norrønt. Dette har dei også til felles med slektskapsorda *far* og *bror*. I norrønt var ordformene *moðir*, *dottir*, *systir*, *faðir* og *broðir*. I tillegg har desse orda uregelrett bøyning i fleirtal i dag, *mor-mødre*, *bror-brødre*, *datter-døtre*, *far-fedre*. Dei fylgjer omtrent heilt likt mønster. Haugen skriv at desse orda kan få fullstendig samanfall i oblike kasus i eintal i norrønt, og dei har gjennomført i-omlyd i fleirtal (Haugen, s. 120-121). At desse orda er slektskapsord, kan ikkje vera nokon sterk motivasjon for analogi, for det er jo mange av dei andre orda for kvinner også. Men det har kanskje noko med å gjere at dei viser slektskap i rett linje.

Det vert i så fall ein veldig liten semantisk kategori. Heilt sidan urnordisk har altså desse orda høyrte til den same bøyingsklassa i fleirtal, uavhengig av genus. Det at desse orda har høyrte til same bøyingsklasse i fleirtal kan ha ført til analogi med slektskapsorda *far* og *bror*. Men i dei andre norske dialektane seier folk helst *mora*, *dattera*, *søstera* og ikkje med *-en*, så denne teorien held ikkje.

⁵ Mormor er samansett, så eg utelukkar det som eit eige ord vidare, fordi eg uansett skriv om *mor*.

For å vera heilt sikker på at slektskapsord ikkje er ein sterk motivasjonsfaktor, har eg sett på slektskapsord under eitt. Eg fann berre seks ulike slektskapsord for kvinner i NoTa-korpuset. Det var *mor, kone, søster, datter, tante og kusine*. Prosenttala på suffiksbruken såg slik ut i NoTa:

Tabell 6.3.1.2 b) Slektsskapsord i NoTa og i TAUS

NoTa		TAUS	
Mora 27 %	Moren 73 %	Mora 37 %	Moren 63 %
Kona 100 %	Konen 0 %	Kona 89 %	Konen 11 %
Søstera 46 %	Søsteren 54 %	Søstera 25 %	Søsteren 75 %
Dattera 41,5 %	Datteren 58,5 %	Dattera 14 %	Datteren 86 %
Tanta 80 %	Tanten 20 %	Tanta 62,5 %	Tanten 37,5 %
Kusina 57 %	Kusinen 43 %	Kusina 89 %	Kusinen 0 %

Desse seks orda oppfører seg ulikt, så slektskapsord ser ikkje ut til å vera den sterkaste motiverande faktor for kva suffiks som vert brukt i bunden form. Jamføringa mellom NoTa og TAUS viser at tendensen er den same. Sjølv om tala varierer litt, så viser tabellen at det dominerande suffikset på kvart enkelt ord er likt i både NoTa og TAUS. Det er også interessant å sjå at t.d. *datteren* hadde større overvekt av *-en* i TAUS enn i NoTa. Her har altså utviklinga gått mot meir bruk av *-a*. Dette gjeld for fleire ord. Generelt ser me også at det er større skilnad i prosent i TAUS enn i NoTa, suffiksa er altså jamnare fordelt i NoTa.

Det kan vera fonologi som ligg til grunn for at *mor, datter og søster* oppfører seg overraskande. *Mor, søster og dotter* har det til felles at dei får ei fonologisk samantrekning i bunden form, ikkje *moren*, men /mu:ŋ/, akkurat som /søstæn/ og /datæn/. Dette gjeld også for /fa:en/, /bru:ŋ/. For å finna tradisjonelle femininum med både *-ra* og *-re* som suffiks, er det lettaste å søkja på femininum som endar på *-ra*. Viss ikkje, får eg opp alle maskulinum på *-ren* også. Ord som vert uttalt /mu:ŋ/, er transkribert som *moren* i NoTa. Eg gjekk på jakt i korpuset etter alle substantiv i bunden form som enda på *-ra* og fekk berre opp eit nytt ord, nemleg *døra*. Grunnen til at eg valde den måten å søkja på, er at så å seia alle dei tradisjonelle hokjønnsorda har førekomstar av både *-a* og *-en* i bunden form. Så det einaste dømet eg kan

jamföra med, blir ordet *dør* og der får ein opp desse prosenttala: *døra* 73 % (47 treff) og *døren* 27 % (13 treff). Dei 13 informantane som brukar *døren*, seier /dø:ɳ/ og ikkje /dø:ren/. *Døra* skil seg frå *mor*, *dotter* og *søster* når det gjeld animatheit, fordi *døra* er eit konkret inanimat ord som kjem langt ned i hierarkiet i motsetnad til ord for kvinner. Corbett m.fl. meiner at ord som kjem langt ned i hierarkiet ikkje nødvendigvis får genus etter semantiske eigenskapar. Når det gjeld formelle eigenskapar, så er det slik at *dør* heitte *dyrr* i norrønt, så det ordet tilhøyre ikkje r-klassa. I ordboka står det at «egentlig var ordet plur. (den ags, form dual.) af en konsonantstamme **dur*. (Etymologisk ordbog). Eg finn altså ikkje svar i korpuset på om det er eit mønster for dette fenomenet i fonologien åleine. Stjernholm og Ims viste også at det var større aksept for *-a* som suffiks i *døra* enn på andre ord (Stjernholm og Ims, 2013).

Moren oppfører seg annleis enn alle dei andre, og er eit frekvent ord. Det er litt uventa at eit såpass frekvent ord skulle ha så tydeleg overvekt av *-en* både i Oslo rest og Oslo vest. Ein informant seier faktisk: «*moren* hans gjorde det og *søstera* gjorde det» (informant 094). Det er interessant å sjå at han har to ulike suffiks på desse orda også når dei står så tett. Det skulle tyda på at informanten opplever at desse to orda ikkje skal ha same suffiks i bunden form. *Moren* er meir frekvent enn *søstera* og *dattera*, så dette dømet går imot resten av undersøkinga som viser at frekvente ord oftare får *-a*. Dette tyder på at hjå denne informanten er det ikkje semantikk som predikerer suffikset.

Fordelinga mellom vest og rest er interessant også på bunden form av ordet *venninne*. Suffiksa fordeler seg ganske jamt mellom *-a* (54 %) og *-en* (46 %), men all bruk av *venninna* er i Oslo rest, medan *venninnen* vert brukt i både «rest» (8 treff) og vest (11 treff). Dette kan tyde på at det er *venninnen* som er den progressive forma, sidan *venninna* tradisjonelt er ei form i Oslo rest, medan ein kan tenka seg at *venninnen* berre fanst i vest tidlegare. Når ein søker på *venninna* og *venninnen* i TAUS, får ein berre opp tre treff. To treff på *venninna* (men same informant, ein person frå «øst»), og eit treff på *venninnen* (denne informanten er også frå «øst», og ikkje «vest» slik eg ville trudd.) Dette er sjølvsagt for få treff til ein konklusjon, men det er interessant at også *venninnen* var i bruk av informanten frå «øst». Her ser me eit unntak frå regelen om at trykklett *-e* predikerer *-a*. (Men dette ordet er heller ikkje tostava, så det kan ha noko å seia.)

Undersøkinga mi viser at ord for kvinner samla sett har litt overvekt av *-a*, medan nokre høgfrekvente slektskapsord likevel får *-en*. Dette er omtrent som ved andre tradisjonelle femininum. Eg har også prøvd å leita etter mønster på mange måtar i denne kategorien, men her har eg ikkje fått eit fullgodt svar. Nesten uansett korleis eg prøver å sortera funna innan kategorien «ord for kvinner», så endar eg opp med at det ikkje blir eitt klart mønster, bortsett frå at skiljet mellom vest og rest framleis er gjeldande. Det er framleis ei gåte for meg kvifor oslofolk heller seier *moren, datteren, søsteren* enn *mora, dattera og søstera*. Konklusjonen min vert at det ikkje ser ut til at biologisk kjønn og spesielt ikkje slektskapsord er ein sterk motivasjon for *-a*, ord for kvinner oppfører seg ikkje likt. Dette bryt med hypotesen min om at ord for kvinner burde halda lengst på *-a*. Tala viser på den eine sida at det er store skilnader mellom suffiksbruken i Oslo vest og Oslo «rest», men dersom ein bryt dei ned på enkeltord, så finn ein den same tendensen i både «rest» og vest, nemleg at trykklett *-e* predikerer *-a* både i aust og i vest.

6.3.1.3 Konkrete versus abstrakte ord


NRG skriv om inndelinga av genus på bokmål ikkje er så eintydig, men at det finst visse mønster. Eit av dei er at: «.. generelt gjelder at konkrete og hverdagslige substantiver som *bok, dør, hylle, hytte, sag, øks* osv. gjerne oppfattes som feminine ord, mens abstrakter og mer høytidelige substantiver som *kirke, ro, skjønnhet, tro* osv. tenderer mot å bli brukt som maskuline ord» (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 151). Det er interessant å sjå om dette også betyr at konkrete tradisjonelle femininum beheld *-a* lengre enn abstrakte. Fyrst delte eg alle dei 69 mest frekvente substantiva som endar på *-a* opp i konkrete og abstrakte ord. Eg definerte «konkrete» som noko ein kan ta og føle på, medan «abstrakte» er alle andre. Ordet *pakka* har eg sortert som abstrakt fordi det ikkje vert brukt om ei pakke du kan ta og kjenne på i dette korpuset, men i uttrykket «hele pakka», og der tenkjer eg at det er brukt abstrakt.

Tabell nr. 6.3.1.3 a) Abstrakte og konkrete ord

	A	EN	Totalt
Abstrakte	595	568	1163
Konkrete	1102	495	1597

Dersom ein reknar ut signifikansen ved hjelp av ein kji-kvadrattest, får ein at p-verdien = $2,2e-16$. Resultata er signifikante. Konkretheit påverkar valet av suffiks.

Figur 6.3.1.3 Abstrakte og konkrete ord



Diagrammet viser at det er svært liten skilnad mellom suffiksa når det gjeld abstrakte ord, medan skilnaden mellom suffiksbruken hjå dei konkrete orda er svært stor.

Dette viser at hypotesen min om at abstrakte ord skulle ha overvekt av *-en*, ikkje stemmer. Dei konkrete orda har svært stor overvekt av *-a*. Dette var som venta og i tråd med hypotesen min, men eg er overraska over det så stor overvekt av *-a* blant dei konkrete orda og at dei abstrakte orda har om lag like mykje bruk av begge suffiksa. Når det gjeld konkrete ord, så er skilnaden svært stor mellom informantane i Oslo «rest» og Oslo vest. Informantar frå Oslo «rest» står for 73 % av treffa med *-a*, og informantane frå vest står for 63 % av treffa med *-en*. No må ein ta med i analysen at dette gjeld for dei mest frekvente orda i korpuset, og ein kan ikkje utelukka at frekvens er ein årsak til at såpass mange abstrakte ord ikkje har mista *-a* som suffiks. Me ser av tabellane under (**Tabell 6.3.1.3 b) og c)**) at dei konkrete orda også er blant dei mest frekvente. Her har eg tatt med berre dei ti mest frekvente orda i kvar kategori, for å visa eksplisitt korleis orda ter seg når frekvens er ein viktig faktor.

Tabell 6.3.1.3 b) Dei 10 mest frekvente konkrete orda, fordeling av suffiks

Klokka (129)	Klokken (49)
Hytta (86)	Hytten (2)
Gata (69)	Gaten (26)
Stua (54)	Stuen (16)
Døra (47)	Døren (13)
Kona (45)	Konen (0)
Boka (45)	Boken (29)
Mora (42)	Moren (119)
Søstera (28)	Søsteren (35)
Jenta (28)	Jenten (2)

Når ein ser på dei mest frekvente orda vert tendensen endå sterkare: Det er mykje bruk av *-a* på dei mest frekvente konkrete orda. Det er berre *moren* og *søsteren* som skil seg ut med å ha overvekt av *-en*.

Tabell 6.3.1.3 c) Dei ti mest frekvente abstrakte orda, fordeling av suffiks

Tida (205)	Tiden (315)
Uka (91)	Uken (24)
Greia (76)	Greien (1)
Natta (45)	Natten (22)
Helga (42)	Helgen (61)
Jula (22)	Julen (2)
Pakka (21)	Pakken (0)
Fritida (12)	Fritiden (17)
Grensa (14)	Grensen (19)
Gruppa (9)	Gruppen (4)

Denne tabellen viser at blant dei ti mest frekvente abstrakte orda, så er det fire som har overvekt av *-en*, det er *tiden*, *helgen*, *fritiden* og *grensen*. Dei andre seks har overvekt av *-a*.

Det er overraskande at det er såpass mykje bruk av *-a* blant dei abstrakte orda. Dette stemmer ikkje med hypotesen min at abstrakte ord burde ha overvekt av *-en*.

Resultata passar også godt med funna når det gjeld ord som er registrerte som femininum i Bokmålsordboka, men som berre eksisterer med *-en* i korpuset. Det er 25 abstrakte ord som ser ut til å ha gått over frå femininum til maskulinum. Desse orda er registrerte som femininum i Bokmålsordboka, men eksisterer berre med *-en* som suffiks i NoTa. Dette peikar litt i motsett retning av funnet som viste at det var relativt mykje *-a* blant dei abstrakte orda. Det er kanskje slik at fleire av dei rett og slett har mista *-a*. Men her må ein også hugsa på at nokre av desse orda kanskje aldri har vore nytta med suffikset *-a* i talemålet. Kva som er registrerte som femininum i ordboka kan også ha med språkpolitikk å gjera. Ønsket om å samla dei to målformene, gav meir aksept for *-a* i skriftspråket sjølv om det kanskje ikkje var så mykje i bruk i talemålet. Det kan jo tenkast at t.d. eit ord som *nærheta* aldri fekk innpass i talemålet sjølv om det står oppført som femininum/maskulinum i ordboka, slik som mange andre ord som endar på *-het/heit*. Korpuset har heile 96 treff på *nærheten*, men ingen på *nærheta/nærheita*.

Det er lite truleg at dei får *-a* fordi dei er abstrakte. Suffikset *-a* kan også koma av at desse substantiva er sterke, at dei endar på trykklett *-e*, eller at dei er frekvente. Dersom ein ser på Men det er uansett eit faktum at abstrakte ord ikkje viser klar overvekt at *-en*, slik eg hadde forventa og slik det står i NRG. Eg skulle gjerne ha samanlikna dette resultatet med dei lågfrekvente konkrete og abstrakte orda, men då er det så mange enkelttreff og stor moglegheit for tilfeldige resultat, så eg vel heller å sjå på lågfrekvente ord under eitt (kap. 6.4.2). Ei anna mogleg forklaring til at abstrakte ord held såpass godt på *-a* i dette korpuset, kan ha med animatheit å gjere. Det er jo slik at konkrete ord kan vera animate, medan abstrakte ord ikkje er det, og dessutan så er konkrete ord høgare oppe i animatheitshierarkiet enn abstrakte ord. I kap. 3.2 viste eg til at medan dei semantiske tilordningsreglane står sterkt hjå animate ord, så kan morfologi og fonologi styra tilordninga til inanimate ord. Ei forklaring på at så mange abstrakte ord held på *-a*, kan skuldast formelle eigenskapar, og ikkje ha noko med semantikk å gjera.

6.3.2 Formelle faktorar

Eit anna forskingsspørsmål er *Finst det eit formelt mønster for kor -a held seg lengst?* Eg skal no sortera funna etter formelle eigenskapar ved ordet. Her er ord med både fonologiske og morfologiske eigenskapar. Det er ikkje alltid lett å vita om ein skal kategorisera endingar som morfologi eller fonologi. Det er til dømes slik at verbalsubstantiv på -ing er femininum. Det skuldast morfologi, sidan me her snakkar om avleiing. Ord som endar på -kt er også femininum pga. fonologi. Ein kan diskutera om trykklett -e er eit fonologisk eller eit morfologisk suffiks. På den eine sida, så er det jo eit fonem, og såleis kunne ein tenka seg at ein her snakka om fonologi. Men dersom ein seier at -e her er eit bøyingsuffiks som kan bytast ut med bøyingsuffikset -a, -er og -ene, så kan ein plassera trykklett -e som morfologi. Men om det er fonologi eller morfologi er ikkje så nøye i denne oppgåva fordi hovudpoenget mitt er å sjå om kjernesemantikken vinn eller ikkje, og då passar det fint å slå saman fonologi og morfologi til formelle faktorar.

6.3.2.1 Ord som endar på lang vokal

Trosterud (2001) skriv at vokalfinale ord ofte er femininum. Korpuset inneheld svært få tradisjonelle femininum som endar på lang vokal. Av dei 69 mest frekvente orda i NoTa er det fem ord som endar på lang vokal. Fire av desse orda er *tid*, *fritid*, *skoletid* og *russetid*. Det andre ordet er *øy*. Det er to ord som har overvekt av suffikset -a, og det er *øya* og *skoletida*. Dei andre har overvekt av -en. Dette materialet er for lite å generalisera over, så eg skal ikkje dwella ved dette, men tre av orda sluttar på -tid og det er ein av mange grunnar til å sjå nærare på ordet *tid*.

6.3.2.2 Om ordet *tid*

Det ordet som er mest frekvent med suffikset -a i dette korpuset, er *tida*. Det er interessant fordi det likevel har overvekt av bøyingsforma *tiden*. Her er det mange ting å undra seg over. Kvifor er det slik at dette ordet skil seg sånn ut? Det er både høgfrekvent (med begge suffiksa), det er abstrakt og det er sterkt. Mange av dei andre høgfrekvente orda har -a, mange sterke ord har også overvekt av -a, abstrakte ord har begge deler, så ingen av eigenskapane

ved ordet forklarar tydeleg overvekta av *-en*, men dei predikerer heller overvekt av *-a*. Resten av undersøkinga tyder ikkje på at abstrakt er ein så klar eigenskap som predikerer *-en* at den skal «overvinna» dei andre (kap. 6.3.1.3).

Som sagt peikar Trosterud (2001) på at substantiv som endar på lang vokal, tradisjonelt har vore femininum. Eg ville sjekka om årsaka til denne store bruken av /ti:dn/ kunne ligga i fonologien, og om unntaket hadde noko å gjera med uttalen av /d/ eller ikkje i ubunden form av ordet. Ein kunne jo tenka seg at alle som seier /ti:/, seier /ti:a/ og at dei som seier /ti:d/, seier /ti:dn/, og at det såleis nærmast er snakk om to ulike ord her, nemleg eit som endar på lang vokal, og eit som endar på konsonant. Eg lytta difor gjennom alle døma som hadde endinga *-a* på dette ordet i bunden form. Absolutt alle informantane seier /ti:a/ og ikkje /ti:da/ i bunden form. Det kunne vera interessant å sjå på kva form informantane seier i ubunden form. Det er naturlegvis ikkje alle informantane som brukar både ubunden og bunden form av *tid*, men eg gjekk gjennom alle som hadde sagt /ti:a/ og såg om vedkommande hadde sagt /ti:/ eller /ti:d/ i ubunden form. Korpuset gjev til saman 435 treff på *tid* i ubunden form eintal, «end of word»⁶. Det er 274 treff på *tida*, i bunden form eintal, «end of word». Av dei 274 som seier /ti:a/, er det 53 informantar som brukar ordet i både bunden og ubunden form. Ein av informantane brukar berre *tid* éi gong, og eg klarte ikkje å høyra om vedkommande sa /ti:/ eller /ti:d/, så denne tok eg vekk. 10 informantar (19 %) vekslar mellom å seie /ti:/ og /ti:d/. 24 informantar seier /ti:/ og /ti:a/ (46 %), medan 18 informantar seier /ti:d/ og /ti:a/ (35 %). Det er altså overvekt av /ti:/ blant dei som seier /ti:a/, men det er ganske mange som seier /ti:d/ utan å seie /ti:dn/. Det er ingen av informantane som seier /ti:en/, alle har d-lyd, og dei aller fleste ein veldig distinkt d-lyd. For meg var det uventa at såpass mange sa /ti:d/ – /ti:a/. Kor har den d-lyden i ubunden form kome frå? Kan det vera at ein her har lånt inn ei ny form av ordet i ubunden form, nemleg /ti:d/? Dette minner om andre ord, eller ordpar, som *ei brur – brura* (*bruren) og *ei/en brud – bruden* (*bruda) til dømes, men her er det berre spekulasjonar, fordi orda *brur/brud* berre finst i forma «bruden» i korpuset, og med berre eitt treff. Dersom me her talar om to ulike ord, nemleg /ti:/ og /ti:d/, så er det iallfall ikkje noko semantisk forskjell mellom orda, så i så fall snakkar me her om fonologisk motivasjon. Men dersom me skal leggja Bybee og Haspelmath til grunn, så snakkar med kanskje her om to ulike leksem som begge har blitt lagra i det mentale leksikonet med suffikset inkludert. Men eg synst det er


⁶ For å inkludere samansette ord som endar på *tid*, som t.d. rushtid, fritid, skoletid osv.

underleg at ein kan låna inn ei ny ordform eller uttale i ubunden form, men ikkje i den bundne forma (ingen seier /ti:da/), men dette er kanskje ei pågåande språkutvikling og difor er det mange former av same ord eller ordpar. Her er det iallfall variasjon og noko uventa for meg, var det fleire som hadde klar d-uttale i ubunden form hjå mange informantar som nyttar både /ti:dn/ og /ti:a/ i bunden form. Den mest sannsynlege forklaringa er at det her er snakk om lang vokal versus konsonant som ending. Om ikkje fonologi åleine kan predikera det store bruken av ordforma /ti:dn/, så kan det vera ein del av forklaringa.

6.3.2.3 Ord som endar på trykklett *-e*

Veldig mange av substantiva som endar på *-a* i bunden form i NoTa, er tostava substantiv som endar på trykklett *-e* i ubunden form. Både NRG (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997), Enger og Kristoffersen (2005), Trosterud (2001) med fleire skriv at ord som endar på trykklett *-e*, ofte er femininum. Enger og Kristoffersen skriv også at trykklett *-e* har ført til genusendring i eit diakront perspektiv. «Fellesnavn som ender på trykklett /e/, har i en del dialekter vist en klar tendens til å bli hunkjønnsord. For eksempel har substantivene *pause*, *kulde* blitt feminine i en del dialekter» (Enger og Kristoffersen, 2005, s. 72). Det er altså sterke tendensar til ein samanheng her. Trykklett *-e* har vist seg å vera den formelle faktoren som klarast har predikert *-a* hjå femininum i bunden form. Det var også ein klar tendens i Opsahl (2009). Eg skal no sjå korleis ord som endar på trykklett *-e* i ubunden form oppfører seg i NoTa. Eg tok utgangspunkt i alle dei 69 mest brukte femininum som enda på *-a*, og sorterte funna etter om dei enda på trykklett *-e* i ubunden form eller ikkje. Heile 33 av dei 69 orda som eksisterer med fem eller fleire treff er ord som endar på trykklett *-e*.

Figur nr. 6. 3. 2. 3 a) Trykklett *-e*, fordeling av suffiks hjå dei 69 mest frekvente orda med *-a* i NoTa



Figuren viser tala på treff med suffiksa -a og -en blant dei 69 mest frekvente orda i NoTa.

Tabell 6. 3. 2. 3 a) Trykklett -e, fordeling av suffiks hjå dei 69 mest frekvente orda med -a i NoTa

	A	en
Trykklett -e	847 (78 %)	238 (22 %)
Ikkje trykklett -e	822 (51 %)	796 (49 %)


Tabellen viser talet på treff og i tillegg den prosentvise fordelinga i parentes bak talet.

Når eg kalkulerte tala i eit kji-kvadrat, vart p-verdien: 2,2e-16. Tala er signifikante og viser at kategoriane trykklett -e /ikkje trykklett -e påverkar suffiksbruken.

Diagrammet viser at medan det er stor skilnad på suffiksbruken på ord som endar på trykklett -e, så er det mykje jamnare fordeling mellom suffiksa i ord som ikkje endar på trykklett -e. Det er også oppsiktsvekkande at det berre er to av 34 ord som har overvekt av -en blant orda som endar på trykklett -e i ubunden form. Det er orda *grense* og *prøve*. I tillegg viser diagrammet oss at dersom ein ser på orda som ikkje endar på trykklett -e, så er det svært liten skilnad i bruken av suffiks. Her er det ganske jamn fordeling mellom suffiksa.

Me har tidlegare sett at ein del av suffiksbruken fordeler seg ulikt i «rest» og vest, og det er difor viktig å sjekka om det er tilfelle også blant orda som endar på trykklett *-e*. Me skal no sjå korleis suffiksbruken fordeler seg på geografisk tilhøyrse.

Figur 6.3.2.3 b) Ord som endar på trykklett *-e*, «rest» og vest



Figuren viser prosenttala til suffiksa *-a* og *-en*, både i vest og i «rest» og totalt for heile NoTa nedst.


Tabell 6. 3. 2. 3 b) Ord som endar på trykklett *-e*, «rest» og vest

	<i>-a</i>	<i>-en</i>
Oslo «rest»	502	89
Oslo vest	345	149
Totalt	847	238

Figuren viser at det er tydeleg overvekt av *-a* både i «rest» og vest når det gjeld ord som endar på trykklett *-e* i ubunden form. Dette er det klaraste funnet i oppgåva og det også klart den kategorien kor ein finn mest bruk av *-a* i Oslo vest. Her er tendensen absolutt den same både i Oslo vest og i Oslo «rest».

Dersom ein ser på kategorien «ord som ikkje endar på trykklett *-e*», viser tala noko heilt anna. Der er det nemleg klare forskjellar på suffiksbruken i Oslo «rest» og Oslo vest:

Figur 6. 3. 2. 3 c) Ord som ikkje endar på trykklett *-e*, «rest» og vest



Diagrammet viser korleis suffiksa fordeler seg både totalt, og i Oslo «rest» og i Oslo vest. Diagrammet viser talet i prosent.

Tabellen under viser talet på treff:

Tabell 6. 3. 2. 3 c), Ord som ikkje endar på trykklett *-e*, «rest» og vest, talet på treff

	<i>-a</i>	<i>-en</i>
Oslo «rest»	566	293
Oslo vest	256	503
Totalt	822	796

Medan suffiksbruken på ord som endar på trykklett *-e* viste at tendensane i «rest» og vest var like, så er det motsett når det gjeld kategorien «ikkje trykklett *-e*», her er det som diagrammet

viser veldig tydelege skilnader på «rest» og vest. Informantane som har budd lengst i Oslo vest nyttar mest *-en* på ord som ikkje endar på trykklett *-e*, medan dei i «rest» brukar mest *-a*.

I tillegg så minner eg om at forholdstala generelt på suffiksbruken var at det er 62 % *-a* og 38 % *-en* blant dei 69 mest frekvente orda, medan det på ord som endar på trykklett *-e* er heile 78 % *-a* og 22 % *-en*. Det er tydelege teikn på at trykklett *-e* er ein svært viktig faktor når det gjeld å finna orda som held lengst på *-a*. Denne kategorien er blant dei mest tydelege når det gjeld signifikante treff. Tala samsvarar med den tidlegare forskinga (Enger 2004, Trosterud 2001, Faarlund, Lie og Vannebo 1997, Opsahl 2009 m.fl.). Trykklett *-e* må seiast å vera ein sterk indikator på at suffikset i bunden form blir *-a*.

6.3.2.4 Ord som endar på *-ing* og *-ning*

Ein annan formell kategori eg gjerne ville undersøka var substantiv som endar på suffikset *-ing*. Dei aller fleste av desse orda er verbalsubstantiv. Det betyr at dei er avleidde av verb og uttrykker enten ein prosess (*organisering, handling, reising*) eller eit resultat (*bygning, melding*). I NRG står det om desse orda at «verbalsubstantiver på *-ing* er feminine» (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997, s. 153). Også Trosterud (2001) og Opsahl (2009) er inne på at dette er ein viktig faktor for valet av suffiks. På nynorsk høyrer desse substantiva til ein eigen bøyingsklasse, dei får nemleg *-ar* og *-ane* i fleirtal i motsetnad til dei fleste andre femininum som får *-er* og *-ene* i fleirtal. Eg vil sjå om dei oppfører seg som ei gruppe med felles eigenskapar også hjå informantane i NoTa. Det var dessverre svært få slike ord blant dei 69 mest frekvente, så eg tok med alle orda som hadde to eller fleire treff på *-inga*. Å ta med ord med så få treff, bryt med den metodiske tilnærminga eg har hatt tidlegare i oppgåva, ved å inkludera minst fem treff for å kunne snakka om signifikante funn. Eg har valt å gjera unnatak i denne kategorien av to grunnar. For det fyrste så er det ikkje mogleg å diskutera denne kategorien ved å berre ta med to ordformer, og for det andre så synst eg at det er så sterke tendensar blant desse orda, at det må med. Eg skal ikkje hovudsakleg skriva om enkeltord, men kategorien sett under eitt. Dei oppfører seg nemleg spesielt i høve til dei andre kategoriane.

For denne oppgåva er det ord som endar på *-a* som er mest interessant, så eg startar med å skriva inn «inga», som «end of word», substantiv, entall, fellesnavn i Glossa, søkegrensesnittet til NoTa. Det ordet som har flest treff i korpuset er *kjerringa* med ni treff. Dette ordet har eg undersøkt før (i kapittelet om «ord for kvinner», sjå 6. 3. 1. 2) og det ordet er ikkje eit verbalsubstantiv som dei fleste andre i denne kategorien, så eg tok det vekk her. Etterpå søkte eg opp tilsvarende ord med endinga *-ingen*. For å vera sikker på å få med ord som eventuelt hadde stor overvekt av *-en* og kanskje 0 treff på *-a*, søkte eg også opp substantiv, eintal, samnamn, som enda på *-ingen*. Eg tok så bort ord som berre finst som maskulinum i Bokmålsordboka (t.d. *tingen*, *svingen*), men eg beholdt alle som er oppførte som både maskulinum og femininum. Eg tok med dei orda som hadde to eller fleire treff per ordform. Det vart ei liste på 49 ulike ord. Mange av orda eksisterer berre med *-en* som suffiks. Blant desse finn ein både frekvente ord (*morgningen*, *handlingen*, *bygningen*,), abstrakte ord (*stemningen*, *forutsetningen*, *handlingen*), konkrete ord (*bygningen*, *skråningen*, *ledningen*, *festningen*) og ord som er avleidde med *-ing* (*forestillingen*, *handling*, *forening*) og *-ning* (*bygning*, *ledning*, *forutsetning*). Resultatet av teljinga viser eit relativt uklart bilete når det gjeld semantikk.

Dei fleste av substantiva som endar på *-ing* i NoTa er abstrakte ord. Det er flest verbalsubstantiv og dei skildrar ofte ein prosess eller ei handling. I fylgje t.d. NRG (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997, s. 151) og Knut Western (Western, 1977) kunne ein tenka seg at det ville vera overvekt av *-a* i konkrete ord og overvekt av *-en* i abstrakte ord, men undersøkinga mi viste at det ikkje er så stor forskjell i suffiksbruk i dei abstrakte orda, men at det er overvekt av *-a* i dei konkrete (kap.6.3.1.3). Eg fann fram til dei konkrete orda og såg etter mønster i suffiksbruken. Konkrete ord på *-ing* i NoTa er *regning*, *mobilregning*, *bygning*, *ledning*, *skråning*, *hovedbygning*, *forsikring*, *kledning*. Dei to orda *regning* og *mobilregning* har flest treff på *-a*, *skråning* har like mange på begge suffiksa, og resten har overvekt av *-en*. Dette stemmer ikkje med hypotesen om at konkrete ord burde halda lengst på *-a*. Så då er det kanskje andre grunnar enn semantikk som fører til overvekt av suffikset *-en*. Ser me på Enger (2008) si inndeling i grupper, så er det slik at alle desse orda her kunne ha vore femininum, så har dei iallfall ikkje teikn på det i suffiksbruken. Me kan iallfall ikkje snakka om substantiv som er avleidde av substantiv eller adjektiv her, så me har hovudsakleg med verbalsubstantiv å gjera. Det er oppsiktsvekkande at overvekta er så klar i favør av *-en* som suffiks. Nokre av

orda har det til felles at dei er avleidde av *-ning*, og det er *bygning*, *hovedbygning*, *kledning* og *ledning*. Eg kjem attende til forskjellen mellom *-ing* og *-ning*.

Sidan semantiske eigenskapar ikkje ser ut til forklare skilnaden i suffiksbruk, så kanskje ein finn forklaringa i frekvens. Då burde dei mest frekvente orda enda på *-a* sidan dei er mest resistente mot endring. I korpuset er det *mening*, *morgning*, *forening*, *bygning* og *avdeling* som har flest enkelttreff og såleis er mest frekvente. Alle desse orda har klar overvekt av *-en* og fleire av orda er utan treff med *-a* i det heile tatt. Så her kan ein altså seia at dei mest frekvente i dette korpuset har gått over til *-en*. Dette er også overraskande og i strid med ideen om at frekvente ord er mest resistente. Men før ein konkluderer med at dei har endra seg, må ein vera sikker på at dei tidlegare faktisk hadde *-a* i talemålet. Eg har dessverre ikkje tilgang på eit stort materiale som kan visa korleis dette ordet har oppført seg i munnleg språk i tidlegare tider, men eg kan samanlikna med TAUS. Resultata av søk i TAUS viste dette:

Tabell 6. 3. 2. 4 a) frekvente ord på *-ing* i TAUS

Morgninga (0)	Morgningen (8)
Foreninga (0)	Foreningen (7)
Bygninga (0)	Bygningen (2)
Avdelinga (0)	Avdelingen (7)

Basert på TAUS kan ein altså ikkje snakka om at orda har mista *-a*, for desse orda eksisterte ikkje med *-a* i TAUS heller. Det er faktisk slik at *avdelinga* heller har fått to treff i NoTa, mens resten av orda berre eksisterer med *-en*.


Sidan desse orda har endinga *-ing* til felles, kunne ein tenkja seg at dei oppfører seg likt på grunn av felles fonologi. Dersom dette var tilfellet, så burde alle ord som enda på *-ing* oppført seg likt og få felles ending i både eintal og fleirtal. Men det finst ord som endar på *-ing* i alle genus, og med ulike suffiks. Ord som *ting* (m), *olding* (m), *sting* (n), *tulling* (m) oppfører seg ikkje analogt med feminine substantiv som endar på *-ing*, men har derimot bøyning knytt til genuset sitt. Så fonologi er iallfall ikkje åleine om å predikera ending (og genus) på desse orda. Men så er det slik at *olding* og *tulling* har *-ing* som eit suffiks, medan *ting* og *sting* berre

endar på *-ing* utan at det er eit avleiingssuffiks. Det er nok heller snakk om eit morfologisk skilje, og då må eg sjå på orda som er avleidde med *-ing*. Enger (2008) deler suffikset *-ing* i tre typar: «Det er nemlig slik at det er ulike genus på avledninger med *-ing*. Type 3 (galning, raring) og type 2 (sogning, vestfolding) er maskulina, mens type 1 (slåssing, ljuging) kan være feminina. La oss da si at suffikset *-ing*₁, som har adjektiver og substantiver som base, er maskulint, mens suffikset *-ing*₂, som har verb som base, er feminint. En forutsetning for en slik analyse er at det er suffikset som tilordner genus for hele avledningen» (Enger H.-O. , 2008, s. 189). Eg brukte det Norske Akademis ordbok (NAOB) på Internett og søkte opp alle orda frå korpuset som endar på *-ing*. Med unntak av *forestilling*, *flytting*, *banning*, *festning* og *kringkasting*, så er alle oppførte som verbalsubstantiv med avleiing på *-ing*. *Forestilling* og *festning* er lånord frå tysk, og *kringkasting* frå engelsk. *Forestilling*, *festning* og *kringkasting* har alle overvekt av *-en*, og det skuldast kanskje at dei er lånord, eller at dei ikkje kan reknast som verbalsubstantiv, men heller avleidde frå substantiv.

Ein annan formell eigenskap ved orda er at dei er avleidde. Nokre av orda er avleidde med *-ing* og andre med *-ning*. Forklaringa ligg kanskje nettopp her. På bokmål er det slik at «ord på *-ning* som regel er maskuline (*tolkningen*), mens enkelte ord kan også være femininum (*undervisningen/undervisninga*)» (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997, s. 98). På nynorsk er det også slik at enkelte ord som er avleidde med *-ning* er maskuline (*bygning*, *flyktning*, *skapning*, *setning*), men at dei fleste orda som er avleidde med *-ing*, er femininum. Dette gjer at ein kan forventast at ord på *-ning* oftare vil få *-en* enn ord som berre endar på *-ing*. Eg sorterte orda etter om dei enda med *-ning* eller *-ing*.

Eg tok for meg orda som enda på *-inga* og *-ingen*, og sorterte dei etter distinksjonen mellom *-ing* og *-ning*. Eg brukte NAOB si ordliste på Internett, der står det kva for avleiinga orda har. *Banning* og *flytting* står oppført som verbalsubstantiv, men ikkje med avleiing. Eg har likevel rekna dei med til ord som er avleidde med *-ing*. Eg har ikkje tatt med *kringkasting*, *forestilling* og *festning* i denne oversikta, fordi dei er ikkje markerte som avleidde i NAOB, og eg ville sjå på fordelinga hjå avleidde ord åleine.

Figur 6.3.2.4 Ord på -ing og -ning, fordelt på suffiksbruk etter talet på treff



Diagrammet viser fordelinga på suffiks mellom ord som endar på -ing og -ning. Diagrammet viser at begge kategoriane har overvekt av -en.

Her er lista over orda, med tala på treff i parentes:

Tabell 6. 3. 2. 4 a), Ord som endar på -ing, alle treff

-a	-en
Meninga (7)	Meningen (20)
Morgninga (0)	Morgningen/morningen (15)
Avdelinga (2)	Avdelingen (8)
Utviklinga (1)	Utviklingen (7)
Handlinga (0)	Handlingen (5)
Utstillinga (3)	Utstillingen (3)
Skråninga (3)	Skråningen (3)
Samlinga (2)	Samlingen (0)
Forsikringa (1)	Forsikringen (3)
Forestillinga (0)	Forestillingen (3)
Båtforeninga (0)	Båtforeningen (3)
Treninga (4)	Treningen (2)
Sveisinga (1)	Sveisingen (2)
Strikkinga (0)	Strikkingen (2)
Stillinga (0)	Stillingen (2)
Språkutviklinga (0)	Språkutviklingen (2)
Skåringa/scoringa (0)	Skåringen/scoringen (2)
Opplæringa (1)	Opplæringen (2)

Løsninga (0)	Løsningen (2)
Lønninga (1)	Lønningen (2)
Malinga (4)	Malingen (1)
Svømminga (3)	Svømmingen (0)
Turneringa (2)	Turneringen (1)
Tenninga (2)	Tenningen (0)
Spenninga (2)	Spenningen (0)
Sendinga (2)	Sendingen (0)
Regninga (2)	Regningen (1)
Parkeringa (2)	Parkeringen (0)
Oppstillinga (2)	Oppstillingen (0)
Mobilregninga (2)	Mobilregningen (0)
Kveldinga (2)	Kveldingen (0)
Flyttinga (2)	Flyttingen (0)
Banninga (2)	Banningen (1)
Til saman: 55 treff	Til saman: 92 treff

Tabell 6. 3. 2. 4 b) Ord som endar på *-ning*, alle treff

<i>-a</i>	<i>-en</i>
Retninga (1)	Retningen (7)
Bygninga (0)	Bygningen (5)
Ledninga (0)	Ledningen (4)
Festninga (0)	Festningen (4)
Stemminga (0)	Stemmingen (3)
Hovedbygninga (0)	Hovedbygningen (3)
Forutsetninga (0)	Forutsetningen (3)
Kledninga (1)	Kledningen (2)
Holdninga (0)	Holdningen (2)
Forvaltninga (0)	Forvaltningen (2)
Betydninga (0)	Betydningen (2)
Avslutninga (0)	Avslutningen (2)
Undervisninga (2)	Undervisningen (1)
Til saman: 4	Til saman: 40

Tabellane viser at det er veldig mange ord med null treff på eit av suffiksa. Dette skil seg frå resultatane i dei andre kategoriane. Dette skuldast mest sannsynleg at det her er snakk om så få treff, men sidan tendensen er så klar, så er det vanskeleg å sjå for seg at det berre er tilfeldig.

Morgningen/morningen er eit spesielt ord. Det har heile 15 treff i NoTa, og er såleis eit relativt frekvent ord i NoTa-korpuset. Dei 15 treffa fordeler seg på 12 informantar, så det er ikkje berre snakk om nokre få personar som brukar ordet. I NoTa er det transkribert som både

morgning og *morning*, men uttalen er /morniŋen/ hjå alle. Substantivet *morgning* eksisterer også i andre bøyingsformer i NoTa, det har eit treff i ubunden form eintal og eitt treff i bunden form fleirtal. Men ordet eksisterer ikkje med *-a* som suffiks i NoTa. Det kunne tenkast at dette ordet aldri har eksistert med *-a* som suffiks sjølv om *morgning/morning* er oppført som både maskulinum og femininum i Bokmålsordboka (ordbok.uib.no). Ordet *morgningen/morningen* har åtte treff i TAUS, *morgninga/morninga* har ingen. Eit søk på google viser 78 treff på ordet, nokre er kryssordrelatert og dei fleste andre er skrivne i ein nynorsktekst eller ein tekst (ofte blogg) som er skriven på dialekt og nynorsk. *Morgning/morning* er kanskje eit lånord frå dansk og eller engelsk, men det finst flest treff i tekstar skrivne på nynorsk eller dialekt så det skulle tyda på at ordet også høyrer heime i det norske språket. NAOB dokumenter at Hamsun brukte *morgningen* i romanen August II «(han) la sig om kvelden og stod op igjen om morgningen» (Hamsun, 1930. August II s.125). Men ordet ein forventar i oslomålet er heller det tradisjonelle dialektordet /morran/. I korpuset er det berre tre treff på *morran*, så det er tydeleg at *morgningen* er det føretrukne ordet i korpuset. Mange av orda som endar på *-ing* er avleidde av verb. *Morgning* er slik avleidd av *å morgne* (frå det norrøne *morgna*), det betyr å demre eller å verte ordentleg vaken. (ordbok.uib.no), men det verbet eksisterer vel ikkje i lenger i vanleg språkbruk.

Det er også interessant å sjå korleis orda oppfører seg i skrift i dag. I frekvensordlista basert på «Oslo-korpuset av taggede norske tekster» til tekstlaben ved UiO fann eg dei ti mest frekvente substantiva som endar på *-ing* som er brukt i norske aviser (*regjering, utvikling, stilling, behandling, erfaring, løsnings, mening, avdeling, forhandling og endring*). Det er som forventa klar overvekt av *-en* på desse orda i skriftleg tekst, ingen av orda har særleg bruk av *-a* i det heile. Det er berre det mest frekvente ordet, nemleg *regjering*, som også eksisterer i meir enn 1 % med *-a*. Det har 3 % bruk av *-a*. Dessverre er det ikkje treff på alle dei same orda i skrift og tale, men av dei som finst begge stader (*utvikling, mening, avdeling*), har alle overvekt av *-en*, uavhengig av om det er i skrift eller tale. I tillegg er det slik at orda *behandling og forhandling* berre finst i skriftspråkkorpuset og med *-en*, men i NoTa finn ein at også *handling* har overvekt av *-en*. Funna viser at det er store likskapar mellom tale og skrift på desse ordformene.

Konklusjonen når det gjeld substantiv på *-ing* er at mange ord eksisterer i enten den eine eller den andre forma. Dette gjeld både for orda med overvekt av *-a* og overvekt av *-en*. Dette er

heilt spesielt i høve til dei andre kategoriane eg har undersøkt, der er det nesten utan unntak variasjon i absolutt alle orda. Det kan sjå ut som at det er ordet som bestemmer og ikkje kategorien. I så fall kan me diskutera om me her har med leksikalisering å gjera. Me finn dei same tendensane i både skrift og tale, og det samsvarar med Opsahl (Opsahl, 2009) som også fann mange substantiv med *-a* som enda på *-ing*. Dette er dei einaste kategorien med så klar overvekt av *-en* i korpuset.


6.4 Frekvens

Eit av forskingsspørsmåla mine er: *Spelar frekvens ei rolle for bruken av -a versus -en?* Hypotesen for undersøkinga mi er at høgfrekvente ord skal ha overvekt av *-a*, medan lågfrekvente ord skal ha overvekt av *-en*. Påstanden grunnjev eg med ideen om at frekvente ord skal vera meir resistente mot endring. Eg tek med som ein føresetnad at dei fleste tradisjonelle femininum har hatt *-a* som suffiks i tradisjonelt mål, og at dei på eit eller anna tidspunkt har gått over til *-en*. I spørsmålet om kva som tradisjonelt har vore femininum på norsk, har eg lagt til grunn at ord som er markerte som femininum i Bokmålsordboka tradisjonelt har vore femininum i Osloomålet (sjå kap. 5.10).

Det var fleire utfordringar når det gjaldt å finna fram til dei mest frekvente orda i korpuset. Kva ord som er høgfrekvente og lågfrekvente, er ikkje nokon konstant storleik, men ein variabel avhengig av mange faktorar, som t.d. kontekst, språkbrukar. Det er heller ikkje slik at det nødvendigvis er samsvar mellom kva ord som er frekvente i NoTa, og kva ord som er frekvente generelt i talemålet.

Eg gjekk difor fram på to ulike måtar. Den eine var å sjå på dei substantiva som var mest frekvente i sjølve korpuset. Sidan resten av undersøkinga mi viser at dei aller fleste orda finst med både *-a* og *-en* som suffiks, så søkte eg på alle ord som var substantiv, bunden form, eintal, med *a* som «end of word», og tok utgangspunkt i dei mest frekvente orda med *-a*, og søkte opp ord for ord med endinga *-en*.

Diagram nr. 5. Frekvens, fordelinga av suffiks



Tabellen viser at det er større overvekt av *-a* blant dei frekvente orda, medan det er overvekt av *-en* blant dei lågfrekvente. Diagrammet kan lura oss litt, fordi det er nokre enkeltord her som gjev svært stort utslag hjå dei lågfrekvente. Resultatet tyder på at hypotesen om at frekvente ord held lenge på *-a*, stemmer.

6.4.1 Høgfrekvente ord

Me skal no snevra endå lenger inn og sjå korleis dei 25 mest frekvente orda i korpuset oppfører seg. Her har eg søkt opp orda eitt for eitt i Glossa (søkegrensesnittet til NoTa), som «end of word» fordi eg her ville inkludere ulike samansetjingar av ordet. Eg har tidlegare sett at ord som *tida* og *greia* og fleire andre ofte opptrer i samansetningar. For å finna dei mest frekvente, tenkte eg at det var interessant å sjå dei under eitt. Når det gjeld orda *gata* og *elva*, så søkte eg *ikkje* på «end of word» fordi her var det viktig å unngå eigennamn.

Dei 25 mest frekvente feminina som endar på *-a* i korpuset: *tida*, *klokka*, *uka*, *hytta*, *greia*, *gata*, *stua*, *døra*, *natta*, *kona*, *boka*, *helga*, *mora*, *søstera*, *jenta*, *blokka*, *stranda*, *pakka*, *katta*, *hånda/handa*, *dattera*, *jula*, *senga* og *dama*.

Tabell 6.4.1 a) Dei 25 mest frekvente orda på *-a*

Dei 25 mest frekvente orda som endar på *-a* i korpuset, og same ord med endinga *-en*:

<i>-a</i>	<i>-en</i>
Tida (274)	Tiden (395)
Klokka (129)	Klokken (49)
Uka (101)	Uken (34)
Hytta (87)	Hytten (4)
Greia (103)	Greien (1)
Gata (69)	Gaten (26)
Stua (62) ⁷	Stuen (18)
Døra (47)	Døren (13)
Natta (45)	Natten (26)
Kona (45)	Konen (0)
Boka (55)	Boken (33)
Helga (42)	Helgen (64)
Mora (51)	Moren (143)
Søstera (32)	Søsteren (44)
Jenta (30)	Jenten (2)
Elva (20)	Elven (4)
Blokka (32)	Blokken (3)
Stranda (31)	Stranden (4)
Pakka (19)	Pakken (1)
Katta (23)	Katten (23) ⁸
Hånda/handa (22)	Hånden/handen (4)
Jula (22) ⁹	Julen (0)
Dama (27 treff)	Damen (7)
Dattera (22)	Datteren (31)
Sola (20)	Solen (5)
Senga (20)	Sengen (10)

⁷ Korpuset seier 68, men det blir 62 når eg tek bort særnamn som er tagga som fellesnamn.

⁸ Tok vekk *skatten* og andre ord som var feil for formålet mitt

⁹ Korpuset seier 23, men tok vekk *hjula*

Som tabellen viser, så har dei mest frekvente orda generelt flest treff på *-a*. Men det er nokre ord som har tydeleg overvekt av eit av suffiksa. Her er mange ord med klar overvekt av *-a*, men her er også nokre med overvekt av *-en*. Dersom ein ser på talet på ord, så er det slik at 19 av 25 av dei mest frekvente orda i korpuset har overvekt av *-a*. Dette underbygger påstanden om at frekvente ord er mest resistente for endring.

Men me har ingen garanti for at orda som er frekvente i NoTa, automatisk skal kallast høgfrekvente ord generelt. Kva ord som er mest frekvente i eit talemålskorpus, er jo avhengig av emna det vert snakka om. At *hytta* og *jula* t.d. er med på tabellen, er nok fordi informantane ofte har snakka om feriar. Men når det er sagt, er det også svært naturleg at mange av dei høgfrekvente orda i talespråket også er det i skriftspråket. Eg må altså sjekka frekvens også på ein annan måte.

Denne andre måten å finna fram til frekvente ord på, var å ta utgangspunkt i ord som er frekvente i norsk generelt, og undersøkje korleis dei oppfører seg i NoTa. Det mest omfangsrike korpuset på norsk språk på Tekstlaboratoriet no, er NoWaC (Norwegian Web as Corpus). Det er eit korpus for bokmål og inneheld 700 millionar ord. Dataa er henta frå automatiske søk gjennom alle dokument på .no-domenet på Internett i perioden november 2009 til januar 2010. Dei er lasta ned og bearbeidde av Tekstlaboratoriet ved Uio og søkbare gjennom brukergrensesnittet Glossa. Det er klart at det vil vera ulike ord som er frekvente i eit skriftspråkkorpus og i talespråket generelt, men det er interessant å leita etter tendensar i både skrift og tale. Eg søkte opp a, «end of word», substantiv, bunden form eintal, fellesnamn og fekk opp ei frekvensliste. Dei 25 mest frekvente orda i NoWaC var desse: *boka, uka, klokka, jenta, tida, kona, helga, døra, jorda, hytta, lista, elva, natta, sola, gruppa, senga, lufta, gata, dama, avisa, framtida, bygda, stua, regjeringa* og *dagboka*.

Eg søkte også opp alle substantiv i bunden form eintal fellesnamn i NoWaC for å sjekka om eg fann tradisjonelle femininum som var gått over til å ha fullstendig overvekt av *-en*. Det mest frekvente substantivet, uansett genus, i korpuset, er *saken*, i tillegg kjem *tiden* opp som

nr. 2 og *regjeringen* er på plass 20. Dette er alle ord som eksisterer som både femininum og maskulinum i Bokmålsordboka, noko som altså indikerer at ordforma kan ha vore tradisjonelt femininum før, og at det kanskje berre eksisterte med *-a* tidlegare. Overvekta på desse orda er heilt klart med *-en*. Men eg er mest interessert i orda som held på *-a*, så difor fokuserer eg på dei mest frekvente med *-a*. (I tillegg er det slik at både *tida* og *regjeringa* også er blant dei mest frekvente substantiva med *-a* som suffiks). 15 av dei mest frekvente orda i NoWaC finn me igjen blant dei 25 mest frekvente i NoTa, medan 10 er ulike.

Eg tok altså utgangspunkt i dei 25 mest frekvente orda frå «NoWaC» og slo opp dei same orda i NoTa. Slik vart resultatet:

Tabell 6.4.1 b) Dei 25 mest frekvente i NoWaC, tala på treff i NoTa

<i>-a</i>	<i>-en</i>
Tida (274)	Tiden (395)
Klokka (129)	Klokken (49)
Uka (101)	Uken (34)
Hytta (87)	Hytten (4)
Bygda (7)	Bygden (1)
Gata (69)	Gaten (26)
Jorda (6)	Jorden (9)
Stua (62) ¹⁰	Stuen (18)
Døra (47)	Døren (13)
Natta (45)	Natten (26)
Kona (45)	Konen (0)
Boka (55)	Boken (33)
Helga (42)	Helgen (64)
Lufta (10)	Luften (1)
Regjeringa (1)	Regjeringen (0)
Jenta (30)	Jenten (2)
Elva (20)	Elven (4)
Avisa (8)	Avisen (29)

¹⁰ Korpuset seier 68, men det blir 62 når eg tek bort særnamn som er tagga som fellesnamn.

Dagboka (0)	Dagboken (0)
Gruppa (9)	Gruppen (4)
Senga (20)	Sengen (10)
Lista (13)	Listen (6)
Dama (27 treff)	Damen (7)
Framtida (3)	Fremtiden (6)
Sola (20)	Solen (5)
Totalt: 1526 treff	Totalt: 1273 treff

Tabellen viser at dei orda som er frekvente med *-a* som suffiks i NoWaC også har overvekt av suffikset *-a* i NoTa-korpuset. Eg har no to utrekningar som viser at frekvens er ein faktor når det gjeld kva ord som held på suffikset *-a*. Det er også interessant å sjå at begge måtane å finna fram til frekvens på, viser at dei aller fleste høgfrekvente orda finst med både *-a* og *-en* som suffiks.

6.4.2 Lågfrekvente ord

Tabell nr. 1 (sjå kap. 6.1) viser at det er stor overvekt av *-en* hjå dei lågfrekvente orda. (61% av treffa har suffikset *-en*). Men her må me ta ein kikk på enkeltorda for å sjekka. Ein viktig faktor som ikkje kjem fram av denne tabellen, er at nokre av orda gjev veldig stort utslag, og kanskje eit feil bilete av stoda. Det er difor viktig å gå bak hovudtala her og sjekka ord for ord. Då finn ein at det er nokre fåe ord som gjev store utslag på talet på treff. Sjå berre på desse tre ordformene her:

Ubunden form:	<i>-a</i>	<i>-en</i>
Gang	<i>Ganga: 1</i>	<i>Gangen: 285</i>
Klasse	<i>Klassa: 2</i>	<i>Klassen: 160</i>
Leilighet	<i>Leiligheta: 3</i>	<i>Leiligheten: 87</i>

Til saman står desse tre orda for 532 treff på *-en* og det utgjer 67 % av treffa. Utan desse ville tala ha vore 500 treff på *-a* og 262 treff på *-en*. Bokmålsordboka opererer berre med

maskulinum som genus på substantivet *gang*, medan både *klasse* og *leilighet* er registrerte som både maskulinum og femininum. Så dersom ein tek vekk desse tre ordformene med argumentasjonen at dette hovudsakleg er feiltreff på *-a*, så endar ein opp med at det faktisk blir *-a* som er i overvekt blant dei lågfrekvente orda også. Alle treff skal med, og ein skal ikkje utelukka t.d. *ganga* frå tabellen fordi det er «feil», men det er viktig å visa at dette ikkje er ein generell trend, men eit utslag av at få ord påverkar resultatet kraftig. Ein kan difor ikkje konkludera med at *-a* står svakt hjå dei lågfrekvente orda, det står derimot heller sterkt dersom ein ser etter tendensar og ser vekk frå enkeltord med store utslag.

Ein annan faktor blant dei lågfrekvente orda er at mange av orda finst med eitt treff på *-a* og ingen på *-en*. Tyder dette at bøyingsuffikset heller står sterkt, og kanskje også er produktivt? Eit tilbakevendande problem er nettopp korleis ein skal forstå alle enkelttreffa, altså at ei ordform berre førekjem éin gong. Ein måte å finna ut om det er tale om «hapaxes» (sjå kap. 3.4) i NoTa, er å sjekka om orda med eitt treff finst i ordboka, eller om me her snakkar om nyord. Eg gjekk gjennom lista over substantiv, bunden form eintal med *-a* som suffiks, og slo opp orda i Bokmålsordboka.

Det finst ord i korpuset som har berre eitt treff med *-a* som suffiks og som berre eksisterer som maskulinum i ordboka. Det gjeld orda *vilja*, *bensina*, *skosåla*, *søkefrista*, *samtala*, *pausa*, *ganga*, *dialekta*. Dette kunne kanskje også vera teikn på at *-a* er produktivt som suffiks, men sidan alle desse orda er gamle, så kan ein like gjerne seia at dette er «feil» bøyning av ordet. Eit av kriteria for at suffikset var produktivt, var jo at det skulle opptre på nyord.

Me kan sjå nærare på ei av ordformene, og det er ordet *vilja* som har to treff i korpuset, men er eit ord som berre eksisterer som maskulinum i ordboka. *Viljen* har derimot berre eitt treff. Det er til og med eit abstrakt ord, og hypotesane mine seier at det ordet då burde hatt overvekt av *-en* i bunden form (Sjå kap. 4.2). I korpuset er det brukt som bunden form eintal: «Nei altså jeg var jo mer engasjert før men så innså jeg det at jeg aldri fikk vilja mi» (informant 075) Det andre treffet er det umiddelbare svaret frå informant 076: «jo du har jo funnet ut at du ikke får vilja di så da så». Ein kan altså så tvil om språkbrukar 076 brukar ordet *vilja* fordi han eller ho har det i det mentale leksikonet sitt, eller om personen berre repeterer det samtalepartnaren sa.

Sidan dette ordet ikkje er nyord, men derimot har eksistert ei stund i talespråket, så er det stor sjanse for at dette må kallast feil bøying.

Eit anna døme er ordforma *tutta*, som er eit ord som ikkje eksisterer i ordboka, men som er representert med eitt treff i NoTa. Det vert brukt om ei jente. Snakkar me her om eit nyord? Eg vil seia nei, fordi eg definerer nyord som ord som ikkje er godkjente i Bokmålsordboka endå. Nei, ordet eksisterer som *tutt* som grunnform i ordboka, og kjem frå det norrøne ordet *tuttr* som betyr «lubbert barn» (ordbok.uib.no). Ein får også treff på google på «lille tutta», brukt om både babyar, kjæledyr og ein bil. Det finst også 333 treff på google på «en liten tutte», og 286 treff på «ei lita tutte». Det eine treffet i NoTa har tonem 2 (informant 189), så grunnforma til ordet er nok ei tutte, og ikkje ein tutt. Så sjølv om ordet ikkje står i verken Bokmålsordboka eller i NAOB (Det norske akademis ordbok), kan me heller ikkje her snakka om eit nyord, fordi undersøkingar på nettet viser at ordet eksisterer i språket.

Det er ikkje eitt einaste nyord i NoTa som eksisterer med *-a* som suffiks. Det kriteriet for produktivitet er altså ikkje oppfylt. Sjølv om intervjuet var uformelt, så kan ein lett tenkja seg til at ein snakka konservativt og trygt i ei slik setting, eg fann heller ikkje andre slangord eller nyord på verken *-a* eller *-en*. Det at informantane ikkje nytta eit einaste nyord med *-a* som suffiks, tek eg som eit teikn på at ikkje *-a* er produktiv.

Konklusjonen er at når det gjeld lågfrekvente ord, så finst det fleire ord med *-a* enn med *-en*, men me kan likevel ikkje seia at *-a* er produktiv. Mest sannsynleg skuldast dette at eg har hatt som kriterium at ordforma skulle slutta på *-a*, og då kjem det naturlegvis opp mange ord som berre er brukt ei einaste gong i korpuset, og då med *-a* som suffiks.

6.5 Samanlikning mellom NoTa og TAUS

Det eine forskingsspørsmålet mitt er om resultata er dei same i TAUS som i NoTa, og om dette i så fall betyr at *-a* er stabil. Når det gjeld TAUS, så finst det allereie ein god analyse av bruken av *-a* versus *-en* (Western, 1977) (sjå kap. 3.5). I dette delkapittelet skal eg i hovudsak

sjå på det store biletet og ikkje gå inn i detaljar, men skal trekka fram nokre resultat og samanlikna med mi eiga undersøking.

Western er, som meg, mest oppteken av orda som vekslar mellom endingsuffiksa *-a* og *-en*. Western meiner at årsaka til den vekslende bruken av *-a* ikkje berre ligg i oppfatninga av endingsmorfemet som vulgært, folkeleg eller norsk, men han «vil derimot hevde at de ulike endingsmorfemene er betinget av konteksten og den øvrige språkbrukssituasjonen» (Western, 1977, s. 31). Western undersøkte så om det var «samvariasjon» mellom endingsmorfema og semantiske og formelle trekk ved orda dei står til, og/eller om det var samvariasjon med dei sosiale faktorane geografisk tilhørsle, kjønn, alder og utdanning. Om bruken av endingsmorfema kan skuldast semantiske og formelle trekk, samsvarar med forskingsspørsmåla mine og gjer det ekstra interessant å samanlikna resultata.

Sjølv om eg fleire stader kan basera meg på Western sine tal, må eg også leita opp eigne treff i TAUS. Dataa finst tilgjengelege i søkegrensesnittet Glossa på tekstlaboratoriet på UiO. Eg søkte opp alle substantiv, fellesnamn, bunden form som endar på *-a*. Eg fekk opp 711 treff, fordelt på 226 ulike ord. Etter at eg hadde sortert orda manuelt, sat eg igjen med 129 ord og 507 treff. Då hadde eg teke bort dei som var feiltagga, altså registrert med feil ordklasse, feil bestemtheit, særnamn i staden for fellesnamn og liknande (T.d. *Vålerenga*). For samanlikninga har eg tatt utgangspunkt i orda med fem treff eller meir. I TAUS er det berre 16 ulike ord som har så mange treff. Eit av orda er «sida/siden», men akkurat som i NoTa er det mest brukt som tidskonjunksjon og i preposisjonsuttrykk, så det tok eg vekk i denne undersøkinga. Eg sat igjen med ei liste på 15 ulike substantiv som endar på *-a* med fem eller fleire treff.

Tabell 6.5 a) TAUS, frekvente ord

Ordform	Øst	Vest	Ordform	Øst	Vest
Tida (56)	48	6	Tiden (109)	41	68
Stua (52)	39	10	Stuen (37)	7	30
Gata (47)	30	13	Gaten (56)	18	37

Hytta (37)	24	12	Hytten (2)	0	2
Klokka (33)	27	4	Klokken (32)	6	26
Uka (30)	20	9	Uken (20)	9	11
Søstera (15)	8	7	Søsteren (46)	25	19
Mora (13)	12	0	Moren (19)	3	16
Senga (11)	11	0	Sengen (4)	0	4
Døra (9)	9	0	Døren (8)	0	8
Trappa (8)	5	3	Trappen (5)	2	3
Kona (8)	3	4	Konen (1)	1	0
Brygga (7)	7	0	Bryggen (1)	0	1
Skoletida (5)	4	1	Skoletiden (6)	1	5
Jenta (5)	2	3	Jenten (3)	2	1
Til saman	249 78 %	72 22 %		115 33 %	231 67 %

Denne tabellen har eg delt inn i «øst» og «vest» for å sjå korleis suffiksa fordeler seg på dei to områda. Det er ein liten mangel i TAUS (ein informant er ikkje registrert med «bosted»), så det totale talet på treff per ord er nokre gonger litt meir enn når ein deler informantane opp i «øst» og «vest», men eg har skrive det inn slik det står i TAUS (pr. 30.9.2019). Eg har også rekna saman prosentvis fordeling av suffiksa på «øst» og «vest». Utrekninga viser at det klar overvekt av *-a* i «øst» og klar overvekt at *-en* i «vest».

Viss me samanliknar med NoTa, så er avstanden mindre mellom aust og vest når det gjeld bruken av *-a*:

Tabell nr. 6.5 b) Suffiksbruk i TAUS og NoTa, fordelt på geografi (bustad/budd lengst)

	-a		-en	
TAUS	Oslo øst	Oslo vest	Oslo øst	Oslo vest
	78 %	22 %	33 %	67 %
NoTa	Oslo rest	Oslo vest	Oslo rest	Oslo vest
	64 %	36 %	36 %	64 %

Tabellen viser at det var større skilnad mellom aust og vest i TAUS enn i NoTa. Medan *-en* har auka med tre prosentpoeng i Oslo rest, så er det i bruken av *-a* me ser størst forskjell. Skilnaden mellom «rest» og «vest» i NoTa er mykje mindre enn skilnaden mellom «øst» og «vest» i TAUS. Det kan sjå ut som om *-a* spreier seg. Men det er viktig å hugsa på at denne tabellen ikkje fortel oss at det er auke eller minke i bruken av det eine eller andre suffikset, men han viser at skiljet mellom aust og vest har vorte mykje mindre.

Medan det i TAUS var nokre ord som ikkje fanst med *-a*, men berre med *-en* i Oslo vest (*mor*, *seng*, *dør*, og *brygge*), så eksisterer dei alle med *-a* i Oslo vest i NoTa. Dette peikar mot at *-a* har spreidd seg til fleire ord.

Western har brote dei fleste resultata ned på sosiale faktorar som kjønn, geografisk tilhøyrse osv. Han var spesielt oppteken av korleis kvinner og menn brukar suffiksa ulikt. Hovudfunna i TAUS var at menn på austkanten brukte mest *-a*. Mennene stod for 68 % av bruken, medan kvinnene står for 32 %. I NoTa har tala jamna seg meir ut, der står mennene for 57 % av alle treffa med *-a*, medan kvinnene står for 43 %.

Western såg også på fordelinga på suffiks etter semantiske kategoriar. En av kategoriane var konkret/abstrakt (Western, 1977, s. 47). Oversikta hans viser at blant dei konkrete orda så var det 33,7 % *-a* og 66,3 % *-en*. I dei abstrakte orda var det 23,5 % *-a* og 76,5 % *-en*. Ser me dette i samanheng med resultata eg fekk blant dei 69 mest frekvente substantiva i NoTa, så

var det generelt meir bruk av *-en* i TAUS og det var større skilnad mellom suffiksbruken i dei konkrete orda.

Når det gjeld ord for kvinner, så synst eg at funna i NoTa om at *-en* står sterkt blant ord for kvinner, var både overraskande og interessant. Eg har samanlikna dei 6 mest frekvente slektskapsorda i NoTa og TAUS.

Tabell 6.5 c) Slektskapsord i NoTa og i TAUS

NoTa		TAUS	
Mora 27 %	Moren 73 %	Mora 37 %	Moren 63 %
Kona 100 %	Konen 0 %	Kona 89 %	Konen 11 %
Søstera 46 %	Søsteren 54 %	Søstera 25 %	Søsteren 75 %
Dattera 41,5 %	Datteren 58,5 %	Dattera 14 %	Datteren 86 %
Tanta 80 %	Tanten 20 %	Tanta 62,5 %	Tanten 37,5 %
Kusina 57 %	Kusinen 43 %	Kusina 89 %	Kusinen 0 %

Jamføringa mellom NoTa og TAUS viser at tendensen er den same. Sjølv om tala varierer litt, så viser tabellen at det dominerande suffikset på kvart enkelt ord er likt i både NoTa og TAUS. Det er også interessant å sjå at t.d. *datteren* hadde større overvekt av *-en* i TAUS enn i NoTa. Her har altså utviklinga gått mot meir bruk av *-a*. Dette gjeld for fleire ord. Generelt ser me også at det er større skilnad i prosent i TAUS enn i NoTa, suffiksa er altså jamnare fordelt i NoTa.

Forskingsspørsmålet mitt var om eg fann dei same resultatata i TAUS og i NoTa, og om ein evt. kan kalla *-a* for stabil. Eg har undervegs i oppgåva samanlikna resultatata med TAUS og den generelle tendensen er lik. suffiksa fordeler seg meir på tvers av geografiske og sosiale skiljelinjer i NoTa, og samtidig ser me at tendensane når det gjeld grammatiske kategoriar peikar i same retning. Prosentvis kan ein sjå at *-a* er meir i bruk av informantar frå vest i NoTa enn i TAUS. Det er sjølvsagt fleire usikre moment når ein samanliknar to korpus med såpass ulik datamengd, men viss me tek utgangspunkt i den prosentvise bruken av suffiks på

ord med fem eller fleire treff, så blir svaret at *-a* generelt held seg godt og at han på visse ord har fått innpass i vestkantmålet etter at TAUS vart gjennomført.

6.6 Samanlikning mellom «rest» og vest, ei oppsummering

Det eine forskingsspørsmålet mitt var om ein fann dei same tendensane i «rest» og vest. I kap. 6.2.1 såg me at det var meir *-a* i «rest» enn i vest. Det er ein tydeleg tendens. Det er også slik informantane frå vest har *-a* i 63 av dei 69 mest frekvente orda i korpuset. Spørsmålet om «rest» og vest har vore ein gjengangar i presentasjonane av dei ulike kategoriane. For å oppsummera desse funna, så var det spesielt tre aspekt ved språket som eg synst var spesielt interessante å setja opp mot «rest»/vest. Det var nemleg «ord for kvinner», som viste ganske jamn fordeling, og «ord som endar på trykklett *-e*», som viste klar overvekt av *-a* og «ord som ikkje endar på trykklett *-e*» og som hadde veldig jamn fordeling av suffiksbruken.

Hovudtendensen er at suffikset *-a* er sterkare knytt til Oslo «rest» enn det *-en* er til Oslo vest. Den kategorien som har klarast skilje mellom «rest» og vest, er «ord som ikkje endar på trykklett *-e*». Det er tydeleg at ord som endar på trykklett *-e* predikerer *-a* i både «rest» og vest, og det at ord som ikkje endar på trykklett *-e* viser stor skilnad på «rest» og vest, meiner eg underbyggjer at me her snakkar om ein formell motivasjon for suffiksbruken. Det er som tidlegare nemnt i oppgåva slik at NoTa viser skilnader i språket til informantane frå Oslo vest og Oslo «rest», men nokre av dei mest spennande tendensane slik eg ser det, viser at både i «rest» og i vest viser suffiksbruken både variasjon og teikn på å vera motivert av andre faktorar enn den semantiske kjernen til ordet.

7 Genus eller bøyingsklasse

Undersøkinga så langt har slått fast at *a*-en ikkje ser ut til å ha forsvunne og at det er ganske stor variasjon i bruken av *-a* som suffiks. Er denne *a*-en markør for genus eller bøyingsklasse? I kap. 3.3 viste eg til tidlegare forskning og diskusjonar om korleis me skal forklara dette

fenomenet i norsk. Det enklaste svaret er at så lenge genus ikkje vert eksponert gjennom kongruens, altså ved realisering av ulike suffiks eller former av determinativ, possessiv eller adjektiv, så kan me ikkje lenger snakka om genus. Men så er det også slik at historisk har me evidens i norsk både for at genus predikerer bøyingsklasse og at bøyingsklasse predikerer genus, det er ikkje kanskje så enkelt som å seia at når kongruensen er borte, er genuset borte. Nokon meiner også at ein burde endra definisjonen av genus frå å snakka om at genuset viser seg i «associated words» til å snakka om at det viser seg i «associated morphemes». Denne diskusjonen viser at det er interessant å sjå nærare på saken. Basert på funna i undersøkinga mi vil eg likevel påstå at *-a* er markør for bøyingsklasse. Eg skal her grunngje kvifor.

Den fyrste faktoren eg vil peika på er at det ikkje ser ut til at det ikkje er tydelege mønster i at semantisk kjerne spelar ei viktig rolle for suffiksbruken i Oslomålet. Som tidlegare nemnt er det ofte slik at kjernesemantikken er ein viktig faktor for å føreseia genus. Dersom oslomålet er i ferd med å missa eit genus, er det naturleg at semantikken ikkje skal vera så klar lenger. «When a gender is lost, this may well make the assignment system for the remaining genders less clear in terms of semantics» (Corbett 1991: 317). Konkrete og abstrakte ord vert jo kategorisert etter semantikk, så dersom ein legg til grunn at semantiske reglar står over fonologiske og morfologiske reglar når det gjeld genustilordning (Corbett, 1991), så kan ein tenka seg at konkrete og abstrakte ord skulle visa seg i fordelinga av suffiksa *-a* og *-en*. Dette peikar på at dei konkrete burde halda lenge på *-a* både på grunn av semantisk motivasjon og at abstrakte ord som er langt nede på animatheitshierarkiet, lettare skulle få *-en*. Det stemmer at det er overvekt av *-a* på konkrete ord, men det er også overraskande mange abstrakte ord med *-a*. Dette tyder på at semantikk ikkje er ein avgjerande faktor for suffiksbruken.

Ein annan svært sentral semantisk faktor for genustilordning er biologisk kjønn. Som nemnt i kap. 3.2, er biologisk kjønn eit hovudkriterium for semantisk tilordning til genus (Dahl, 2000, s. 102). Dersom suffiksbruken korrelerer med biologisk kjønn, så ville det ha vore ein indikator på at *-a* er eit uttrykk for genus. Men i undersøkinga mi var det ikkje slik at «ord for kvinner» hadde tydeleg overvekt av *-a*, og heller ikkje klar overvekt av *-en*. Det at ord for kvinner ikkje oppfører seg likt, kan indikera at det ikkje er nokon semantisk kjerne som styrer bøyinga til desse orda. Det vert difor vanskeleg å snakka om eit feminint genus her.

Den faktoren som ser ut til å klarast predikera *-a*, er ord som endar på trykklett *-e*. Corbett skriv at dei semantiske reglane står over dei formelle eigenskapane til ordet når det gjeld genustilordning (sjå kap. 3, s. 5). Så dersom det formelle kjenneteiknet trykklett *-e* ser ut til å vera den sterkaste motivatoren for *-a* i bunden form, så kan dette tyda på at me her snakkar om ein ny bøyingsklasse, og ikkje restar av genus. Medan genus viser seg i tilhøyrande ord og har syntaktiske konsekvensar, så er bøyingsklasse berre morfologi. Det er ikkje nytt med bøyingsklassar i substantivbøyinga på norsk. Tradisjonelt har femininum hatt ulike bøyingsklassar på sterke og svake femininum. I nokre dialektar skil ein t.d. mellom /su:l – su:le/ (sterk) og /jenta -jento/ (svak). Dette skiljet har ein ikkje i oslomålet, men no er det altså ting som tyder på at den trykklette *een* fører til *-a* i bunden form. I kategorien ord som endar på trykklett *-e*, var det 62,5 % treff på *-a* (914 treff), medan det er 37,5 % som endar på *-en* (548 treff). Blant orda som ikkje endar på trykklett *-e*, var skilnaden mykje mindre: 51 % (820 treff) på *-a*, og 49 % (974 treff) på *-en*. Det ser altså ut til at trykklett *-e* er ein viktig faktor for *-a*. Dei orda for kvinner som enda på trykklett *-e*, t.d. *kone*, *jente*, *tante*, var dei som hadde overvekt av *-a*, medan *mor*, *søster* og *datter* hadde overvekt av *-en*. Det at trykklett *-e* også her ser ut til å vera ei medverkande årsak, gjer at det er sannsynleg at trykklett *-e* predikerer *-a*. (Men her skal det nemnast at trykklett *-e* ikkje alltid fører til *-a*. Ein kan lett finna døme på både maskulinum (*bolle*, *konge*) og nøytrum (*stykke*, *gjerde*) som ikkje får *-a*. Og når det er sagt, så er det slik at trykklett *-e* i nøytrumsord fører til *-er* i fleirtal på bokmål, jf. *hus* – *hus*, og *gjerde* – *gjerder*.) Morfologi ser altså ut til å predikera suffiksbruken betre enn semantikken.

Ein annan morfologisk faktor som peikar seg ut med klare skilje mellom suffiksa, er ord som endar på suffiksa *-ing* og *-ning*. Medan verbalsubstantiv på *-ing* har overvekt av *-a*, har ord på *-ning* overvekt av *-en* (jf. Kap. 6.3.3.1). Akkurat som ordet *kjerring* ikkje finst med *-en* i korpuset, så er det slik at verbalsubstantiva på *-ing* også har overvekt av *-a*. Dersom morfologi er ein sterkare motivator enn semantikk, så har me nok eit argument for at det her er tale om bøyingsklasse.

Ein siste grunn til å kalla dette bøyingsklasse, meiner eg me finn i den store variasjonen. Generelt er det stor variasjon, med bruk av begge suffiksa på dei aller fleste aktuelle orda. Og

når me er vitne til genustap er det å forventa at systemet vert uklart: «(..) the fusions of genders may blur an earlier distinction» (Corbett, 1991, s. 317).

Konklusjonen min blir at *-a* er eit uttrykk for bøyingsklasse. Ikkje berre fordi kriteria til kongruens ikkje er oppfylte, men også fordi ei semantisk kjerne ikkje ser ut til å predikera suffikset. Det som derimot heller ser ut til å predikera suffikset er formelle eigenskapar og medan genus aldri er berre formelt motivert, kan bøyingsklassar vera 100 % formelt motivert.

8 Konklusjon

Ein av dei klaraste konklusjonane ein kan trekka utifrå denne oppgåva, er at datamaterialet frå NoTa viser mykje variasjon i distribusjonen av *-a* og *-en* blant orda med fem eller fleire treff. Som eg skreiv i kap. 2.1, så meiner Corbett at det ville vera naturleg med mykje variasjon i tilordningssystemet for genus når eit språk misser eit genus. No er det jo slik at suffiksa ikkje lenger bør sjåast på som genusmarkørar, men dei er uansett restar av tidlegare genus, så all variasjonen tyder på at me her snakkar om genustap. Forskingsspørsmåla mine handla om å leita etter tendensar i ulike språklege kategoriar. Eg skal no gå gjennom forskingsspørsmåla eitt for eitt før eg summerer opp analysen til slutt.

1. Finst det eit semantisk mønster for kor -a held seg lengst?

Svaret på dette spørsmålet er nei. Undersøkinga viser at *-a* held seg relativt godt på konkrete ord. Talmaterialet mitt viste at det var stor overvekt av *-a* (69 %) og at det var mykje mindre bruk av *-en* (31 %). Når eg samanlikna med korleis suffiksbruken var på dei abstrakte orda, var biletet meir uklart, fordi blant dei abstrakte orda var suffiksa jamnare fordelt med 51 % (*-a*) og 39 % (*-en*).

Den semantiske faktoren som ofte vert rekna som den sterkaste, er distinksjonen mellom animat og inanimat og i denne oppgåva har eg sett på ord for kvinner. Talmaterialet både frå NoTa og TAUS viste at ord for kvinner ikkje oppfører seg som ei samla gruppe, og at nokre av orda for kvinner rett og slett har sterk overvekt av *-en*. Tendensen i den kategorien var at ord som endar på trykklett *-e* har overvekt av *-a*, medan dei andre har overvekt av *-en*.

Morfologi er altså ein sterkare motivasjon for *-a* enn semantikk. Samla blir svaret på forskingsspørsmål 1 at undersøkinga mi ikkje viser noko semantisk mønster for kor *-a* held seg lengst.

2. Finst det eit formelt mønster for kor -a held seg lengst?

Eg valde å slå saman fonologi og morfologi til ein kategori. Den viktigaste årsaka til å sjå desse under eitt er at både morfologi og fonologi ikkje predikerer genus åleine, men dei er ofte faktorar som bestemmer bøyingsklasse.

Det hadde vore interessant å undersøkje korleis vokalfinale ord oppfører seg i korpuset, men her var funna så få at det ikkje let seg gjera. Dette spørsmålet har eg ikkje svart på i oppgåva.

Ord som endar på trykklett *-e* får oftare får *-a* enn mange andre kategoriar. Det var 76 % treff på *-a* medan det var 24 % som enda på *-en*. Eg samanlikna også med ord som ikkje enda på trykklett *-e* og der var det veldig liten skilnad på suffiksbruken: 51 % på *-a*, og 49 % på *-en*.

Den andre morfologiske kategorien som eg undersøkte, var ord som endar på *-ing* eller *-ning*. Der hadde begge kategoriane overvekt av *-en*. Dette er den einaste kategorien som eg har undersøkt som har overvekt av *-en*. Men her valde eg å ta med mange lågfrekvente ord i korpuset, så det gjer resultatet mindre signifikant. Men det var veldig interessant at kategorien var såpass klar. Det var svært tydeleg overvekt av *-en* hjå ord som endar på *-ning*, så ein kan også tolke resultatet som eit argument for at formelle eigenskapar er viktige for å predikera suffiksbruken.

3. Spelar frekvens ei rolle for bruken av -a versus -en?

Høgfrekvente ord hadde større førekomst av *-a* enn lågfrekvente ord. Det stadfestar hypotesen om at frekvente ord er meir resistente mot endring. Men det var også slik at fleire av dei høgfrekvente orda hadde store førekomstar av *-en*. Når det gjeld dei lågfrekvente orda, er det vanskeleg å konkludera. Hovudfunnet var at det var overvekt av *-en* blant dei lågfrekvente,

men samtidig så var det slik at tre enkeltord stod for 67% av treffa på *-en*. Disse tre orda var *gang, klasse og leilighet*. Dei er ikkje tradisjonelle femininum. Dersom ein tek vekk desse tre orda, vil resultatet bli overvekt av *-a*. Funna blant dei lågfrekvente orda gjev ikkje grunnlag for å konkludere med ein tydeleg tendens, men at høgfrekvente ord har mykje *-a* tyder på at frekvens spelar ei rolle for suffiksbruken. Dei frekvente orda er meir resistente mot endringar og har difor framleis *-a*.

4. Kan ein finna same mønster i både Oslo vest og i Oslo «rest»?

Dersom ein ser på dei store tala, så er det slik at det er mykje meir *-a* i Oslo «rest» enn i Oslo vest. Blant dei 69 mest frekvente orda, ser ein at 64 % (1081 treff) av treffa er frå informantar i «rest» og 36 % (614 treff) av informantar i vest. Når ein ser på kategoriane kvar for seg, så ser det ut til at ein finn dei same mønstra i både vest og «rest» i nokre kategoriar, medan i andre er det svært ulike resultat.

5. Er -a eit uttrykk for genus eller bøyingsklasse?

Eg vil påstå at denne oppgåva viser at *-a* er eit uttrykk for bøyingsklasse også om ein ser bort frå kva som skjer i syntaksen og omkringliggende ord. Undersøkinga mi viser langt på veg iallfall, at heller ikkje semantikken ser ut til å predikera suffiksbruken i Oslomålet. Den klaraste tendensen eg fann var at morfologi predikerer suffiksbruk, og morfologi styrer oftare bøyingsklasse enn genus.

6. Er resultata dei same i TAUS som i NoTa? Er -a produktiv?

Resultata i TAUS og NoTa er både like og ulike. Ein generell tendens ser ut til at det er større variasjon i NoTa enn i TAUS. Skiljelinjene mellom Oslo vest og Oslo «rest» og aust er ikkje så tydelege i NoTa som dei var i TAUS. Av dei orda som let seg samanlikna, var tendensen at suffiksbruken var meir variert i NoTa, med jamnare fordeling mellom *-a* og *-en*.

Når det gjeld spørsmålet om produktivitet, så kan ein ikkje berre sjå på samanlikninga mellom TAUS og NoTa, men ein må ta med heile biletet. Av dei 433 substantiva som eksisterer med *-a* som suffiks, så er det ein svært stor del som berre eksisterer med eitt treff per ordform. Her

er det litt ulike måtar å telja på, men når ein tek utgangspunkt i lista som gjev ei rad per ordform, så finn ein at av dei 433 ulike orda, så har 235 av orda berre eitt einaste treff. Dette resultatet kan ein lesa som at *-a* framleis er i bruk. Ordformene med eitt treff kan også vera lågfrekvente ord. Desse skulle vore mindre resistente for endring, og såleis er det litt overraskande at heile 235 av 435 med *-a* framleis eksisterer med *-a*. Men me kan ikkje seia at dette viser at *-a* er produktiv som suffiks, fordi ingen av orda er nyord, fordi dei eksisterer alle i Bokmålsordboka. Så premissen for forskingsspørsmåla om at *-a* er på veg ut, er kanskje feil. Sjølv om kongruensen er borte, er ikkje *-a* borte.

Dersom me ikkje ser på dei enkelte forskingsspørsmåla, men heile undersøkinga under eitt, så er det interessant at det er ord innan alle kategoriane som har tydeleg overvekt av den eine eller den andre bøyingsforma. Dette kan tyda på at orda er leksikaliserte. Den mest vanlege måten å bruka omgrepet «leksikalisering» på, er når t.d. to ord smeltar saman til eitt og får ei ny eller utvida tyding, t.d. i dette korpuset er det klart at «hele pakka» ikkje berre betyr den fullstendige pakka/gåva/øskja, men her tyder det «alt». Når eit ord vert låst til eit bøyingssuffiks, meiner eg at det er relevant å kalla det for leksikalisering.

Det er altså slik at suffikset *-a* spreier seg samtidig som genuskongruensen forsvinn. Det blir spennande å sjå kva som skjer med *-a* framover. Sjølv om me no bør snakka om genustap og at *-a* er uttrykk for bøyingsklasse, så forklarar ikkje dette kvifor *-a* både har spreidd seg og kvifor det er såpass mange ord som eksisterer med begge suffiksa.

Eit tilbakevendande spørsmål i forkinga på suffiksbruken i Oslomålet har vore om ein framleis kan kalla *-a* og *-en* som genusmarkørar. Denne oppgåva viser at *-a* ikkje oppfyller kriteriana som genusmarkør. Suffikset er for lausleg knytt til semantikk. Så sjølv om denne oppgåva berre ser på suffikset isolert, og ikkje knyter genus til syntaks og samsvarsbøyning, så er det likevel teikn på at *-a* og *-en* må kallast uttrykk for to bøyingsklassar og at Oslomålet hovudsakleg har to genus.

Bibliografi

- Aronoff, M. (1994). *Morphology by itself: Stems and inflectional classes*. Cambridge, MA: MIT Press.
- Bondi Johannessen & Hagen, K. (. (2008). *Språk i Oslo*. Oslo: Novus AS.
- Corbett, G. (1991). *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, Ö. (2000). Animacy and the notion of semantic gender. I B. R. Unterbeck, *Trends in Linguistics* (ss. 99-115). Berlin New York: Mouton de Gruyter.
- Dahl, Ö. (2000). Elementary gender distinctions. I B. e. Unterbeck, *Gender in Grammar and Cognition* (ss. 577-593). Boston: De Gruyter Mouton.
- Dyvik, H. (1992). Beskrivelse, forståelse og forklaring i språkvitenskapen. I H. Dyvik, *To forelesninger om lingvistikkens vitenskapsteori* (ss. 1-16). Bergen: Universitetet i Bergenm Institutt for fonetikk og lingvistikk.
- Enger, H.-O. &. (2005). *Innføring i norsk grammatikk*. Oslo: Landslaget for norskundervisning/Cappelens Forlag.
- Enger, H.-O. (2004). On the relation between gender and declension. I *Studies in Language* (ss. 51-82). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Enger, H.-O. (2008). Unitary Base Hypothesis og norsk. *Maal og minne 2*, ss. 189-212.
- Enger, H.-O. (2009). The role of core and non-core semantic rules in gender assignment. *Lingua*, ss. 1281-1299.
- Enger, H.-O. N. (2011). Constraints on diachronic development: The Animacy Hierarchy and the Relevance Constraints. *STUF, Sprachtypologie und Universalienforschung*, ss. 193-212.
- Faarlund, J. T., Lie, S., & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haspelmath, M. (2006). Against Markedness (And What to Replace it With). *Journal of Linguistics*, vol. 42, no. 1, ss. 25-70.
- Haspelmath, M. (2009). Framework-Free Grammatical Theory. I B. o. Heine, *The Oxford Handbook of Linguistic Analysis* (ss. 342-366). Oxford: Oxford University Press.
- Hudson, R. A. (1996). *Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Johannessen, J. B. (2001). Sammensatte ord. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, ss. 59 - 91.
- Johannessen, J. B. (2008). Oslospråket i tall. I J. B. Johannessen, *Språk i Oslo* (ss. 235-242). Oslo: Novus AS.
- Labov, W. (2001). *Principles of linguistic change, internal factors*. Oxford: Blackwell .
- Lohndal, T. o. (2015). Genus vs. bøyingsklasse. *Mons 16 - Møte om norsk språk. Sammendrag* (s. 72). Kristiansand: Universitetet i Agder.

- Lødrup, H. (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne*, ss. 120-136.
- Opsahl, T. (2009). Genusmarkering og sånn i norsk i multietniske ungdomsmiljøer i Oslo. I T. Opsahl, "Egentlig alle kan bidra!" - en samling sosiolingvistiske studier av strukturelle trekk ved norsk i multietninske ungdomsmiljøer i Oslo (ss. 77-115). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Plag, I. (2003). *Word-Formation in English*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Stjernholm, K. &. (2013). Om bruk av Oslo-testen for å undersøke oslomålet. I K. Stjernholm, *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted* (ss. 161-187). Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studier.
- Stjernholm, K. (2013). *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted. Tre artikler om språk i Oslo*. Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Torp, A., & Vikør, L. (1994). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Trosterud, T. (2001). Genus i norsk er regelstyrt. *Norsk lingvistisk tidsskrift 1*.
- Walker, J. A. (2013). Variation analysis. I R. J. Podesva, *Research Methods in Linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Western, K. (1977). *A-endinger i Oslo-mål*. Oslo: Universitetet i Oslo institutt for nordisk språk og litteratur.
- Wurzel, W. U. (1986). Die wiederholte Klassifikation von Substantiven. *Zeitschrift für Phonetik, Sprachwissenschaft und Kommunikationsforschung 39*, ss. 76-96.

Vedlegg 1, alle substantiv med -a, sortert

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Tida	205	150	55	Tiden	315
Klokka	129	84	45	Klokken	49
Uka	91	57	34	Uken	24
Hytta	86	33	53	Hytten	2
Greia	76	44	32	Greien	1
Gata	69	55	14	Gaten	26
Stua	54	36	18	Stuen	16
Døra	47	30	17	Døren	13
Natta	45	27	18	Natten	22
Kona	45	28	17	Konen	0
Boka	45	27	18	Boken	29
Mora	42	28	14	Moren	119
Helga	42	28	14	Helgen	61
Søstera	28	24	4	Søsteren	35
Elva	28	11	17	Elven	6
Jenta	28	20	8	Jenten	2
Stranda	26	18	8	Stranden	4
Katta	26	13	13	Katten	21
Blokka	26	20	6	Blokken	3
Sola	22	16	6	Solen	3
Jula	22	9	13	Julen	0
Hånda	22	18	4	Hånden	4
Dattera	22	20	2	Datteren	27
Pakka	21	12	9	Pakken	2
Venninna	21	21	0	Venninnen	17
Dama	21	12	9	Damen	6
Senga	20	13	7	Sengen	10
Bikkja	20	6	14	Bikkjen	0
Øya	18	14	4	Øyen	0
Tomta	16	12	4	Tomten	2
Ræva	16	9	17	Ræven	0
Rumpa	14	3	11	Rumpen	0
Grensa	14	9	5	Grensen	19
Nesa	14	5	9	Nesen	2
Trappa	13	9	4	Trappen	4
Lista	13	5	8	Listen	6
Ramma	12	8	4	Rammen	0
Fritida	12	11	1	Fritiden	17
Ruta	11	4	7	Ruten	2
Meninga	10	8	2	Meningen	21
Lufta	10	6	4	Luften	1
Kjerringa	9	5	4	Kjerringen	0
Gruppa	9	6	3	Gruppen	4
Lukta	8	3	5	Lukten	1

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Lillesøstera	8	7	1	Lillesøsteren	7
Dialekta	8	8	0	Dialekten	18
Avisa	8	5	3	Avisen	29
Utsida	7	3	4	Utsiden	5
Skoletida	7	4	3	Skoletiden	2
Russetida	7	0	7	Russetiden	16
Nedsida	7	5	2	Nedsiden	3
Kassa	7	7	0	Kassen	5
Legevakta	3	3	0	Legevakten	3
Lua	7	3	4	Luen	1
Lomma	7	4	3	Lommen	0
Buksa	7	1	6	Buksen	4
Vogna	6	6	0	Vognen	2
Prøva	6	6	0	Prøven	32
Kulda	6	1	5	Kulden	0
Kjellerstua	6	2	4	Kjellerstuen	1
Jorda	6	3	3	Jorden	9
Jakka	6	6	0	Jakken	1
Ungdomstida	6	4	2	Ungdomstiden	6
Gryta	6	5	1	Gryten	0
Vakta	5	3	2	Vakten	3
Potta	5	2	3	Potten	0
Kantina	5	2	3	Kantinen	2
Hylla	5	3	2	Hyllen	1
Farta	5	3	2	Farten	10
Treninga	4	2	2	Treningen	2
Slekta	4	1	3	Slekten	0
Skjorta	4	0	4	Skjorten	0
Romjula	4	3	1	Romjulen	0
Malinga	4	4	0	Malingen	1
Linja	4	2	2	Linjen	3
Kusina	4	2	2	Kusinen	3
Femmila	4	4	0	Femmilen	0
Brua/broa	4	1	3	Bruen/broen	0
Bokhylla	4	3	1	Bokhyllen	0
Russebuksa	4	0	4	Russebuksen	0
Barnevogna	4	4	0	Barnevognen	0
Skravla	3	3	0	Skravlen	0
Svømminga	3	0	3	Svømmingen	0
Sandkassa	3	1	2	Sandkassen	1
Rushtida	3	3	0	Rushtiden	1
Oversida	3	2	1	Oversiden	1
Hetta	3	0	3	Hetten	0
Lønna	3	2	1	Lønningen	0
Leiligheta	3	3	0	Leiligheten	87
Kirka	3	3	0	Kirken	14
Havna	3	2	1	Havnen	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	treff
Helsa	3	3	0	Helsen	0
Girkassa	3	0	3	Girkassen	0
Frisørlinja	3	1	2	Frisørlinjen	0
Framtida	3	3	0	Fremtiden	6
Ett-tida	3	3	0	Ett-tiden	0
Bua	3	1	2	Buen	1
Utstillinga	3	3	0	Utstillingen	3
Baksida	3	2	1	Baksiden	5
Nersida	3	0	3	Nedsiden	3
Mormora	3	3	0	Mormoren	7
Stanga	2	1	1	Stangen	1
Vogga	2	2	0	Voggen	0
Vilja	2	2	0	Viljen	1
Vestsida	2	2	0	Vestsiden	4
Undervisninga	2	2	0	Undervisningen	1
Turneringa	2	0	2	Turneringen	1
Tunga	2	0	2	Tungen	5
Trua	2	1	1	Troen	2
To-tida	2	2	0	To-tiden	1
Teoriprøva	2	2	0	Teoriprøven	3
Tenninga	2	2	0	Tenningen	0
Spenninga	2	1	1	Spenningen	0
Skylda	2	2	0	Skylden	1
Skorpa	2	1	1	Skorpen	0
Skjelettdrakta	2	2	0	Skjelettdrakten	0
Skjea	2	2	0	Skjeen	1
Sendinga	2	2	0	Sendingen	0
Sanda	2	2	0	Sanden	0
Samlinga	2	2	0	Samlingen	0
Rotta	2	0	2	Rotten	0
Rekka	2	1	1	Rekken	0
Regninga	2	2	0	Regningen	2
Randa	2	0	2	Randen	2
Pølsa	2	2	0	Pølsen	0
Parkeringa	2	2	0	Parkeringen	0
Oslo-dialekta	2	2	0	Oslo-dialekten	0
Oppstillinga	2	2	0	Oppstillingen	0
Oppgava	2	2	0	Oppgaven	18
Musa	2	1	1	Musen	0
Mobilregninga	2	2	0	Mobilregningen	0
Maska	2	2	0	Masken	0
Marstida	2	2	0	Marstiden	0
Læretida	2	2	0	Læretiden	0
Læra	2	2	0	Læren	0
Lysløypa	2	2	0	Lysløypen	0
Litteraturlista	2	0	2	Litteraturlisten	1
Labradorgreia	2	0	2	Labradorgreien	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	treff
Kveldinga	2	2	0	Kveldingen	0
Kua	2	0	2	Kuen	0
Kontantstøtta	2	2	0	Kontantstøtten	2
Kokka	2	2	0	Kokken	1
Klynga	2	2	0	Klyngen	0
Klassa	2	2	0	Klassen	160
Høyresida	2	2	0	Høyresiden	0
Høyblokka	2	2	0	Høyblokken	0
Husleia	2	0	2	Husleien	0
Hjelpa	2	1	1	Hjelpen	2
Handa	2	1	1	Handen	0
Grisemøkka	2	0	2	Grisemøkken	0
Gressmatta	2	1	1	Gressmatten	0
Glassgreia	2	0	2	Glassgreien	0
Gjelda	2	0	2	Gjelden	0
Fylla	2	1	1	Fyllen	0
Frisørdama	2	2	0	Frisørdamen	1
Forestillinga	2	0	2	Forestillingen	3
Folkevogna	2	0	2	Folkevognen	0
Flyttinga	2	2	0	Flyttingen	0
Ferieuka	2	2	0	Ferieuken	1
Farmora	2	2	0	Farmoren	4
Bølla	2	1	1	Bøllen	0
Bygda	2	0	2	Bygden	1
Bukta	2	2	0	Bukten	1
Brygga	2	2	0	Bryggen	4
Bremsa	2	0	2	Bremsen	4
Bomba	2	2	0	Bomben	0
Barnekrybba	2	0	2	Barnekrybben	0
Banninga	2	2	0	Banningen	1
Badestranda	2	2	0	Badestranden	0
Nitida/ni-tida	2	1	1	Nitiden/ni-tiden	2
Øststranda	1	1	0	Øststranden	0
Ønskelista	1	1	0	Ønskelisten	0
Åttetida	1	0	1	Åttetiden	0
Åttebladsrosa	1	1	0	Åttebladsrosen	0
Årstida	1	1	0	Årstiden	0
Årslønna	1	0	1	Årslønningen	0
Årsinntekta	1	0	1	Årsinntekten	0
Åpningssida	1	1	0	åpningssiden	0
Yrkeslinja	1	1	0	Yrkeslinjen	0
Waikiki-dama	1	0	1	Waikiki-damen	0
Værmeldinga	1	0	1	Værmeldingen	0
Vurderinga	1	1	0	Vurderingen	1
Vitnelista	1	0	1	Vitnelisten	0
Vinninga	1	1	0	Vinningen	0
Vikingtida	1	1	0	Vikingtiden	1

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	treff
Vg-lista	1	0	1	Vg-listen	0
Verandakassa	1	1	0	Verandakassen	0
Ventelista	1	1	0	Ventelisten	0
Venstresida	1	0	1	Venstresiden	0
Venstrefila	1	1	0	Venstrefilen	0
Vedbua	1	1	0	Vedboden	0
Vaskedama	1	0	1	Vaskedamen	0
Vaskebøtta	1	0	1	Vaskebøtten	0
Vannpumpa	1	0	1	Vannpumpen	0
Valler-kåringa	1	0	1	Valler-kåringen	0
Vagla	1	1	0	Vaglen	0
Utviklinga	1	0	1	Utviklingen	7
Utflyttinga	1	1	0	Utflyttingen	0
Utdanninga	1	1	0	Utdanningen	1
Understellsbeh.	1	0	1	Understellsbeh.	0
Undersida	1	1	0	Undersiden	0
Tørrgrava	1	1	0	Tørrgraven	0
Tørkinga	1	1	0	Tørkingen	0
Tønna	1	0	1	Tønner	0
Tv-programlista	1	1	0	Tv-programlisten	0
Tutta	1	0	1	Tutten	0
Trikkeforsida	1	1	0	Trikkeforsiden	0
Totida	1	0	1	Totiden	0
Tolvtida	1	1	0	Tolvtiden	0
Tollbua	1	1	0	Tollboden	0
Toglinja	1	1	0	Toglinjen	0
To-tretida	1	0	1	To-tretiden	0
Tippinga	1	1	0	Tippingen	1
Tippegreia	1	1	0	Tippegreien	0
Tidsregninga	1	1	0	Tidsregningen	0
Tidsgreia	1	0	1	Tidsgreien	0
Ti-tida	1	0	1	Ti-tiden	0
Thurman-dama	1	0	1	Thurman-damen	0
Teorigreia	1	1	0	Teorigreien	0
Telja	1	1	0	Teljen	0
Telefonvakta	1	0	1	Telefonvakten	0
Teddybjørndrakta	1	0	1	Teddybjørndrakten	0
Tavla	1	1	0	Tavlen	0
Tanta	1	0	1	Tanten	3
Tanna	1	0	1	Tannen	2
Tankerekka	1	1	0	Tankerekken	0
Søkelista	1	1	0	Søkelisten	0
Søkefrista	1	1	0	Søkefristen	0
Syttisona	1	0	1	Syttisonen	0
Synonymordboka	1	1	0	Synonymordboken	0
Syngegreia	1	1	0	Syngegreien	0
Sveisinga	1	0	1	Sveisingen	2

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	treff
Studietida	1	1	0	Studietiden	3
Strømsveien-sida	1	1	0	Strømsveien-siden	0
Strømregninga	1	1	0	Strømregningen	0
Strekkbuksa	1	1	0	Strekkbuksen	0
Storesøstera	1	1	0	Storesøsteren	1
Sporvogna	1	0	1	Sporvognen	0
Sportsida	1	1	0	Sportsiden	0
Spinninga	1	1	0	Spinningen	0
South-park-greia	1	1	0	South-park-greia	0
Sosiolekta	1	1	0	Sosiolekten	0
Sorteringa	1	1	0	Sorteringen	0
Sommertida	1	1	0	Sommertiden	0
Snøfonna	1	1	0	Snøfonnen	0
Snuta	1	1	0	Snuten	1
Smia	1	0	1	Smien	0
Skalla	1	1	0	Skallen	1
Skåla	1	1	0	Skålen	0
Skyggesida	1	1	0	Skyggesiden	1
Skuta	1	0	1	Skuten	0
Skosåla	1	1	0	Skosålen	0
Skoggrensa	1	1	0	Skoggrensen	0
Skinndrakta	1	1	0	Skoggrensen	0
Skigåinga	1	1	0	Skigåingen	0
Sju-tida	1	1	0	Sju-tiden	0
Sidelinja	1	0	1	Sidelinjen	0
Setra	1	1	0	Seteren	4
Samtala	1	1	0	Samtalen	13
Sammenslåinga	1	1	0	Sammenslåingen	0
Sammensetninga	1	1	0	Sammensetningen	0
Samedrakta	1	1	0	Samedrakten	0
Røykinga	1	0	1	Røykingen	0
Rørgreia	1	1	0	Rørgreien	0
Råninga	1	1	0	Råningen	0
Rutetida	1	1	0	Rutetiden	0
Ruteordninga	1	1	0	Ruteordningen	0
Russelåta	1	0	1	Russelåten	0
Rundkjøringa	1	1	0	Rundkjøringen	0
Rompa	1	0	1	Rumpen/rompen	0
Reåpninga	1	1	0	Reåpningen	0
Rettighetssida	1	1	0	Rettighetssiden	0
Retninga	1	0	1	Retningen	7
Reisinga	1	1	0	Reisingen	0
Regjeringa	1	1	0	Regjeringen	0
Regelgreia	1	0	1	Regelgreien	0
Påskemessa	1	1	0	Påskemessen	0
Påska	1	1	0	Påskan	22
Påkledninga	1	1	0	Påkledningen	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Puta	1	1	0	Puten	1
Postkassa	1	1	0	Postkassen	2
Pornosjappa	1	1	0	Pornosjappen	0
Plattforma	1	0	1	Plattformen	0
Pipinga	1	0	1	Pipingen	0
Pipa	1	1	0	Pipen	0
Peisstua	1	0	1	Peisstuen/peisestuen	0
Pausa	1	1	0	Pausen	0
Passasjersida	1	0	1	Passasjersiden	0
Overkøya	1	1	0	Overkøyen	0
Ordninga	1	1	0	Ordningen	1
Oppsprekkinga	1	1	0	Oppsprekkingen	0
Opplæringa	1	1	0	Opplæringen	2
Obos-blokka	1	1	0	Obos-blokken	0
Nåtida	1	1	0	Nåtiden	0
Nytta	1	1	0	Nytten	0
Nabokjerringa	1	1	0	Nabokjerringen	0
Naturfagprøva	1	1	0	Naturfagprøven	0
Vernepliktsboka	1	0	1	Vernepliktsboken	0
Nabobygda	1	1	0	Nabobygden	0
Målergreia	1	0	1	Målergreien	0
Musikklinja	1	1	0	Musikklinjen	0
Morgensida	1	1	0	Morgensiden	0
Meldinga	1	1	0	Meldingen	1
Matskåla	1	0	1	Matskålen	0
Masta	1	1	0	Masten	0
Markagrensa	1	0	1	Markagrensa	0
Makta	1	1	0	Makten	0
Mai-uka	1	0	1	Mai-uken	0
Løypa	1	1	0	Løypen	0
Lørdagsvakta	1	1	0	Lørdagsvakten	0
Løpinga	1	1	0	Løpingen	0
Lønninga	1	1	0	Lønningen	2
Løkka	1	1	0	Løkken	0
Læretida	1	0	1	Læretiden	0
Lærerinna	1	1	0	Læreren	3
Lærergreia	1	0	1	Lærergreien	0
Lykta	1	1	0	Lykten	0
Luka	1	1	0	Luken	0
Lenka	1	1	0	Lenken	0
Leia	1	0	1	Leien	2
Landsbygda	1	1	0	Landsbygden	0
Labgreia	1	1	0	Labgreien	0
Kvitringa	1	1	0	Kvitringen	0
Kveldsøkta	1	1	0	Kveldsøkten	0
Kveldsvakta	1	1	0	Kveldsvakten	0
Kula	1	0	1	Kulen	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Krydderhylla	1	1	0	Krydderhyllen	0
Kortbølgesendinga	1	1	0	Kortbølgesendingen	0
Kors-uka	1	1	0	Kors-uken	0
Kontakta	1	1	0	Kontakten	0
Kondensatordrittgreia	1	0	1	Kondensatordrittgreien	0
Kokkelinja	1	1	0	Kokkelinjen	0
Kjønnsgreia	1	1	0	Kjønnsgreien	0
Kjøkkensida	1	1	0	Kjøkkensiden	0
Kjevlinga	1	0	1	Kjevlingen	0
Kjerka	1	1	0	Kjerken	0
Kjempeverktøykassa	1	0	1	Kjempeverktøykassen	0
Kff-tida	1	0	1	Kff-tiden	0
Kebabnorskgreia	1	1	0	Kebabnorskgreien	0
Kampen-sida	1	1	0	Kampen-siden	0
Kakebakinga	1	0	1	Kakebakingen	0
Innføringa	1	1	0	Innføringen	0
Ikt-messa	1	0	1	Ikt-messen	0
Idrettslinja	1	0	1	Idrettslinjen	0
Hovedsida	1	1	0	Hovedsiden	0
Holmestrand-dialekta	1	1	0	Holmestrand-dialekten	0
Hjulbua	1	0	1	Hjulboden	0
Hjembygda	1	1	0	Hjembygden	0
Historia	1	1	0	Historien	16
Heksegryta	1	0	1	Heksegryten	0
Halvskattgreia	1	1	0	Halvskattgreien	0
Gummilista	1	1	0	Gummilisten	0
Gullrekka	1	0	1	Gullrekken	0
Gropa	1	0	1	Gropen	0
Gressletta	1	1	0	Gressletten	0
Grana	1	1	0	Granen	0
Glattkjøringa	1	0	1	Glattkjøringen	0
Glassruta	1	0	1	Glassruten	0
Gjødslinga	1	0	1	Gjødslingen	0
Gjennomfarta	1	1	0	Gjennomfarten	0
Gassgreia	1	0	1	Gassgreien	0
Gardina	1	1	0	Gardinen	0
Ganga	1	1	0	Gangen	285
Gamla	1	0	1	Gamlen	0
Førstninga	1	1	0	Førstningen	1
Fyllinga	1	1	0	Fyllingen	0
Furusetsida	1	0	1	Furusetsiden	0
Frua	1	1	0	Fruen	0
Fronruta	1	1	0	Fronruten	0
Frigjøringa	1	0	1	Frigjøringen	1
Friends-greia	1	1	0	Friends-greien	0
Fotoforretninga	1	1	0	Fotoforretninga	0
Fotballdrakta	1	1	0	Fotballdrakten	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Fortida	1	0	1	Fortiden	1
Forsikringsdama	1	0	1	Forsikringsdamen	0
Forsikringa	1	0	1	Forsikringen	3
Forsida	1	1	0	Forsiden	2
Fordelinga	1	1	0	Fordelingen	0
Fontena	1	0	1	Fontenen	3
Folkesjela	1	0	1	Folkesjelen	0
Flata	1	1	0	Flaten	1
Flaska	1	1	0	Flasken	1
Firetida	1	0	1	Firetiden	1
Festinga	1	0	1	Festingen	1
Ferja	1	1	0	Ferjen	1
Ferietida	1	1	0	Ferietiden	0
Eu-godkjenninga	1	0	1	Eu-godkjenningen	0
Ettertida	1	1	0	Ettertiden	0
Erstatninga	1	1	0	Erstatningen	0
Eninga	1	1	0	Eningen	0
Engelskprøva	1	1	0	Engelskprøven	0
Elstad-boka	1	1	0	Elstad-boken	0
Elendigheta	1	1	0	Elendigheten	0
Dyna	1	1	0	Dynen	0
Dvd-samlinga	1	0	1	Dvd-samlingen	0
Dukka	1	1	0	Dukken	5
Drammens-dialekta	1	1	0	Drammens-dialekten	0
Dokumentargreia	1	1	0	Dokumentargreien	0
Dokkevogna	1	1	0	Dukkevognen	1
Dokka	1	0	1	Dokken	0
Delinga	1	0	1	Delingen	0
Cup-uka	1	1	0	Cup-uken	0
Csv-greia	1	0	1	Csv-greien	0
Campingvogna	1	1	0	Campingvognen	0
Bærum-sida	1	0	1	Bærum-siden	0
Brødskiva	1	1	0	Brødskiven	0
Brett-feelinga	1	1	0	Brett-feelingen	0
Bremsinga	1	1	0	Bremsingen	0
Bordplata	1	1	0	Bordplaten	0
Bomgreia	1	1	0	Bomgreien	0
Boligblokka	1	1	0	Boligblokken	0
Boksamlinga	1	1	0	Boksamlingen	0
Bobla	1	0	1	Boblen	0
Blomstergreia	1	0	1	Blomstergreien	0
Bjørka	1	1	0	Bjørken	0
Bite-greia	1	1	0	Bite-greien	0
Bensina	1	0	1	Bensinen	0
Bemanninga	1	1	0	Bemanningen	0
Barselgruppa	1	0	1	Barselgruppen	0
Barnegruppa	1	0	1	Barnegruppen	0

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff
Barbie-dokka	1	1	0	Barbie-dukken	0
Bamsemumspakka	1	0	1	Bamsemumspakken	0
Bakluka	1	0	1	Bakluken	0
Bakdøra	1	1	0	Bakdøren	0
Avføringa	1	1	0	Avføringen	0
Avdelinga	1	1	0	Avdelingen	8
Arbeidsstua	1	1	0	Arbeidsstuen	0
Anda	1	1	0	Anden	0

Vedlegg nr. 2, 69 mest frekvente orda på -a

Ordform	Treff	«Rest»	Vest	Ordform	Treff	«Rest»	Vest	Abstrakt/konkret	Trykklett -e
Tida	205	150	55	Tiden	315	139	176	abstrakt	nei
Klokka	129	84	45	Klokken	49	15	34	Konkret	ja
Uka	91	57	34	Uken	24	6	18	Abstrakt	Ja
Hytta	86	33	53	Hytten	2	0	2	Konkret	Ja
Greia	76	44	32	Greien	1	0	1	Abstrakt	Ja
Gata	69	55	14	Gaten	26	10	16	Konkret	Ja
Stua	54	36	18	Stuen	16	7	9	Konkret	Ja
Døra	47	30	17	Døren	13	6	7	konkret	Nei
Natta	45	27	18	Natten	22	1	21	abstrakt	Nei
Kona	45	28	17	Konen	0	0	0	Konkret	Ja
Boka	45	27	18	Boken	29	5	24	Konkret	Nei
Mora	42	28	14	Moren	119	48	71	Konkret	Nei
Helga	42	33	9	Helgen	61	14	47	Abstrakt	Nei
Katta	26	13	13	Katten	21	1	20	Konkret	Ja/nei *
Søstera	28	24	4	Søstere	35	11	24	Konkret	Nei
Jenta	28	20	8	Jenten	2	0	2	Konkret	Ja
Elva	28	11	17	Elven	6	0	6	Konkret	Nei
Stranda	26	18	8	Stranden	4	0	4	Konkret	Nei
Blokka	26	20	6	Blokken	3	2	1	Konkret	Nei
Sola	22	16	6	Solen	3	0	3	konkret	Nei
Jula	22	9	13	Julen	2	0	2	Abstrakt	Nei
Hånda	22	18	4	Hånden	4	1	3	Konkret	Nei
Dattera	22	20	2	Datteren	27	7	20	Konkret	Nei
Dama	21	12	9	Damen	6	3	3	Konkret	Ja
Pakka	21	12	9	Pakken	2	0	2	Abstrakt	Ja
Venninna	21	21	0	Venninnen	17	8	9	Konkret	Ja
Senga	20	13	7	Sengen	10	0	10	Konkret	Nei
Bikkja	20	6	14	Bikkjen	0	0	0	Konkret	Ja
Øya	18	14	4	Øyen	0	0	0	Konkret	nei

Ordform	Treff	«rest»	Vest	Ordform	Treff	«rest»	Vest	Abstrakt/konkret	Trykklett -e
Ræva	16	9	7	Ræven	0	0	0	Konkret	nei
Tomta	16	12	4	Tomten	4	0	4	Konkret	Nei
Rumpa	14	3	11	Rumpen	0	0	0	Konkret	Ja
Nesa	14	5	9	Nesen	2	0	2	Konkret	Ja
Grensa	14	9	5	Grensen	19	8	11	abstrakt	Ja
Trappa	13	9	4	Trappen	4	4	0	Konkret	Nei
Lista	13	5	8	Listen	6	2	4	konkret	Ja
Tanta	12	8	4	Tanten	3	0	3	Konkret	Ja
Ramma	12	8	4	Rammen	0	0	0	konkret	Ja
Fritida	12	11	1	Fritiden	17	10	7	Abstrakt	Nei
Ruta	11	4	7	Ruten	2	0	2	Konkret	Ja
Lufta	10	6	4	Luften	1	0	1	konkret	Nei
Meninga	10	8	2	Meningen	21	11	10	abstrakt	Nei
Kjerringa	9	5	4	Kjerringen	0	0	0	Konkret	nei
Gruppa	9	6	3	Gruppen	4	0	4	abstrakt	Ja
Lukta	8	3	5	Lukten	1	0	1	konkret	Nei
Lillesøstera	8	7	1	Lillesøsteren	7	1	6	Konkret	Nei
Dialekta	8	8	0	Dialekten	18	15	3	Abstrakt	Nei
Avisa	8	5	3	Avisen	29	12	17	Konkret	Nei
Utsida	7	3	4	Utsiden	5	3	2	Abstrakt	Ja
Skoletida	7	4	3	Skoletiden	2	0	2	Abstrakt	Nei
Russetida	7	0	7	Russetiden	16	0	16	Abstrakt	Nei
Nedsida	7	5	2	Nedsiden	3	0	3	Abstrakt	Ja
Lua	7	3	4	Luen	3	0	3	Konkret	Ja
Lomma	7	0	7	Lommen	0	0	0	Konkret	Ja
Buksa	7	1	6	Buksen	4	1	3	Konkret	Ja
Legevakta	7	5	2	Legevakten	3	0	3	Konkret	Nei
Kassa	7	7	0	Kassen	0	0	0	Konkret	ja
Ungdomstida	6	4	2	Ungdomstiden	6	3	3	Abstrakt	Nei
Vogna	6	6	0	Vognen	2	0	2	Konkret	Nei

Ordform	Treff	«Rest»	Vest	Ordform	Treff	«Rest»	Vest	Konkret/abstrakt	Trykklett -e
Prøva	6	5	0	Prøven	32	20	12	abstrakt	Ja
Kulda	6	1	5	Kulden	0	0	0	Konkret	Ja
Kjellerstua	6	2	4	Kjellerstuen	1	1	0	Konkret	Ja
Jorda	6	3	3	Jorden	9	3	6	Konkret	Nei
Jakka	6	6	0	Jakken	1	0	1	Konkret	Ja
Vakta	5	3	2	Vakten	3	0	3	Konkret	Nei
Potta	5	2	3	Potten	0	0	0	Konkret	Ja
Kantina	5	2	3	Kantinen	2	0	2	Konkret	Ja
Hylla	5	3	2	Hyllen	1	0	1	Konkret	ja
Totalt:	1695	1081	614		1055				

*Tatt med i den samla oversikta, men ordet er tatt ut av kategorien trykklett -e, fordi *katta* er bunden form av *katte*, mens *katten* er bunden form av *katt*.

